

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	18.06.2014
<b>Tid:</b>	10:00

### Møteplan

Kl. 10.00 – 12.00	Sakshandsaming
Kl. 12.00 – 12.30	Lunsj
Kl. 12.30 – 13.00	Fylkesrådmannen presenterer rekneskaps- og finansrapport hittil 2014
Kl. 13.00 -	Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Magne Fauskanger (FrP) har meldt forfall til dette møtet og Stig Høgholm (FrP) skal møte i staden. Til Dei andre varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 6.5.2014 ligg ikkje som vedlegg på sak om godkjenning. Den kan lastas ned i GoodReader, men kan også lesast her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalg/UtvalgmoeteDetail?Umoeteld=110>

Torill Veбенstad  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordførar  
Revisor

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 48/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 49/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 50/14	Fylkesrådmannen presenterer rekneskapsrapport hittil i 2014 inkludert finansrapport	2014/10498	
PS 51/14	Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar innan skulesektoren	2014/10499	
PS 52/14	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Fyldig status i arbeidet ved Deloitte	2014/10533	
PS 53/14	Forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10535	
PS 54/14	Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10536	
PS 55/14	Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/14567	
PS 56/14	Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/14570	
PS 57/14	Sekretariat for kontrollutvalet, arbeidsbyrde og oppdrag	2014/17501	
PS 58/14	Planlegging av møtet i kontrollutvalet 25. - 26.8.2014 - Status	2014/10492	
PS 59/14	Meldingar		
RS 33/14	Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS - Invitasjon til deltaking	2014/14567	
RS 34/14	Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Invitasjon til deltaking	2014/14567	
RS 35/14	Vedtak i sak "eventuelt" i KUV møtet på Stord 19.5.2014 - Invitasjon til å delta i selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS.	2014/14567	
RS 36/14	Skatt april 2014	2014/10507	
RS 37/14	Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Invitasjon til deltaking	2014/14570	
RS 38/14	Informasjon om spørreundersøkelse	2014/16971	
RS 39/14	Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 - Vedtak	2014/14585	
RS 40/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai	2014/1527	
RS 41/14	Nettilgang i fylkeshuset og Wigandgården	2014/14636	
RS 42/14	Meldingssak om medarbeidarundersøkinga	2014/1355	

RS 43/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mai 2014	2014/356
RS 44/14	Nytt Styrevervregister	2014/15942
RS 45/14	Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme	2014/16381
RS 46/14	Møteplan 2015 for fylkeskommunale organ	2014/15640
RS 47/14	Forvaltningsrevisjon av innkjøpsfunksjonen i Hordaland fylkeskommune	2014/16958
RS 48/14	Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i høve Business Region Bergen	2014/15863
RS 49/14	Handlingsplan Forvaltningsrevisjon Økonomistyring.	2014/860
PS 60/14	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500
PS 61/14	Eventuelt	

PS 48/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 49/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte



Arkivnr: 2014/10498-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	50/14	18.06.2014

## Fylkesrådmannen presenterer rekneskapsrapport hittil i 2014 inkludert finansrapport

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 29.10.12:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte i utvalet for å presenterer **tertialrapportar** for rekneskap og finans etter kvart som dei ligg føre.»

### Drøfting:

Det er bede om at fylkesrådmannen kjem i møte i kontrollutvalet 18.6.14 for å presenterer tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2014. Begge rapportane ligg ved. Det er også bede om at presentasjonen inneheld resultatet ved utgangen av mai månad så langt det ligg føre.

### Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2014



Arkivnr: 2014/13022-4  
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Tertialrapport pr. 30. april 2014 - rekneskapsprognose

### Samandrag

Tertialrapporten etter 1. tertial viser eit meirforbruk på 20 mill. kr. Det er innanfor samferdsel og opplæring det ligg an til meirforbruk, medan det for rentekapitlet ser ut til å gå mot ei mindre innsparing. Med tanke på at totalbudsjettet er vel 7 300 mill. kr er dette avviket lite.

Fylkesrådmannen har likevel merka seg at det så langt er litt lågare inntekter i kollektivtransporten enn det som var budsjettet. Grunnen er i stor grad at det er større overgang frå kjøp av einskildbilletter til periodekort og kjøp av billetter med mobiltelefon.

Fylkesrådmannen foreslår ikkje å setja i verk tiltak på driftssida i samband med denne rapporten, men vil vurdere situasjonen etter 2. tertial ved utgangen av august.

På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen forslag om nokre endringar innanfor opplæringssektoren og for fylkesvegane.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		326 200 000
10 300 420 00	06201 00	07602	Bompengar	153 100 000	
10 300 420 00	08100 00	07602	Overf. frå staten	12 500 000	
10 300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre	13 000 000	
10 621 020 00	02301 00	06030	Bergen Katedralskole		15 000 000
10 642 020 00	02301 00	06032	Bergen tekn.fagskole		15 000 000
10 659 020 00	02301 00	06028	Nye Voss vgs.	55 000 000	
10 773 200 00	06701 00	07318	Sal av eigedomar		50 000 000
10 773 200 00	05480 00	07318	Avsetjing til kapitalfond	50 000 000	
10 790 100 00	09100 00	09977	Bruk av lån	68 900 000	
10 790 110 00	07290 00	09977	Momskompensasjon	53 700 000	
				406 200 000	406 200 000

Johnny Ernst Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 12.05.2014

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial:

	Rekesk. pr. apr.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon og fellesfunksjonar	34 937	84 000	41,6 %
Årstad videregående skole	42 417	110 000	38,6 %
Amalie Skram videregående skole	68 296	175 000	39,0 %
Nye Voss vidaregåande skule	17 273	55 000	31,4 %
Andre prosjekt opplæring	27 837	230 900	12,1 %
Tannhelsetenesta	1 749	30 000	5,8 %
Regional utvikling	0	1 000	0,0 %
Fylkeskommunal næringsverksemd	774	6 000	12,9 %
Fylkesvegar	385 014	2 105 990	18,3 %
Bybanen	426 462	1 604 000	26,6 %
Andre prosjekt samferdsel	12 812	54 500	23,5 %
Kultur	1 564	3 000	52,1 %
	<b>1 019 135</b>	<b>4 459 390</b>	<b>22,9 %</b>

Tabellen viser at berre 22,9% av årsbudsjettet for investeringar er brukt i løpet av 1. tertial. Prognosen tilseier at forbruket vil ta seg opp i 2. og spesielt 3. tertial, men fylkesrådmannen tilrår allereie no å setje ned budsjettet for fylkesvegane.

## Fellesfunksjonar

### Profilering av eigedomar

Løyvinga i 2014 på 10 mill. kr er ei vidareføring av tilsvarande løyving i 2013. Prosjektet pågår for fullt, men ein ser at arbeidet tek noko lengre tid enn føreset, mellom anna som følgje av at det ofte er tale om søknadsplykt.

### IT - fellessystem

Løyvinga er på 25 mill. kr og prognosen er å halda seg innanfor denne ramma. Fleire innkjøpsprosjekt er starta opp, men vil ikkje generere direkte utgifter før 2. halvår 2014.

## Opplæring

### Rehabilitering/ombygg/mindre tilb. i skulesektoren

Denne posten omfattar ulike prosjekt knytt til ombygging/tilbygg i skulesektoren, samt inneklimateiltak, enøk tiltak, universell utforming med meir. Pr. utgangen av april er om lag halvparten av budsjettet på 120 mill. kr fordelt. Dei største løyvingane gjeld universell utforming med 25 mill. kr og inneklimateiltak ved Bergen Maritime vgs. med 10 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at samla forbruk i 2014 vert om lag som budsjettet.

### Amalie Skram videregående skole - nybygg

Framdrifta er i samsvar med planane og skulen vil vera klar til bruk til skulestart til hausten. Prognosane tyder på eit forbruk i 2014 om lag i samsvar med budsjettet. Noko uvisse er det likevel knytt til kontraktsavsluttingar, og i kva grad sluttoppgjer vil kome i år eller neste år.



Årstad vgs. – Tilbygg / rehabilitering

Hovudmåla for inneverande år er:

- Ferdigstille nytt mellombygg mellom bygg A og B inkl. ny hovudinngang for skulen.
- Etablere verkstadlokale i 1 etg. som inneheld ny maskinverkstad, sveiseverkstad, verkstad VG2 og verkstad for tilrettelagt opplæring.
- Bygge om 5 etg. høgblokka til elektrofag og TIP
- Bygge om 4 etg. høgblokka til elektrofag og personale samt ombygging 4 etg. fløybygget for tilrettelagt opplæring.
- Ombygging til nytt fylkesarkiv i bygg B
- Planlegge/prosjektere for ombygging/renovering av bygg A, med planlagt oppstart av bygging i 2015.

Framdrifta av byggearbeida er om lag som planlagt. Det er under utarbeiding ein justert plan der framdrift, økonomi og skuledrift skal samordnast. Fylkesrådmannen kjem attende til dette prosjektet etter 2. tertial.

Nye Voss vgs

Prosjektet er no inne i ein samspelprosess mellom totalentreprenør og fylkeskommunen for utvikling av forprosjekt. Forprosjektet vert lagt fram i eiga sak til handsaming i fylkestinget i juni med forslag om oppstart av byggearbeida i august. I tillegg skjer det førebuaende arbeid i gardstunet med omlegging av teknisk infrastruktur og bygging av mellombels skule. For å halda framdrifta og aktiviteten oppe rår fylkesrådmannen til at løyvingane til prosjektet vert forsert og at budsjettet for inneverande år vert auka med 55 mill. kr slik at samla løyving for 2014 vert 110 mill. kr.

Nye Voss Gymnas

Prosjekteringsarbeidet pågår og fylkesrådmannen legg til grunn at byggearbeida vil starte opp mot slutten av året. Ein vil og få kostnader knytt til m.a. tilkomstveg. I 2014 er det budsjettet med 10 mill. kr til dette prosjektet. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell budsjettjustering i rapporten etter 2. tertial.

Nye Åsane videregående skole

Framdrifta for dette prosjektet er i samsvar med budsjettet for inneverande år.

Bergens Handelsgymnas - Rehabilitering.

Framdrifta for dette prosjektet er i samsvar med budsjettet for inneverande år.

Bergen katedralskole - Tilbygg

Framdriftsplan er noko justert i høve til det som låg til grunn ved utarbeiding av budsjettet for 2014. Truleg vil ein få ei innsparing på om lag 15 mill. kr i 2014. Arbeidet som er gjort med forprosjektet tyder likevel på at samla kostnader med eit tilbygg vil bli høgare enn lagt til grunn i inneverande års budsjett/økonomiplan. Det er naturleg å kome attende til dette i samband med godkjenning av forprosjekt/rullering av budsjett/økonomiplan.

Bergen Tekniske fagskole - Oppgradering Haugeveien

I gjeldande budsjett/økonomiplan er det løyvt 25 mill. kr i 2014 og sett av 25 mill. kr i 2015. Prosjektet er i oppstartfasen og fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga i 2014 med 15 mill. kr. Samla kostnad for prosjektet vil fylkesrådmannen koma attende til.

Hjeltnes vgs. - Drivhus planteskule

Prosjektet er planfasen og endeleg omfang/utforming av prosjektet er såleis ikkje klart. Målet er å kunna starta byggearbeida i løpet av 2014. Ei slik framdrift gjer at store delar av kostnaden med prosjektet vil koma i 2015 og fylkesrådmannen vil koma attende til dette i tertialrapporten etter 2. tertial.

## Tannhelse

Det er så langt i år investert for om lag 1,5 mill. kr. Dette er i hovudsak kostnader knytt til prosjekta ved tannklinikane på Årstad og Sørås i Bergen. Prosessane for å få på plass leigeavtale for ny klinikk for Tannlegevakta og for ny klinikk på Askøy har teke lengre tid enn venta og fullføringa av prosjekta vil difor og bli skjøve noko ut i tid. Samla ventar ein difor eit mindreforbruk i 2014, men behovet i 2015 vil auke tilsvarande. Fylkesrådmannen vil kom attende til investeringsbudsjettet for tannhelse.

## Sal av eigedomar

Av større sal har fylkeskommunen så langt i år fullført salet av Valen og Handeland gard, Bustadblokk Voss og Brynaskogen 25 og 27 på Voss. Vidare er sala av Voss Husflidskule og Rogne vgs. i ein slutfase, med overtaking av kjøper i midten mai og desember. Fylkesrådmannen rår difor til at budsjettposten for inntekter frå eigedomssal vert auka med 50 mill. kr.

## Samferdsel

### Billetteringssystemet

Løyvinga i 2014 er på 8 mill. kr. Halvparten av budsjettsummen gjeld avtale om sluttoppgjør med selskapet Atron – som har levert billetteringssytemet. Resten av løyvinga går til fornying av billetteringsutstyr og fornyingstakten vert tilpassa budsjettet.

### Ruteinformasjonssystem

Løyvinga i budsjettet for 2014 er på 25 mill. kr. Summen gjeld sanntidsinformasjonssystemet og digital informasjon. Prosjektet er under avslutning og det er ikkje avvik å melda.

### Automatisk passasjerteljing

I budsjettet for 2014 er det sett av 5 mill. kr til dette prosjektet. Prosjektet er i rute og det er ikkje noko avvik å melda.

### Trafikantinformatjonssystem

Løyvinga er på 6,5 mill. kr i 2014. Prosjektet er enno i startfasen.

### Biogasshybridbussar.

Løyving på 10 mill. kr i budsjettet for 2014. Prosjektet er i full gong og bussar vert levert til hausten.

### Bybanevogner – nye vogner og forlenging.

For 2014 er det løyvt 74 mill. kr til kjøp av bybanevogner. Kontrakten med leverandøren Stadler går sin gong, og det er ikkje meldt om avvik frå betalingsplanen i 2014.

## Bybanen

Byggjetrinn 2: Budsjettet er på 25 mill. i 2014. Revidert prognose frå Bybanen utbygging er på 20 mill. kr, men fylkesrådmannen kjem attende til behov for budsjettjustering etter 2. tertial.

Byggjetrinn 3: Prognosen til Bybanen utbygging i 2014 ligg under vedteke budsjett for 2014, men totalprognosen for byggjetrinn 3 er som tidlegare på 3.603 (2013-kr). Fylkesrådmannen vil kome attende til behov for budsjettjustering etter 2. tertial når prognosen for kostnadar i 2014 er sikrere.

## Fylkesveggar

Fylkesrådmannen har ved fleire høve omtala omlegginga av budsjetteringsmåten for investeringar. Omlegginga medfører at også investeringsbudsjettet er eittårig med målsetjing at dei budsjetterte midlane skal nyttast det året løyvinga er budsjettert. I rapporten etter 2. tertial i 2013 nemnde fylkesrådmannen at ein i stor grad er komen i god gjenge med den nye budsjetteringspraksisen, men at det innanfor vegsektoren var trong for administrative fullmakter på grunn av den store prosjektmengda. Fylkestinget

godkjende i samsvar med dette fullmakt til fylkesrådmannen å omdisponera budsjettmidlar innanfor dei ulike programområda og til å fordela budsjettposten for rebudsjettering.

Fylkesrådmannen meiner framleis at budsjetteringsomlegginga i stor grad har gått seg til og at fullmakta til fylkesrådmannen har gjort gjennomføringa smidigare og mindre rigid. Fylkesrådmannen vurderer å foreslå å gje fylkesutvalet fullmakt til å gjera budsjettendring for dei strekningsvise prosjekta og mellom dei ulike programområda. T.d. er dette ordninga i Rogaland fylkeskommune og fylkesrådmannen vil koma attende til dette.

Nedanfor er det gjennomgang av dei ulike strekningsvise prosjekta i og utanfor Bergen kommune med ein omtale av programområda til slutt.

#### Bergensprogrammet – strekningsvise prosjekt

##### Ringveg vest, byggjetrinn 1 (Bergen kommune)

Regionvegsjefen foreslår å omdisponera innsparinga på Ringveg vest, byggjetrinn 1 på 37,4 mill. kr til delfinansiering av arbeidet med Sandslikrysset. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har tilrådd dette. Det vil verta utarbeidd ein eigen avtale om denne omdisponeringa.

##### Ringveg vest, byggjetrinn 2 (Bergen kommune)

Prosjektet skal etter planen opnast for trafikk hausten 2015. Ein utfører no særleg elektroarbeid. Regionvegsjefen opplyser at framdrifta er i samsvar med gjeldande planar.

##### Åsamyrvegen (Bergen kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på omlag 18 mill. kr. Prosjektet er i hovudsak finansiert med eksterne midlar i samsvar med rekkefølgekrav til private næringsutbyggjarar i Åsane. Statens Vegvesen er byggherre på vegne av Hordaland fylkeskommune. Tidspunkt for oppstart har vore seinare enn planlagt grunna manglande grunnverv. Prosjektet er venta ferdig sommaren 2015. Fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga tilsvarande prognosen.

#### Strekningvise prosjekt utanom Bergen

##### Fv 107 Jondalstunnelen (Jondal kommune/Kvinnherad kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på om lag 3 mill. kr. Prosjektet har løyving på 5 mill. kr i 2014.

##### Fv 567 Hauge – Lonevåg (Osterøy kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på prosjektet i 2014 med om lag 1,5 mill. kr. Løyvinga i 2014 er 3,4 mill. kr. Det står att noko restarbeid, opparbeiding av tippområde og grunnverv.

##### Fv 310 Bordalsvegen (Voss kommune)

Prosjektet har ei løyving på 6,4 mill. kr i 2014. Voss kommune er byggherre for dette prosjektet og fylkeskommunen yter tilskot til utbetningsarbeidet på fylkesvegen. Anbudet for den delen som gjeld fylkesvegutbetringa er noko høgare enn det tilskotet som til no er budsjettet. Voss kommune har varsla at dei må kutte i prosjektet som følgje av dette. Sidan dette er tiltak på fylkesvegen som fylkeskommunen – etter Regionvegsjefen si vurdering – må gjennomføra seinare likevel, foreslår fylkesrådmannen å auka tilskotet til Voss kommune med 2 mill. kr til 8,4 mill. kr. Arbeidet kan startast opp før sommaren.

##### Fv 57 Konglevoll (Lindås kommune)

Prosjektet har ei løyving på 6 mill. kr i 2014. Prosjektet er venta ferdig i juni 2014. Det har vore mindre tilleggsarbeid enn rekna med og dermed er det venta eit mindreforbruk på 2 mill. kr for prosjektet og fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet tilsvarande.

##### Fv 567 Hosanger sentrum (Osterøy kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på 19,5 mill. kr i 2014. Prosjektet er forseinka grunna kompliserte geotekniske undersøkingar i prosjekteringsarbeidet. Planlagt utlysning er april/mai 2014. Forventa oppstart

vert truleg i september. Tilskot frå næringslivet på Osterøy på 1 mill. kr skal nyttast i år. Fylkesrådmannen foreslår å setja ned løyvinga med 19,5 mill. kr i 2014.

#### Hauglandspakken Fv 6 Sveio – Buavåg (Sveio kommune)

Det har kome inn ei anke på reguleringsplanen som gjer at framdrifta ikkje er som planlagd. Det er difor venta eit mindreforbruk på prosjektet med 9,6 mill. kr i 2014 og fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga i 2014 med denne summen. Byggeplan vert utarbeida parallelt med reguleringsplan. Ein reknar med at ein kjem i gang fysisk med prosjektet til hausten.

#### Fv 209 Storskaret- Arefjordpollen (Fjell kommune)

#### Fv 158 Grindavoll-Lepsøy (Os kommune)

I fylkestingssaka om budsjettendring i mars 2014 skreiv fylkesrådmannen m.a. slik om desse prosjekta: « I tertialrapporten etter 1. tertial, til fylkestinget i juni, vil fylkesrådmannen koma nærare attende til desse prosjekta med budsjettjustering for kvart prosjekt. Då vil ein ha betre oversyn over kor mykje prosjekteringsmidlar det vil vera trong for i 2014. Regionvegsjefen vil då også ha oversyn over trongen for midlar i 2015 og seinare år til desse prosjekta.»

#### *Storskaret - Arefjordpollen*

Det er starta prosjekteringsarbeid av denne strekninga etter at fylkestinget i sak 62/13 vedtok økonomiplanen i desember 2013. Prognosen for 2014 er knytt til prosjektering og grunnerverv.

Prosjektering vert ferdig i oktober/november i år. Då vil ein kunne gjere eit betre kostnadsoverslag over tiltaket. Truleg vil ein kunne starta anleggsarbeidet tidleg våren 2015. Ferdigstilling kan skje tidleg sommar 2016. Eit førebels forslag til budsjett i 2015 er 85 mill. kr og dei resterande midlane i 2016. Ei sikrere kostnadsfordeling for 2015 og 2016, må ein kome tilbake etter at prosjekteringa er ferdig.

#### *Grindavoll – Lepsøy*

I 2013 vart reguleringsplan for strekninga Grindavoll – Blindasundet vedtatt. Ein starta med prosjektering av denne strekninga etter fylkestinget i sak 62/13 vedtok økonomiplanen i desember 2013. For resten av strekninga frå Blindasundet – Lepsøy må ein friske opp ein gamal reguleringsplan og prosjekteringsarbeidet for denne strekninga vert truleg også starta i år.

I Regional transportplan for Hordaland 2013-2024 er ikkje utbetring av strekninga kostnadsrekna. Det var førebels stipulert ein kostnad på 56 mill. kr. Regional transportplan legg opp til at ein kan bygge ut strekninga stegvis. Regionvegsjefen ser på noverande tidspunkt for seg at delstrekningar der det er flest bustadar og mjuke trafikkantar bør byggast først. Ein startar med prosjektering på Lepsøy når reguleringsplan er oppfriska. Truleg vil ein ha eit kostnadsoverslag på heile strekninga til hausten, og på fleire delstrekningar.

Første steg kan truleg lysast ut og startast tidleg i 2015. Ut frå budsjettvedtak i Fylkestinget på til saman 66 mill. kr, er det vanskeleg å seie kva behovet for 2015 og 2016 er på noverande tidspunkt. Regionvegsjefen legg til grunn at ramma må aukast dersom heile strekninga skal byggast ut.

For 2014 fører fylkesrådmannen opp 7,6 mill. kr til prosjektet Storskaret – Arefjordpollen og 5,4 mill. kr til prosjektet Grindavoll – Lepsøy.

#### Fv 49 Uggdal – Uggdalseidet (Tysnes kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på 4 mill. kr. Prosjektet har fått seinare framdrift enn planlagd, som følgje av naudsynte planjusteringar. Grunnforhandlingar vart og forseinka og vart fyrst ferdig i desember 2013. Kontrakt med entreprenør er inngått og det er venta at prosjektet startar opp med det første. Fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga i 2014 med 4 mill. kr.

Fv 562 Rundkjøring Florvåg (Askøy kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på 8,5 mill. kr i 2014. Prosjektet fekk løyvd midlar i marstinget. Det er venta at prosjektet vert ferdig ved årsskiftet, men at sluttkostnadene kjem først i 2015. Budsjettet vert foreslått sett ned med 8,5 mill. kr.

Fv 7/fv 49 Kvammapakken (Kvam herad)

Totalt har prosjektet løyving på 100 mill. kr i 2014. Det er eit venta mindreforbruk på 35 mill. kr.

Det er inngått kontrakt for ein del av Lingaparsellen og arbeidet kjem i gang i år.

Deler av mindreforbruket kjem av at ein kjem noko seinare i gang med prosjektet Skipadalen – Norheimsund enn føreset. Reguleringsplanen for Skipadalen – Norheimsund er godkjent. Prosjektet kjem seinare i gang som følgje av at grunnverv tek lengre tid enn planlagt. På delen nærast Norheimsund er det svært mange grunneigarar. Ein vurderer å dele parsellen i to delstrekningar for å kome i gang på strekninga der det er færrast grunneigarar.

Noko av mindreforbruket kjem og av at planarbeidet på Kvamskogen tek lengre tid enn forventa grunna geotekniske undersøkingar. Ein forventar å kunne starte opp på Kvamskogen i haust.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet for Kvammapakken med 35 mill. kr i 2014.

Fv 48 – Tyssetunellen (Samnanger kommune)

I budsjettet for 2014 har fylkesrådmannen ei oppstilling som viser kostnadsprognose på 580,6 mill. kr i løpande prisar til og med ferdigstilling i 2015. I tillegg står det følgjande: «Fylkesrådmannen vil koma attende til dette prosjektet til fylkestinget i tertialrapporten etter 1. tertial 2014. Ein vil då ha sikrere haldepunkt om totalkostnadene samanlikna med fylkestinget sitt vedtak i mars 2012.»

I denne tertialrapporten anslår ein at totalkostnadene er nærare 610 mill. kr. I fylkestingssak nr. 10/12: Tunnel bak Tysse, godkjenning av oppstart vart det vedtatt ei ramme på 430 mill. kr i 2011-kr. Usikkerheit var sett til +/- 30 % for gang- og sykkelvegen langs Frølandsvatnet og +/- 10 % i kostnadsoverslaget for resten av prosjektet.

Økonomisk ramme 430 mill. kr i 2011-kr					
	2011	2012	2013*)	2014	2015 **)
Øk ramme - oppjustert med SSB sin prisindeks for veganlegg og auke i MVA	430000	435076	472547	262504	18030
Forbruk år for år	6774	42661	216195	245000	99370
Diff ramme og forbruk år for år	423226	392415	256352	17504	-81340
<b>Total kostnadsauke på prosjektet</b>					<b>81340</b>

\*) i 2013 auka meirverdiavgift med 15,9 %

\*\*) Føreset at prisauke vert 3 %

Denne oppstillinga viser at dette prosjektet kjem ut med ei overskriding på 81,3 mill. kr i løpande prisar.

Det var i fylkestingsaka – sak10/12 – understreka at det var knytt uvisse til kostnadsoverslaget på 430 mill. kr 2011-kr. I ettertid må fylkesrådmannen konstatere at kostnadene vert enda høgare. Utrekningar viser at kostnadene vert om lag 18 mill. kr høgare enn overslaget tillagt uvisseoverslaget.

For 2014 er det budsjettert med 230 mill. kr til Tyssetunellen. Prognosen frå Regionvegsjefen er no 245 mill. kr. Det er knytt uvisse også til dette talet – og til totalprognosen – ettersom ein no er i forhandlingar med entreprenøren om tilleggskrav. Ein veit meir om resultat av forhandlingane over sommaren og fylkesrådmannen kjem difor attende til dette prosjektet i rapporten etter 2. tertial. Det vert lagt til grunn ferdigstilling og opning av prosjektet i juni/juli 2015.

Fv 545 Stord vestsida (Fitjar kommune/Stord kommune):

I 2013 vart det er føreteke eit nytt kostnadsoverslag på prosjekta og sendt søknad for utviding av innkrevjingstida av bompengar til behandling i kommunane og fylkeskommunen. Søknaden om utvida bompengeperiode vert handsama i eiga sak på fylkestinget i juni. På strekninga Rimbareid -Vik vert det

gjennomført planarbeid i 2014. Sagvåg bru er det prosjektet som det er anleggsdrift på i 2014. Ein kjem ikkje i gang så tidleg som tenkt på grunn av at grunnavklaringar har teke lengre tid enn føreset. Truleg vert prosjektet lyst ut før sommaren. Det er venta eit mindreforbruk på 12,8 mill. kr på prosjektet og budsjettet vert foreslått redusert tilsvarende.

#### Fv 122 Venjanaset – Strandvik (Fusa kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på 5 mill. kr i 2014. Årsaka er at reguleringsplan vart godkjent seinare enn føresett. Forventa totalkostnadar er uforandra. Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet for 2014 med 5 mill. kr.

#### Askøypakken (Askøy kommune)

I fylkestingssaka om budsjettendring i mars 2014 skreiv fylkesrådmannen m.a. slik om Askøypakken: «I tertialrapporten etter 1. tertial til fylkestinget i juni, vil fylkesrådmannen koma attende til Askøypakken med gjennomgang av framdrifta for prosjekta i pakken.»

Askøypakken held på å etablere seg, samstundes med at ein starter prosjektering av dei to delprosjekta Fv 212 Slettebrekka og Fv 563 Strømsnes. Delprosjektet Fv 563 Bakarvågen er framleis under bygging. Det er inngått avtale med leverandør for teknisk utstyr av bomstasjonane, og arbeidet går som planlagt med mål om oppstart av bominnkrevjing i veke 40.

Revidert prognose for 2014:

Delprosjekt	Kostnad 2014
Prosjektadministrasjon	11,0 mill. kr
Fv. 212 Slettebrekka	20,6 mill. kr
Fv. 563 Strømsnes	20,9 mill. kr
Askøybomstasjoner	12,5 mill. kr
Fv. 563 Bakarvågen	15,0 mill. kr
Askøypakken justert prognose	80,0 mill. kr

Prognosen i 2014 er justert ned for året til 80 mill. kr, mot prognose i januar 2014 på 102,5 mill. Dette skuldast fleire forhold. Kostandene ved oppføring av bomstasjonane vert lågare enn først rekna med og delprosjekta har kome noko seinare i gang.

Det er no i gang arbeid med å kvalitetssikra kostnadsoverslaga for dei enkelte delprosjekta. Til hausten vil ein óg ein ha betre oversikt over reguleringsplanane i pakken.

Status i reguleringsplanarbeidet er no:

- Fv. 562 Juvik – Ravnanger: Eit endeleg forslag til reguleringsplan for parsellen vert levert frå Vegvesenet til kommunen innan sommaren.
- Fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden: Askøy kommunen utarbeider reguleringsplan i samarbeid med Vegvesenet. Det er venta vedtak til hausten.
- Fv. 562 Fauskanger sør: Reguleringsplanen er vedtatt i 2001. Vi vurderer no om vi må friske opp planen og få den behandla på ny.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet for Askøypakken med 22,5 mill. kr i samsvar med prognosen ovanfor.

#### Fv 541/fv 542 Bømløpakken (Bømlo kommune)

Det er venta eit mindreforbruk på 97,8 mill. kr i 2014. Forventa mindreforbruk heng saman med forseinking i samband med reguleringsplaner på Stokkabekken-Siggjarvåg, Hestaneset-Tjong og Røyksund bru med veg. Ein reknar med oppstart av prosjekta før årsskiftet med unntak av Røyksund bru. Oppstart av Røyksund bru er avhengig av at reguleringsplan blir godkjent. Dette gjer at forbruket vert langt lågare enn det som var rekna med når budsjettet vart utforma.

Nærare omtale av dei einskilde prosjekta i Bømlopakken

- Fv 541 Stokkabekken - Rubbestadneset: Det står att arbeid med grøntanlegg, asfalt og merking.
- Fv 542 Hollundsaldalen – Stokkabekken: Prosjektet er ferdig og det står att nokre restkostander.
- Fv 541 Rubbestadneset – Miljøgate: I 2013 vart arbeid i Bedehusvegen starta opp seinare enn planlagt. Arbeidet er no godt i gang.
- Fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg: Dette prosjektet, pluss prosjekt "Toplanskryss Stokkabekken" er slått saman og er ein totalentreprise. Første del av rundkjøring (del av toplanskryss) er under utføring og blir ferdigstilt ilag med prosjekt fv 541 Stokkabekken - Rubbestadneset. Prosjektet går som planlagt og det er venta utlysning av entreprise før sommarferien 2014.
- Fv14 Stavland-Bjødledalen: Prosjektet har hatt offisiell opning i des-13. Det står att noko sluttarbeid blant anna arbeid med grøntareal og slitelag. Sluttoppgjeret er litt forseinka. Prosjektet er venta ferdig før sommarferien 2014.
- Fv542 Røyksund-Eikeland: Prosjektet går som planlagt, og er venta ferdig sommaren 2014.
- Fv541 Tjong-Løvegapet: Reguleringsplan er ferdig og sendt over til kommunen. Ein reknar med godkjenning av planen før årsslutt.
- Fv 541 Hestaneset – Tjong: Prosjektet er ca. 2 månader forseinka grunna omprosjektering (reduert vegbredde). Prosjektet er klar til utlysning.
- Fv18 Klubbo – Bømlø: Framdrifta er som planlagt. Prosjektet er lyst ut. Oppstart av prosjektet er venta etter sommarferien 2014.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet for Bømlopakken med 97,8 mill. kr i samsvar med prognosen frå Regionvegsjefen.

#### Programområde

Fylkesrådmannen har som nemnt fullmakt til å gjera budsjettendringar for prosjekt innanfor dei ulike programområda. I ei eiga administrativ sak vil fylkesrådmannen vedta slike budsjettendringar. I Bergensprogrammet gjeld det ei rekkje prosjekt innanfor programområda Gang- og sykkeltiltak, Trafikksikringstiltak og Kollektivtiltak. Utanom Bergen gjeld budsjettendringane innanfor programområda Miljøtiltak og Mindre utbetringar.

#### Standardhevingstiltak

Det er løyvd totalt 76,3 mill. kr til standardhevingstiltak. Til opprusting av fv 134 Frøland – Kvittingen er det inngått avtale med BKK om at selskapet yter tilskot på 10 mill. kr til arbeidet fordelt med 5 mill. kr kvart av åra 2014 og 2015. Fylkesrådmannen budsjetterer etter dette med 5 mill. kr i tilskot frå BKK og vil koma attende til resten av tilskotet frå BKK i budsjettet for 2015.

#### Rassikring av fylkesvegar

##### Fv 7 Lussandberget (Granvin herad)

Det er venta eit mindreforbruk på 31,5 mill. kr for prosjektet i 2014. Prosjektet er lyst ut og det er kome inn to tilbod. Til fylkestinget i juni er det lagt fram eiga sak med forslag om oppstart av prosjektet. Dersom prosjektet vert vedteke starta opp, reknar ein med å bruka om lag 37 mill. kr i 2014 (budsjett er i dag 68,7 mill. kr). Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet tilsvarande prognosen.

##### Fv 7 Haukanseberget (Granvin herad)

Dette prosjektet starta opp hausten 2013 og det er ikkje rekna med nokre endringar i høve til budsjettet i år.

FV 7 Tokagjelet (Kvam herad)

Fylkesrådmannen viser til eiga sak om oppstart av arbeidet i Lussandberget. I saka er det forslag om å nytta noko av dei innsparde midlane i Lussandberget i år til opprustingsarbeid etter raset i Tokagjelet. Regionvegssjefen opplyser at det vil vera behov for 15 mill. kr til oppsetting av portalen for Snauhaugtunnelen. Fylkesrådmannen følgjer opp dette og foreslår å setja av 15 mill. kr til arbeid i Tokagjelet.

Budsjettendringane innanfor fylkesvegar kan oppsummerast slik:

	mill.kr.
Åsamyrvegen	-18,0
Fv 310 Bordalsvegen	2,0
Fv 57 Konglevoll	-2,0
Fv 567 Hosanger sentrum	-19,5
Haugalandspakken	-9,6
Fv 209 Storskaret-Arefjord og Grindavoll - Lepsøy	-77,0
Fv 49 Uggdal-Uggdalseid	-4,0
Fv 562 Rundkøyning Askøy	-8,5
Fv 7/Fv 49 Kvammapakken	-35,0
Fv 545 Stord Vestside	-12,8
Fv 122 Venjaneset - Strandvik	-5,0
Askøypakken	-22,5
Bømlopakken	-97,8
Fv 7 Lussandberget	-31,5
Fv 7 Tokagjelet	15,0
<u>Sum endringar</u>	<u>-326,2</u>



## Drift

Fylkesrådmannen vil minne om at frå og med 2014 skal momskompensasjon for investeringar ikkje lenger førast i driftsrekneskapen. Dette fører til at netto driftsresultat vert mindre enn tidlegare år. I rekneskapen for 2013 var netto resultatgrad heile 6,6%, mens det i 2014 er budsjettert med 0,9% netto resultatgrad.

## Politiske organ og administrasjon

Pr. 30. april hadde ein brukt 37,7% av årsbudsjettet. Dette er innanfor det som vert rekna som normalt. For ein del tilskotsordningar og kontingentar blir størstedelen av årssummen betalt ut tidleg på året.

### Diverse utleigeobjekt

Denne posten omfattar mellom anna utleige av skuletomt i Åsane, Ibsensgt. 118, deler av parkeringsinntektene ved Bergen Maritime vgs, inntekter knytt til deponi av masser/uttak av stein på Stend og utleige knytt til fylkeskommunal eigedom på Meland. Bustadblokka på Voss er seldt, men blir ikkje overtatt av ny eigar før ved nyttår. Fylkesrådmannen reknar med å få noko høgare inntekter enn budsjettert knytt til Stend og Åsane, og ei samla meirinntekt på om lag 0,5 mill. kr.

### Kommunikasjonsarbeid

Fylkeskommunen har styrka kommunikasjonsarbeidet gjennom intern overføring av stillingar: Ny kommunikasjonsdirektør byrja 1. desember 2013, ein rådgivar vart overført frå stab 1. februar og to nye rådgivarar byrjar 1. mai.

### Leiaropplæring

Nytt opplegg for leiaropplæring er starta opp våren 2014. Denne opplæringa gjeld leiarar som byrja i fylkeskommunen etter 1.1.2012 og har fem dagsamlingar. Eit nytt kull vil starte opp hausten 2014, og det er planlagt eit kurs kvart halvår frametter.

Hausten 2014 startar leiarutviklingsprogram for leiarar med meir enn fem års fartstid i fylkeskommunen.

### Medarbeidarundersøking

I mars 2014 har den første store medarbeidarundersøkinga i fylkeskommunen vore gjennomført. Tema i undersøkinga er mellom anna arbeidsmiljø, motivasjon og leiging. Kostnadene til undersøkinga, og oppfølging av denne i form av kurs og ev. tilleggstenester, er stipulert til kr 300 000.

## Fellesfunksjonar / lønsavsetjing

Det er ikkje oppnådd semje i lønsoppgjeret for kommunesektoren. Oppgjeret går no til mekling. I budsjettet er det lagt til grunn ein lønsvekst på 3,5%. Inntil vidare legg fylkesrådmannen til grunn at lønsavsetjinga vil halde.

## Opplæring

### Status Opplæringsavdelinga

For Opplæringsavdelinga og aktivitetar administrert av avdelinga er justert resultat pr. april eit overskot på om lag 3 mill. kr. Årsprognosen for 2014 for dette budsjettområdet Opplæringsavdelinga er også overskot; eit resultat i storleiken 5 millionar.

Kostnadane knytt til årsverka og drifta på sjølve Opplæringsavdelinga er innanfor budsjett. I hovudsak er dette grunna i ei lågare bemanning enn det som er budsjettert; blant anna grunna etterslepp når det gjeld tilsetjingar i ledige stillingar. Det resterande avdelingsbudsjettet har eit forbruk, blant anna på innkjøp, som samsvarer med det som er planlagt. Årsprognosen er eit mindreforbruk på 1-2 mill. kr.

For dei fleste andre større aktivitetane underlagt Opplæringsavdelinga er det pr. fyrste tertial positive budsjettavvik. Under er det kort gjort greie for økonomisk status pr. fyrste tertial på dei viktigaste av desse områda.

#### Status Dei vidaregåande skulane

For skulane er justert resultat pr. april om lag 4 mill. kr i underskot. Dersom ein samanliknar med 2013 er skulane inne i ein god trend. I tillegg er det langt betre totalt samsvar mellom rekneskap og budsjett, og det er færre større budsjettavvik. Dette har også samband med at budsjetteringa av skulane er noko lagt om. Tidligare har lønsida til skulane gjerne hatt store negative budsjettavvik, medan driftssida til skulane har hatt tilsvarende store overskot.

Årsprognosen for 2014 for dei vidaregåande skulane vert etter fyrste tertial vurdert til eit underskot i storleiken 5-10 mill. kr. Dersom skulane tilpassar seg dei nye reglane for fondsavsetjing, så kan samla underskot verta større.

Under er tabell som summerer opp den økonomiske stoda for alle skulane pr. fyrste tertial. Denne er basert på rapporteringa som skulane har sendt inn pr. fyrste kvartal og rekneskapstal i Økofocus. 41 % av skulane hadde eit overskot totalt sett i rekneskapen pr. fyrste tertial 2014. 31 % av skulane hadde ein skuleøkonomi i balanse. 28 % av skulane hadde eit negativt rekneskapsresultat pr. april.

	Totalt
Overskot	41 %
Underskot	28 %
Balanse	31 %

Samla sett er skuleresultata og den økonomiske stoda bra.

#### Skulefonda og nye retningslinjer

Sak om fondsreglar har vore opp til politisk handsaming i opplærings- og helseutvalet og i fylkesutvalet. Dette medfører ei endring i økonomiforvaltninga i skulesektoren. Vedtaket går på at skulane si avsetjing til frie disponible fond vert avgrensa noko. Reglane som vert innført ved årsoppgjeret for 2014 tilseier at skulane ikkje kan ha større fondsavsetjing enn 5 % av skulen sitt netto driftsbudsjett. Eksempelvis 5 mill. kr dersom skulen har eit netto årsbudsjett på 100 mill. kr. Ein unntaksregel kan brukast for skular som grunna små driftsbudsjett kjem dårleg ut ved bruk av denne hovudregelen. Unntaksregelen seier at ein skule kan ha 0,75 % av totalt årsbudsjett for alle skulane – i 2013 tilsa dette 1,7 mill. kr.

#### Søknaden til vidaregåande skule

Førebels er det usikkert om eventuelle endringar i søknadstala til vidaregåande skule for skuleåret 2014/2015 vil gje økonomiske utslag. Dette må vurderast igjen til hausten når sjølve inntaket av elevar er unnagjort. Då vil det også vera klart kor mange utan rett til vidaregåande opplæring som vert tekne inn som elevar ved skulane våre. Desse er ikkje med i elevtalsprognosane i Hordaland. I tillegg er det eit spørsmålsteikn kor mange tilbod med marginal søknad som vert sett i gang. Slike tilbod treng ofte ekstrafinansiering utover det gjeldane budsjettmodell gjev av ressursar.

#### Spesialundervisning

Frå og med budsjettåret 2014 er midlar til spesialundervisning ved våre eigne skular lagt ut i dei opphavlege skulebudsjetta. Dersom det vert endringar mellom skulane når det gjeld trong for ressursar på dette området, vert det ei omfordeling av ressursar mellom skulane etter elevteljinga. Utanom dette har Opplæringsavdelinga ein pott på 5 mill. som pr. fyrste tertial er tilnærma ubrukt. Denne er tiltenkt særskilte resursbehov eller nye tiltak hausten 2014. Omlegginga i budsjetteringa av dette området har resultert i færre søknadar om ressursar frå skulane.

Talet på elevar som treng spesialundervisning og tilrettelagt opplæring i ordinære klassar ser ut til å auka også i 2014, men så langt pr. fyrste tertial er det ikkje eit meirforbruk i høve til budsjett; det gjeld for Opplæringsavdelinga, skulane og den eksterne spesialundervisninga.

#### Fagskulen

Det er god budsjettkontroll på midlane som vert tildelt dei ulike fagskulane. Det er venta at skulane med fagskuletilbod også i 2014 vil halde seg innanfor budsjetttramma, og ha få negative budsjettavvik. I tillegg til fylkeskommunale budsjettmidlar har ein på dette området disponibelt ein del statsmidlar; både forventa tildelingar i 2014 og ubrukne midlar overført frå 2013.

Fagskulestyret har i november 2013 vedteke å setja i gang tredje kull innan maskinteknikk og automasjon/elkraft ved Bergen tekniske fagskole, studiestad Stord. Fylkeskommunen sin del av kostnadene for dette fagskuletilbodet er 2,7 mill. kr fordelt over åra 2014 og 2015. Fylkesrådmannen legg til grunn at kostnaden i 2014 vert dekkja innan opplæringsbudsjettet og vil koma attende til det som gjeld 2015 i budsjettet.

#### Fagprøvar

Rekneskapen for fagprøvar har i fleire år synt eit positivt budsjettavvik. Det er no større trykk og aktivitet på dette området, og det er ikkje lenger venta eit monaleg ubrukt budsjett i 2014.

#### Lærlingtilskot

Det er for tidleg å gje konkrete prognosar for lærlingtilskotet. Budsjettet for 2014 vart auka i tråd med nyteikningane av lærekontraktar, og auken i lærlingtilskotet i 2013. Dei fyrste signala i høve til utbetaling av læretilskot i 2014 gjev inntrykk av at budsjetttramma er tilstrekkeleg, og at ein moglegvis får ein mindre auke i talet på lærlingane enn det som er lagt til grunn i budsjettet. Dette vil verta klårare i løpet av mai. Men førebels er det forventa balanse eller eit mindre overskot på dette området.

#### Gjesteelevar

Førebels er det eit stort overskot på kontoen for gjesteelevsoppgjer. Dette er grunna i ulik periodisering mellom budsjett og kostnadane som enno ikkje er påløpt. Det er for tidleg å seia noko om forbruket for 2014 på dette området, men førebels er det ikkje forventa større budsjettavvik.

#### Vaksenopplæring

Til vaksenopplæring vart det fordelt meir budsjettmidlar i 2014 enn tidligare år. Ved nærare gjennomgang syner det seg at kursa som skulane gjennomfører i fleire år har hatt god finansiering. Midlane er alt delt ut i dei opphavlege skulebudsjetta, og det er kanskje rom for trekke ned noko på tildelingane til skulane. Dette vil i så fall gje eit overskot på dette området ved årets slutt.

#### Manger folkehøgskule

Skulen har god kontroll på økonomien og ei balansert drift pr. fyrste tertial av 2014. Det er venta at skulen ved årsslutt har balanse eller eit mindre negativt budsjettavvik.

#### OT/PPT

OT/PPT, er som nemnt i tidligare rapportar, no vorte del av økonomien og resultatet i Opplæringsavdelinga. Det som heng igjen er at OT/PPT pr. 31.12.2013 hadde 4,3 millionar i frie fondsmidlar. Dette skal brukast på ulike tiltak og prosjekt i løpet av 2014.

#### Oppsummert status og førebels årsprognose opplæringssektoren

Når ein summerer opp resultatata og prognosane for dei vidaregåande skulane, Opplæringsavdelinga og dei andre områda innanfor opplæringssektoren, så er sektoren i balanse etter fyrste tertial. Prognose pt for 2014 tilseier balanse eller eit mindre underskot – opp mot 5 mill. kr. Usikkerheitsmoment som i størst grad vil spela inn i høve til om prognosen slår til er elevtalsutvikling, tal på lærekontraktar og korleis skulane tilpassar seg innføringa av grenser for disponible fond.

## Tannhelsetenesta

Rekneskapsprognosen for 2014 viser eit totalt overforbruk på årsbasis berekna til 1,7 mill. kr. Fylkestannlegen vil følgja tannhelsetenesta si økonomiske utvikling nøye i tida framover, men vurderer at regnskapstala pr 30. april 2014 ikkje gir grunnlag for å setta i verk spesielle tiltak no.

Totale inntekter er i dei fleste tannhelsedistrikta betre enn budsjettet.

Tannhelsetenesta kompetansesenter Tk-Vest avd. Hordaland er nå i tilnærma full drift med 40 tilsette. Delar av utgiftene knytt til TK-Vest avd. Hordaland skal dekkast av helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Det er sendt søknad til HOD om desse budsjettmidlane i 2014:

- Til drift av Tk-Vest inkl midlar til forskning – 9,0 mill. kr
- Til drift av senter for odontofobi – 4,7 mill. kr
- Lønsmidlar til to tannlegar som er tek 3-årig spesialistutdanning i barnetannpleie – 0,7 mill. kr

Svar på søknadene vil truleg liggja føre i løpet av juni 2014.

### Driftstal 1. tertial 2014.

Det totale talet på prioriterte pasientar for tannhelsetenesta har auka med 3000 frå 2013 til 2014. Dette skuldast folkeauken i fylket. Per 1. tertial hadde tannhelsetenesta behandla 1000 fleire pasientar i 2014 enn i 2013, men den prosentvise andelen er om lag den same i dei to åra (2013: 27,6%/2014:27,7%). Talet på ferdigbehandla pasientar varierer noko frå distrikt til distrikt, men med unntak av Aust tannhelsedistrikt har alle tannhelsedistrikta behandla fleire pasientar i 2014 enn på same tidsrom i 2013.

Fylkestannlegen si vurdering er at pasientbehandlinga er godt i samsvar med årsplanen. Variasjonane mellom dei ulike tannhelsedistrikta har organisasjons- og bemanningsmessige årsaker.

### Tannklinikkar.

Følgjande tannklinikkar er lagt ned i løpet av første tertial 2014:

- Austrheim tannklinikk
- Sandviken tannklinikk
- Kalfaret tannklinikk

Årstad tannklinikk er utvida frå 7 til 14 behandlingsrom. Årstad tannklinikk er med dette den største klinikken i tannhelsetenesta. På denne tannklinikken er det og eit samarbeid med Universitetet i Bergen ved at alle tannlege- og tannpleiarstudentar hospiterer og på den måten får innsyn og røynsle i tannbehandling av eldre og sjuke pasientar som er innlagde på institusjon.

Studentsamskipnaden i Bergen har og eit tilbod på Årstad tannklinikk om tannhelseteneste til studentar.

### Søking til ledige stillingar.

Det er god søknad til ledige tannlege-, tannpleiar- og tannhelsesekretærstillingar. Til ledige tannlegestillingar er det ofte om lag 25 søkjarar. Mange av søkjarane er utlendingar som ønskjer å arbeide i Noreg, eller norske ungdommar som har teke tannlegeutdanning i utlandet. Tannlegar med slik bakgrunn har lisens som tannlege, men ikkje autorisasjon. Ved ei ev tilsetning må dei difor arbeide under rettleiing av tannlege med autorisasjon i eitt år.

## Regional utvikling

Så langt fylkesrådmannen kan sjå i dag vil Regionalavdelinga halde seg innanfor budsjetttramma for 2014.

Samla sett har Regionalavdelinga eit mindreforbruk i forhold til budsjett hittil i år. Hovudårsaka til dette er at utbetaling av tilskot skjer etter at dokumentasjon frå mottakarar er kome inn, til dels seinare på året og til dels seinare år. Dette er vanleg for avdelinga frå år til år og i høve budsjettprognosen.

## Fylkeskommunal næringsverksemd/konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettert med ei netto inntekt frå sal av konsesjonskraft på 72 mill. kr i 2014. Prognosen er at ein vil ende opp nokså nær denne summen. 85% av volumet i 2014 er sikra gjennom finansielle priskontraktar.

### Samferdsel

#### Transportordninga for funksjonshemma.

Forbruket ligg så langt innanfor budsjettet. I 2013 var det eit overforbruk på 1,5 mill. kr i forhold til budsjettet. Det er ikkje gjort tiltak for å redusera forbruket i 2014. Her kan såleis koma eit mindre overforbruk i løpet av året.

#### Strategi og handlingsplan

Forbruk så langt i 2014 er 1,0 mill. kr av budsjettet på 4,6 mill. kr. Posten vert m.a. nytta til konsulenthjelp, og så langt har det vore lite utgifter til dette. Det er og midlar til innfartsparkering, og kostnadane her vil auka utover året.

#### Skuleskyss grunnskule

Budsjettet er på 41,06 mill. kr. Det er så langt nytta 16,4 mill. kr. I 2013 var forbruket 45,4 mill. kr. det ser ikkje ut til at forbruket vert mindre i 2014 enn i 2015, så det går mot eit overforbruk på denne posten i 2014. Særskyssen i Bergen og kringliggjande kommunar er ute på anbod, og nye avtalar skal gjerast gjeldande frå skuleåret 2014/2015. Deler av det gjeldande anbodet hadde gunstige prisar. Det er grunn til å tru at prisane vil auka i dei nye avtalane. Dette vil også påverka totalforbruket i 2014. Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til dette i rapporten etter 2. tertial.

#### Vidaregåande skuleskyss

Det er budsjettert med 71,5 mill. kr på denne posten. Det er så langt forbrukt 22,4 mill. kr. Dette ligg innafor budsjettet, men det er for tidleg å seia noko om kva ein endar opp med når året er ute. Også vidaregåande skuleskyss vil bli påverka av nye anbodsprisar, men i mindre grad enn grunnskuleskyss. Dersom prisen i dei nye anboda aukar med 10%, kan overforbruket på skuleskyss samla bli på om lag 5,0 mill. kr.

For å halda kostnadene nede vert det kontinuerleg arbeidd med samordning av elevar, og dette arbeidet held fram i budsjettåret.

#### SKYSS - kostnader

##### Administrasjon

Budsjett pr. april er på 15,2 mill. kr og forbruk er 16,2 mill. kr. Bakgrunnen for at forbruket er større enn budsjettet gjeld innleie av konsulentar i samband organisering av skuleskyss. Det er venta at ein greier å hente inn dette og ein ser ikkje føre seg avvik utover i driftsåret.

##### Generell drift

Budsjett pr. april er på 27,4 mill. kr. Forbruk så langt er på 20,3 mill. kr. Underforbruket på 7,1 mill. kr skuldast manglande faktura på serviceavtalar og at den lineære kostnadsperiodiseringa ikkje samsvarar med reelle utbetalingar.

##### Ferjedrift

Budsjett på 107,2 mill. kr mot forbrukt 100,3 mill. kr per april - mindreforbruk på 6,8 mill. kr. Grunnen til dette er ei svakare kostnadsutvikling enn føresettt ved utarbeiding av budsjettet. Så langt reknar ein med å ha god kontroll på ferjebudsjettet.

Bilruiter

Budsjett på 422,5 mill. kr og forbruk på 428,8 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet vil vera tilstrekkeleg for å dekkja drifta resten av året. I den interne periodiseringa av budsjettet er det lagt opp til ei viss auke i forbruket i andre halvår.

Båtruter

Budsjett på 55,4 mill. kr og forbruk på 55,9 mill. kr - meirforbruk på 0,5 mill. kr. Meirforbruket skuldast avrekning av drivstoffkompensasjonen for 2013. Den underliggjande drifta er i balanse og det vert lagt til grunn at drifta vil gå i balanse året sett under eitt.

Bybanen

Budsjett på 49,6 mill. og forbruk 44,8 mill. kr. Mindre forbruk enn budsjett, men ein legg til grunn at dette vil jamna seg ut i løpet av driftsåret.

Oppsummering kostnader

Kostnadane totalt for Skyss syner eit forbruk på 666,3 mill. kr og eit budsjett på 677,5 mill. kr. Det er såleis godt samsvar mellom drift og budsjett på kostnadssida. Det er ingen kjente faktorar som tilseier at denne situasjonen vil endra seg utover i driftsåret. Fylkesrådmannen er nøgd med at det er god kostnadskontroll innanfor dette området.

SKYSS - inntekter

Budsjett pr. april er på 294,1 mill. kr og det er så langt inntektsført 278,7 mill. kr, ei mindreinntekt på 15,4 mill. kr. Den endelege inntekta for april er ikkje klar før rekneskapen er avslutta, men ein vil ikkje nå budsjettet på inntektssida. Dette skuldast fleire forhold. Det er nedgang i talet på selde einskildbilletter på 2,2 % i høve 2013, samstundes som det er auke i sal av periodeprodukt på 7,5 %. Då det er langt lågare gjennomsnittsinntekt på periodeprodukt enn på einskildbilletter, medfører dette reduserte inntekter. Denne overgangen frå enkeltbillett til periodeprodukt er langt kraftigare enn det som var lagt til grunn i budsjettet for 2014.

I tillegg til denne endringa i produktkjøp viser utviklinga i 1. tertial og:

- Ingen større overgang frå bruk av privatbil som flg. av nye bompengetakstar
- Redusert skinneeffekt ved byggetrinn 2 i forhold til byggetrinn 1

Ut frå resultatet i 1. tertial kan inntektssvikten pga. ovannemnde forhold bli på inntil 20 mill. kr i 2014. Skulle overgangen frå enkeltbillett til periodeprodukt bli forsterka utover året, vil dette påverka inntektsprognosen i ytterlegare. Fylkesrådmannen vil kome attende til ei nærare vurdering av prognose for billettinntekter i 2. tertialrapport.

FYLKESVEGAR - vedlikehaldDrift

Samla på drift er det løyvd 359,3 mill.kr i 2014. Det er venta eit lite meirforbruk på knapt 0,3 mill.kr. Dette er knytt opp mot faste kontraktar.

Drift regulert gjennom faste kontraktar

Til disposisjon på denne posten er det 288,8 mill. kr i 2014. Her er det venta eit lite meirforbruk på 0,281 mill. kr som er knytt opp mot blant anna erstatningssaker og drift av venterom. Det er for tidleg å seia korleis kostnadane har vore i høve til vinterdrifta.

Drift øvrig

Til disposisjon på denne posten er det 70,5 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten.

Vedlikehald

Samla på vedlikehald er det løyvd 101,6 mill.kr. Det er venta eit meirforbruk på 1,3 mill. kr i 2014. Dette er under posten «vedlikehald øvrig».

## Vegoppmerking

Til disposisjon på denne posten er det 13 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten.

## Bru vedlikehald

Til disposisjon på denne posten er det 26 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten.

## Dekkelegging

Til disposisjon på denne posten er det 49,8 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten.

## Vedlikehald – øvrig

Til disposisjon på denne posten er det 12,75 mill. kr. Det er venta eit meirforbruk på 0,525 mill. kr. Det er lagt til grunn 1 mill. kr i meirforbruk på tiltak som vert gjennomført gjennom driftskontrakt 1206 Voss, medan det er mindreforbruk på 0,5 mill. kr på tiltak gjennom driftskontrakt 1105 Indre Ryfylke (dvs Etne kommune)

**Kultur og idrett**

Så langt fylkesrådmannen kan sjå i dag, vil Kultur- og idrettsavdelinga samla kunne styre mot balanse.

Positive og negative avvik i kostnads- og inntektsstraumane har si naturlege forklaring i at periodiseringa av større tilskotsutbetalingar (kostnader) og inntekter ikkje fell saman i tid. Dette jamnar seg ut gjennom året, og avdelinga følgjer fortløpande utviklinga gjennom året.

Avdelinga gjennomførte i april 2014 ei større flytting/rokkering av tilsette for å samla tilsette i eigen seksjon. Dette har generert ein del behov for byggemessige endringar og innkjøp av kontorutstyr og gjer at avdelinga i 2014 får investeringsutgifter som må takast over det ordinære budsjettet. Etter gjennomføring av Handlefridom I og II, er budsjettet for administrasjon redusert (kontor/innkjøp), så her vert det stramt.

**Skatt og rammetilskot**

Skatteinngangen i 2013 vart 82 mill. kr over det som var budsjettet. Fylkesrådmannen kan ikkje forskottere at skatteinngangen vert høgare enn det som er budsjettet i 2014. Skatteinngangen ved utgangen av februar 2014 låg nokre mill. kr under budsjett. Pr. utgangen av mars er skatteinngangen tilnærma prognosen/budsjett. I fjor på same tidspunkt var skatteinngangen omlag 20 mill. kr over prognosen.

**Renter og avdrag**

Fylkeskommunen oppnådde svært gunstige vilkår for lån som vart refinansierte eller hadde renteregulering i mars. Om det ikkje skjer større endringar i rentemarknaden resten av året, går det mot ei innsparing i netto renteutgifter i høve til budsjettet. Ei innsparing i storleiksorden 5 mill. kr bør vere realistisk.

## Oppsummering

Prognosen for dei ulike områda kan oppsummerast slik:

	mill. kr
Politiske organ og adm.	0
Fellesfunksjonar (lønsavsetjing)	0
Opplæring	-5
Tannhelse	0
Regional utvikling	0
Fylkeskom. næringsverksemd	0
Samferdsel	-20
Kultur	0
Skatt og rammetilskot	0
Renter og avdrag	+5
Interne finansieringstransaskj	0
<b>TOTAL</b>	<b>-20</b>

Tertialrapporten etter 1. tertial viser eit meirforbruk på 20 mill. kr. Tabellen viser at det er innanfor samferdsel og opplæring det ligg an til meirforbruk, medan det for rentekapitlet ser ut til å gå mot ei mindre innsparing. Med tanke på at totalbudsjettet er vel 7 300 mill. kr er dette avviket lite.

Fylkesrådmannen foreslår ikkje å setja i verk tiltak på driftssida i samband med denne rapporten, men vil vurdere situasjonen etter 2. tertial ved utgangen av august.

### Vurdering av risiko etter 1. tertial

I rekneskapsrapport pr. februar 2014 hadde ikkje fylkesrådmannen opplysningar om at det går mot store budsjettoverskridingar. Status har ikkje endra seg vesentleg sidan sist, men innanfor nokre område vil fylkesrådmannen følgje utviklinga nøye. Dette gjeld:

#### Samferdsel

- Tendensen til meir kjøp av periodekort og kjøp via mobil har halde fram og det kan isolert sett føre til omlag 20 mill. kr mindre billettinntekter i 2014 enn det som er budsjettet. Blir tendensen ytterlegare forsterka ut året kan avviket bli noko større.
- På utgiftssida er det totalt sett godt samsvar mellom driftsbudsjett og rekneskap pr. 1. tertial, men det er ein viss risiko knytt til følgjande postar:
  - o Utgifter til skuleskyss
  - o Samla restkostnad for innføring av setebelteordninga på buss
  - o Kompensasjon for tapte inntekter ved innføring av nasjonalt ferjekort
  - o Auka arbeidsgjevaravgift i distrikta

På nokre postar, til dømes under ferjedrift, er det eit mindreforbruk i forhold til budsjett. Avvik totalt sett er derfor små innanfor samferdsel.

#### Opplæring

Det knyter seg ein viss risiko til elevtalsutvikling til hausten, tal på lærekontraktar og korleis skulane tilpassar seg ny ordning for grenser for disposisjonsfond. Ut frå dei opplysningane fylkesrådmannen har i dag er prognosen at opplæringssektoren ser ut til å gå mot balanse eller eit lite underskot på opp mot 5 mill. kr.



Risikovurdering for andre store inntekts- og utgiftspostar:

- Pr. 1. tertial ligg fylkeskommunen omlag på prognosen når det gjeld skatteinntekter. Fylkesrådmannen kan ikkje forskottere at skatteinngangen vert høgare enn det som er budsjettert i 2014, men i rapporten etter 2. tertial ved utgangen av august, vil ein ha sikrere haldpunkt.
- Utviklinga i netto renteutgifter er positiv til no i år og ei innsparing på omlag 5 mill. kr bør være realistisk.
- For konsesjonskraft er prognosen at ein vil ende opp på det som er budsjettert.
- Lønsoppgjeret for kommunesektoren er ikkje avklart og det er for tidleg på året til å ha ei sikker prognose for pensjonsutgifter. Inntil vidare legg fylkesrådmannen til grunn at avsetjinga som er budsjettert vil halda.

Tabell som viser status pr. 1 tertial etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen kr)

	Rekneskap apr. 2014	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Prognose budsj.avvik	Rekneskap apr. 2013
<b>Politiske organ og adm.</b>					
Kostnader:	114 260	292 778	39,0 %		110 611
Inntekter:	-8 971	-13 143	68,3 %		-10 773
<b>Netto</b>	<b>105 289</b>	<b>279 635</b>	<b>37,7 %</b>	<b>0</b>	<b>99 838</b>
<b>Fellesfunksjonar</b>					
Kostnader:	8 374	135 323	6,2 %		8 887
Inntekter:	-19 456	-25 900	75,1 %		-1 727
<b>Netto</b>	<b>-11 082</b>	<b>109 423</b>	<b>-10,1 %</b>	<b>0</b>	<b>7 160</b>
<b>Opplæring</b>					
Kostnader:	1 031 877	3 102 955	33,3 %		1 001 726
Inntekter:	-132 327	-390 085	33,9 %		-157 288
<b>Netto</b>	<b>899 550</b>	<b>2 712 870</b>	<b>33,2 %</b>	<b>-5 000</b>	<b>844 438</b>
<b>Tannhelse</b>					
Kostnader:	104 229	275 857	37,8 %		105 580
Inntekter:	-30 648	-91 683	33,4 %		-29 117
<b>Netto</b>	<b>73 581</b>	<b>184 174</b>	<b>40,0 %</b>	<b>0</b>	<b>76 463</b>
<b>Regional utvikling</b>					
Kostnader:	50 384	268 283	18,8 %		84 039
Inntekter:	-48 108	-179 028	26,9 %		-55 769
<b>Netto</b>	<b>2 276</b>	<b>89 255</b>	<b>2,5 %</b>	<b>0</b>	<b>28 270</b>
<b>Fylkeskom. næringsverksemd</b>					
Kostnader:	16 000	50 000	32,0 %		17 440
Inntekter:	-40 949	-144 450	28,3 %		-57 791
<b>Netto</b>	<b>-24 949</b>	<b>-94 450</b>	<b>26,4 %</b>	<b>0</b>	<b>-40 351</b>
<b>Samferdsel</b>					
Kostnader:	842 060	2 719 885	31,0 %		805 679
Inntekter:	-315 822	-1 006 132	31,4 %		-314 535
<b>Netto</b>	<b>526 238</b>	<b>1 713 753</b>	<b>30,7 %</b>	<b>-20 000</b>	<b>491 144</b>
<b>Kultur</b>					
Kostnader:	100 952	302 869	33,3 %		106 229
Inntekter:	-40 129	-138 501	29,0 %		-31 164
<b>Netto</b>	<b>60 823</b>	<b>164 368</b>	<b>37,0 %</b>	<b>0</b>	<b>75 065</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>					
Inntekter:	-2 005 134	-5 710 250	35,1 %		-1 917 693
<b>Netto</b>	<b>-2 005 134</b>	<b>-5 710 250</b>	<b>35,1 %</b>	<b>0</b>	<b>-1 917 693</b>
<b>Renter og avdrag</b>					
Kostnader:	58 673	536 900	10,9 %		46 815
Inntekter:	-24 935	-59 550	41,9 %		-4 965
<b>Netto</b>	<b>33 738</b>	<b>477 350</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5 000</b>	<b>41 850</b>
<b>Interne finansieringstransaskj</b>					
Kostnader:		73 900	0,0 %		
<b>Netto</b>		<b>73 900</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0</b>	
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-339 670</b>	<b>28</b>		<b>-20 000</b>	<b>-293 816</b>





Arkivnr: 2014/927-2  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

**Finansrapport 1. tertial 2014**

**Samandrag**

Fylkeskommunen si lånegjeld held fram med å auka, og har no passert 7,6 mrd. kr. Nær 60% av lånegjelda har fast rente. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på 3-4 års sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

I 2014 ser det ut til å gå mot ei innsparing i netto renteutgifter i storleiksorden 5 mill. kr.

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

Johnny Ernst Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 09.05.2014****Hendingar i 1. tertial**

- Det er teke opp eit nytt obligasjonslån på 400 mill. kr med fast rente i 5 år (2,75%)
- To lån i Kommunalbanken på 91 mill. kr og 94 mill. kr er refinansierte og erstatta med sertifikatlån.
- Det er avtalt ny periode for ein rentebyteavtale som går ut i februar 2015. Ny fast rente i 6 år blir 2,76 %. (I perioden 2012-2015 har renta vore 3,01 %.)


Det er også teke opp lån på 175 mill. kr til bompengeprojektet Stordalstunnelen (E134 Åkrafjordvegen). Restlånet på 10 mill. kr frå utbygginga av Rullestadjuvet er innfridd.

**Lånegjeld**

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprojekt
Lånesaldo 1. januar	7 237 735	46 000
Nye låneopptak i 2014	400 000	175 000
Avdrag	890	10 000
Lånesaldo 30. april	7 636 845	211 000

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 208 000	28,9 %
Obligasjonslån	4	1 585 000	20,8 %
Kommunalbanken	13	3 831 391	50,2 %
DNB	1	12 454	0,2 %
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>7 636 845</b>	<b>100,0 %</b>




(Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken berre opptre som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.)

Kommunalbanken er framleis største långjevar for fylkeskommunen med 50,2 % av låna. Men Kommunalbanken sin del av låna er på veg ned, medan sertifikatlån og obligasjonslån aukar. Lån i Kommunalbanken er redusert med vel 450 mill. kr i løpet av eit år.

### Gjeldsgrad

Diagrammet nedanfor syner netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene for eit utval av fylkeskommunar. Dei førebelse kostra-tala for 2013 viser at Sør-Trøndelag låg høgast med 90,6 %. Hordaland var nummer to 83,6 %. I gjennomsnitt for fylkeskommunane utgjorde netto lånegjeld 54,1 % av driftsinntektene.



### Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2013			30. apr. 2014		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med fast rente	4 156 000	57,4 %	3,42 %	4 556 000	59,7 %	3,36 %
Lån med flytande rente	3 081 735	42,6 %	2,32 %	3 080 845	40,3 %	2,21 %
<b>Totale lån</b>	<b>7 237 735</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,95 %</b>	<b>7 636 845</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,90 %</b>

Ved utgangen av april hadde 59,7 % av låneporteføljen fast rente.

Pr. dags dato har fylkeskommunen 3 lån i Kommunalbanken og eit obligasjonslån med fast rente. I tillegg har ein 10 rentebytteavtalar, der ein betaler fast rente og mottar flytande rente. På denne måten sikrar ein renta på lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,90 %. Dette er 0,05 % lågare enn ved årsskiftet.

### Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr 30. april er bindingstida 2,24 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 38,2 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2014. For to av låna der bindingstida går ut i 2015, har ein alt gjort avtale om ny rentebinding. Ein veit dermed at rentesatsen vil gå noko ned for desse låna.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2014	2 919 845	11	38,2 %
2015	1 131 000	3	14,8 %
2016	680 000	2	8,9 %
2017	725 000	2	9,5 %
2018	555 000	2	7,3 %
2019	951 000	3	12,5 %
2020	355 000	1	4,6 %
2022	320 000	1	4,2 %
<b>Total</b>	<b>7 636 845</b>	<b>25</b>	<b>100,0 %</b>

### Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over løpetida for låna.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2014	2 179 454	8	28,5 %
2015	801 000	2	10,5 %
2017	892 000	3	11,7 %
2018	555 000	2	7,3 %
2019	730 000	2	9,6 %
2020	705 000	2	9,2 %
2021-	1 774 391	6	23,2 %
<b>Total</b>	<b>7 636 845</b>	<b>25</b>	<b>100,0 %</b>

Pr. 30. april har fylkeskommunen 7 sertifikatlån. Desse vert som regel fornya kvar 3. eller 6. månad. Obligasjonslåna har løpetider frå 2 - 5 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år. Ca. halvparten av fylkeskommunen sine lån treng ikkje fornyast før i 2018 eller seinare.

**Bankinnskot**

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot ved utgangen av april:

	<b>Des 2013</b>	<b>April 2014</b>
Ordinære bankinnskot	479 093	666 863
Skattetrekksmidler	102 222	120 537
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	468 887	515 648
Bankkonti bompengeprojekt	100 548	251 564
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>1 150 750</b>	<b>1 554 612</b>
Kassabeholdningar	8 994	16 696
<b>Sum bankinnskot og kassabeholdn.</b>	<b>1 159 744</b>	<b>1 571 308</b>

Summen av innskot har auka sidan årsskiftet, og var om lag 1 571 mill. kr ved utgangen av april. Av dette var om lag 515 mill. kr øyremerkte midlar (i hovudsak spelemidler og statstilskot til tiltak innan regional utvikling.)

**Renterisiko**

Slik situasjonen er pr. 30. april, vil endringar i rentenivået gje små utslag for fylkeskommunen første året. Tabellen lenger framme i saka viser at fylkeskommunen har lån på 3 081 mill. kr med flytande rente. Men det vil likevel ta nokre månader før alle desse låna har fått regulert renta etter ein generell renteoppgang i marknaden.

På den andre sida vil ein renteoppgang på 1 % gje auka inntekter av bankinnskot, utlån og rentekompensasjon for skulebygg og veginvesteringar med ca. 24 mill. kr. Dette er om lag det som skal til for å oppvege auken på utgiftssida.

Ein kan konkludere med at fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men om ein ser 3-4 år fram i tid, er auke i rentenivået ein stor risikofaktor.

**Prognose i høve til budsjett**

Fylkeskommunen oppnådde svært gunstige vilkår for lån som vart refinansierte eller hadde renteregulering i mars. Om det ikkje skjer større endringar i rentemarknaden resten av året, går det mot ei innsparing i netto renteutgifter i høve til budsjettet. Ei innsparing på minst 5 mill. kr bør vere realistisk.





Arkivnr: 2014/10499-18

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	51/14	18.06.2014

## Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar innan skulesektoren

### Samandrag

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak. Sekretariatet har motteke uttale til 5 prosjektrekneskap frå Deloitte som skal handsamast i fylkesutvalet. Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskap, revisjonsuttale og eit oversyn over dei enkelte prosjekta ligg ved. I brev dagsett 4.6.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvise bilete av at prosjekta og er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

4 av prosjekta er relatert til utmarksbygg, opprusting internat, brannsikring og ombygging/inneklima. 1 av desse prosjekta har relativt stort meirforbruk medan dei andre 3 prosjekta har meirforbruk på mellom 10 og 15 %. Når det gjeld prosjekt 03189 Stend vidaregåande skule er tala som går fram av rekneskapsavslutninga vanskeleg tilgjengelege. Dette fordi tala er ein kombinasjon av overskridingar og løyving av midlar til nye delprosjekt. Det vert difor vanskeleg å finne ut den reelle overskridinga i høve opphavleg budsjett. Det vil på bakgrunn av dette vera ei føremon om ein kan unngå dette i framtidige prosjekt.

I notat frå eigedomsseksjonen vert det vist til naturlege forklaringar på kvifor det har oppstått slike avvik i dei einskilde prosjekta. I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis eventuelle overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje

er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at ev. overskridingar vert dekkja inn i denne ramma.

Drøfting:

Handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane er utført i tråd med regelverket ved at dei vert avslutta og revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

**Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Oversyn over 5 prosjektrekneskapar  
Prosjektrekneskapar og uttale frå revisor

Oversyn over 5 prosjektrekneskaper						
Rekneskapsført: Januar - april 2014			Revidert: Juni 2014			
Prosj.nr.	Eining	Føremål	Ophavleg budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
2072	Voss Jordbrukskulegard	Utmarksbygg	kr 575 000	kr 934 867	-kr 359 867	-62,6 %
2102	Manger folkehøgskule	Opprustning internat	kr 25 500 000	kr 29 369 841	-kr 3 869 841	-15,2 %
3189	Stend vgs	Inneklima mv.	kr 20 700 000	kr 20 745 564		
3216	Knarvik vgs	Brannsikringstiltak	kr 160 000	kr 176 171	-kr 16 171	-10,1 %
3225	Bergen Katedralskole	Ombygging/inneklima/miljosanering	kr 1 500 000	kr 1 731 402	-kr 231 402	-15,4 %
<b>TOTALT</b>			kr 48 435 000	kr 52 957 845		

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 02072 Voss Jordbruksskulegard – utmark, dagsett 31. januar 2014, som viser en samlet investering på kr 1.135.000. Prosjektregnskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 200.133 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.


#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for 02072 Voss Jordbruksskulegard – utmark et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 4. juni 2014  
Deloitte AS

  
Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 31.01.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/11044-1

## **Rekneskapsavslutting prosjekt nr 02072 -Voss jordbruksskulegard - utmark**

KOSTNADSRAMME	1 135 000
Fuv 102/05 løyvd	575 000
Fuv FT 21/06 løyvd	560 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	934 866,90
Mindreforbruk	200 133,10

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster

Vedlegg: Notat frå Eigedomseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkeskasseraren

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
201200298-91/123/IOLS

Bergen, 30. januar 2013

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02072 - Voss jordbruksskulegard - utmarksbygg

**Rekneskap: 934 866,90**

**Budsjett: 1 135 000,-**

**Fuv 102/05 – løyving kr 575 000,-**

Utdrag frå saka:

«Bygget skal innehalda følgjande funksjonar:

- Lagerplass for ved og materialar frå eigen produksjon ved garden.
- Plass for virke til fliskuttar og flislager til fyringsanlegg.
- Lagerrom til naturbruk/ villmarksliv.

Arealbehovet er 290 m<sup>2</sup>.

Bygget er tenkt plassert i utkanten av skuleområdet i søraust, mot Lundarvatnet.

Kostnadene for utmarksbygget er kalkulert til ca kr 850.000,-.

Skulen tek sikte på å levera det meste av trematerialane til bygget frå eigen skog, og å utføra mykje av tømmerarbeidet i eigen regi. Dette vil redusera byggekostnadene med om lag kr 275.000,- i høve til kalkyle basert på komplett innkjøp av byggematerialar og alt byggearbeid utført av entreprenørfirma.»

**Fuv FT 21/06 – løyving kr 560 000,-**

Utdrag frå saka:

Byggesakshandsaminga i kommunen har teke lengre tid enn venta, og byggearbeida er ikkje igangsett.

Det er innhenta anbod på grunn- og fundamenteringsarbeida, og dette viser at kostnadene vert ein god del høgare enn det som tidlegare var kalkulert. Totalkostnadene for bygget med grunnlag i innhenta anbod vert kr 1.135.000. Det er dermed behov for kr 560.000 til restfinansiering av prosjektet.

Kommentar:

Her vart det ikkje behov for heile tillegsløyvinga og prosjektet vert avslutta med innsparing.

Bjarte Molvik

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektrengskapet

Vi har revidert prosjektrengskapet for prosjekt 02102 Manger folkehøgskule – opprusting internat, dagsett 30. april 2014, som viser en samlet investering på kr 29.485.000. Prosjektrengskapet er avsluttet med et mindreforbruk på kr 115.159 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for prosjektrengskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektrengskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektrengskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektrengskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektrengskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektrengskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektrengskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektrengskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektrengskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektrengskapet for 02102 Manger folkehøgskule – opprusting internat et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektrengskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektrengskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 4. juni 2014

Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.04.2014  
Vår ref.: 2014/11044-6  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02102 - Manger folkehøgskule - opprusting internat

KOSTNADSRAMME	29 485 000
Fuv 63/08 løyvd	3 000 000
Løyving 2009	12 500 000
Fuv 43/10 løyvd	9 000 000
Fuv 32/11 løyvd	4 000 000
Fuv 250/11 løyvd	985 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	29 369 841,18
Mindreforbruk	115 158,82

Tor Oddvar Sjøvoll  
Leiar

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





**Notat**Dato: 14.04.2014  
Arkivsak: 2014/577-10  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Fylkeskasseraren v/Arild Pettersen

---

**Frå:** Eigedomsseksjonen

---

**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02102 - Manger folkehøgskule - opprusting internat**

Rekneskap: 29 369 841,18      Budsjett: 29 485 000,-

Fuv 63/08	løyving kr	3 000 000,-
Løyving 2009	løyving kr	12 500 000,-
Fuv 43/10	løyving kr	9 000 000,-
Fuv 32/11	løyving kr	4 000 000,-
Fuv 250/11	løyving kr	985 000,-

Fuv 63/08 – utdrag frå saka:

«Manger folkehøgskule har stort behov for å ruste opp internatavdelinga. Internatet som er på om lag 860 m<sup>2</sup>, vart bygd i 1964. Det er eit bygg med 3 separate inngangar, og det er gjort lite med bygget sidan det var nytt. Det er dårlege sanitærtilhøve, og standaren held ikkje dei krav som ein stillar i dag. Skulen treng i tillegg fleire internatplassar. Prosjektet vil måtte gjennomførast som fleire etappar, og i første omgang er det snakk om planleggingskostnader samt oppstart av opprusting/rehabilitering. Samla prosjektomfang er uvisst.

Ein rår til at det vert løyvd 3 mill. kroner til prosjektet i 2008, medan ytterlegare løyvingar vert å komme attende til.»

Fuv 43/10 – utdrag frå saka:

«Arbeidet med opprusting av internatet ved skulen er starta opp, og vil bli gjennomført i etappar. For tida pågår det ei vurdering kva som er mest ynskjeleg i forhold til å gjennomføre tiltak mest mogleg samla, dvs. stenge ned større delar i gongen, eller å ta det litt meir over langs. Dette har blant anna samanheng med litt forsinkingar knytt til mykje kulde den seinaste tida.

Dersom ein held seg til opphavleg framdrift vil det være behov for heile restløyvinga i år. I motsatt fall kan deler av løyvinga skyvast over til 2011. I denne omgang rår ein til at det vert løyvd 9 million kroner, og ei eventuell ytterlegare løyving ver å vurdere i samband med neste fordeling av ombyggingsmidlar.»

Fuv 32/11 – utdrag frå saka:

«I budsjettet for 2009 vart det lagt til grunn ei samla kostnadsramme på 25,5 million kroner til ombygging / opprusting av internat ved Manger folkehøgskule. I same saka vart det gjeve ei startløyving på 12,5 million kroner til prosjektet. Det vart vidare lagt til grunn at det skulle løyvast ytterlegare 13 million kroner frå ombyggingskontoen i perioden 2008-2010 for å fullfinansiera

prosjektet. Av desse var 3 million kroner alt løyvd i 2008. I løpet av 2010 fant ein berre økonomisk handlingsrom til å løyve 9 million kroner, slik at det står at å løyve 1 million kroner av opphavleg budsjettamme. I løpet av prosjektet har det og blitt avdekt nye behov som det er naturleg å gjennomføre i samband med opprustinga. Dette gjeld i første rekke tiltak knytt til det elektriske anlegg / oppvarming og forhold utomhus/fundamentering. Ein har og fått presentert einskilde nye krav knytt til kvalitet på det bygningstekniske, og fått uforutsette kostnadar knytt til at skulen skulle ha ei så normal drift som mogleg i byggeperioden. Reviderte kostnadsoverslag tilseier at samla prosjektkostnad vil bli om lag kr. 28,5 million kroner og ein rår til at det blir løyvd 4 million kroner til prosjektet i 2011.»

Fuv 240/11 – utdrag frå saka:

«I ettertid har det vist seg at tilleggsarbeida vart meir omfattande enn det ein la til grunn, og at ein fekk ekstra kostnader knytt til samankopling av gamle og nye system for vatn, avløp og drenering. Samla kostnad for prosjektet er no kome opp i om lag 29,2 million kroner, og det står enda at nokre kostnadar. Ein rår difor til at prosjekt får ei tilleggsøyving på 0,985 million kroner, slik at samla løyving vert 29,485 million kroner.»

Kommentar:

Prosjektet er ferdigstillt innan revidert kostnadsramme.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 03189 Stend vgs – inneklima, dagsett 30. april 2014, som viser en samlet investering på kr 20.700.000. Prosjektregnskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 45.564 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for 03189 Stend vgs – inneklima et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 4. juni 2014  
Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.04.2014  
Vår ref.: 2014/11044-7  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03189 - Stend vgs - inneklima

KOSTNADSRAMME	20 700 000
Fuv 231/08 løyvd	500 000
Fuv 183/09 løyvd	4 000 000
Fuv 288/09 løyvd	700 000
Fuv 42/10 løyvd	6 000 000
Fuv 219/10 redusert løyving	- 1 500 000
Fuv 15/11 løyvd	8 000 000
Fuv 28/12 løyvd	3 000 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	20 745 563,65
Meirforbruk	45 563,65

Overskriding vert dekkja av totalramma.

Tor Oddvar Sjøvoll  
Leiar

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



**Notat**Dato: 14.04.2014  
Arkivsak: 2014/577-11  
Saksbehandlar: ireolse

---

<b>Til:</b>	Fylkeskasseraren v/Arild Pettersen
<b>Frå:</b>	Eigedomsseksjonen

---

**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03189 - Stend vgs - inneklima**

Rekneskap: 20 745 563,65      Budsjett: 20 700 000,00

Fuv 281/08	løyving	500 000,-
Fuv 183/09	løyving	4 000 000,-
Fuv 288/09	løyving	700 000,-
Fuv 42/10	løyving	6 000 000,-
Fuv 219/10		- 1 500 000,-
Fuv 15/11	løyving	8 000 000,-
Fuv 28/12	løyving	3 000 000,-

Fuv 281/08 – utdrag frå saka:

«Skulen saknar det meste når det gjeld ventilasjon. Her er det trong for nye installasjonar. Varmeanlegget er gammalt og treng oppgradering og konvertering til fornybar energi. I første omgang søkjer vi om løyving til prosjektering samt innleiande tiltak. Sjølve tiltaksgjennomføringa tenkjer vi oss utført i 2009 og 2010. Kostnaden på kr 500.000 inkl. mva. er basert på kalkyle.»

Fuv 183/09 – utdrag frå saka:

«Rehabiliteringstiltaka tenkjer vi oss gjennomførde i fleire trinn. Vi søkjer nå om løyving til trinn 1, guteinternatet. Desse arbeida tenkjer vi oss utførde i 2009. Det vil bli fremja nye saker i budsjetta for 2010 og 2011 med sikte på vidareføring av tiltaka i dei andre fløyane. Kostnaden på kr 4.000.000 inkl. mva. er basert på kalkyle.»

Fuv 288/09 – utdrag frå saka:

«Under arbeidet med det gamle bygget vart det undervegs avdekka vesentlege feil og manglar. Dette gjeld hovudsakeleg elektroinstallasjonane, men også bygningsmessige tilhøve var verre enn medrekna på førehand. Vi søkjer nå om løyving til å dekke kostnadene ved slutføring av trinn 1, guteinternatet. Kostnaden på kr 700.000 inkl. mva. er basert på tilbod.»

Fuv 42/10 – utdrag frå saka:

«Vi søkjer nå om løyving til å dekke kostnadene ved installasjon av nytt ventilasjonsanlegg og oppgradering av varmeanlegget ved hovedbygget. Kostnaden på kr 6.000.000 inkl. mva. er basert på kalkyle.»

Fuv 219/10 – utdrag frå saka:

«Entreprisemessige tilhøve samt omsyn til skuledrifta har medført at prosjektet framdriftsmessig ikkje er heilt på høgde med opphavlege planar. Det vil følgjeleg ikkje vera trong for heile løyvinga vedteke i sak 42/10. Vi søker nå om å få overføre deler av løyvinga til anna prosjekt.

Det vil bli fremja ny sak i budsjettet for 2011 med sikte på vidareføring av tiltak i hovedbygget og kantinefløyen.»

Fuv 15/11 – utdrag frå saka:

«Det vert i denne saka foreslått ei løyving til å dekke kostnadane med ferdigstilling av varme- og ventilasjonsanlegget i hovedbygget og kantinefløyen.»

Fuv 28/12 – utdrag frå saka:

«Det vert i denne saka foreslått ei løyving til å dekke kostnadane for vidareføring og avslutning av tiltak på varme og ventilasjonsanlegget i administrasjonsbygget.

Kostnadane på kr 3.000.000,- inkl. mva er basert på tilbod.»

Kommentar:

Overskridelse i prosjektet skuldast oppgradering av lys og supplering av armatur i himling i klasserom ihht. luxkrav.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport



Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 03216 Knarvik VGS - brannsikringstiltak, dagsett 11. april 2014, som viser en samlet investering på kr 160.000. Prosjektregnskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 16.171 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for 03216 Knarvik VGS – brannsikringstiltak et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 4. juni 2014

Deloitte AS



Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 11.04.2014  
Vår ref.: 2014/11044-4  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03216 - Knarvik vgs - brannsikringstiltak**

KOSTNADSRAMME	160 000
Fuv 212/11 løyvd	160 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	176 171,25
Meirforbruk	16 171,25

Tor Oddvar Sjøvoll  
Leiar

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektrengskapet

Vi har revidert prosjektrengskapet for prosjekt 03225 Bergen Katedralskole – ombygging/inneklimatiltak/miljøsanering, dagsett 30. april 2014, som viser en samlet investering på kr 1.500.000. Prosjektrengskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 231.402 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for prosjektrengskapet*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektrengskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektrengskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektrengskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektrengskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektrengskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektrengskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektrengskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektrengskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektrengskapet for 03225 Bergen Katedralskole – ombygging/inneklimatiltak/miljøsanering et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektrengskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektrengskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 4. juni 2014

Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 30.04.2014  
Vår ref.: 2014/11044-5  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03225 - Bergen Katedralskole – Ombygging/inneklimatiltak/miljøsanering**

KOSTNADSRAMME	1 500 000
Fuv 74/13 løyvd	1 500 000
FINANSIERING	
Finansiert bruk	1 731 401,65
Meirforbruk	231 401,65

Overskriding vert dekkja av totalramma.

Tor Oddvar Sjøvoll  
Leiar

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigedomsseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 09.04.2014  
Arkivsak: 2014/577-7  
Saksbehandlar: ireolse

---

**Til:** Fylkeskasseraren v/Arild Pettersen

---

**Frå:** Eigedomsseksjonen

---

### **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03225 - Bergen katedralskole - ombygging/inneklimatiltak/miljøsanering**

**Rekneskap: 1 731 401,65      Budsjett: 1 500 000,-**

**Vedtak: Fuv 74/13 – løyving kr 1 500 000,-**

Utdrag frå saka:

«I underetasjen gamle hovudbygget ved Bergen katedralskole er det registrert fuktskader som igjen har ført til soppdanning i konstruksjonen. Skadane er så omfattande at arealet må fullstendig sanerast og byggast opp på nytt.

Areala i underetasjen er i dag nytta til toalett, garderober med dusj, møterom, kontorarbeidsplassar, lager og arkiv. Slik vi vurderer desse areala er dei ikkje egna som faste arbeidsplassar.

Foreløpige planar er å opna deler av desse areala og nytta dei som foajé i samband med trappehuset.

Resterande areal er tenkt nytta til ny oppbygging av toalett, garderober, lager og eventuelt møterom.

Det må også framførast vassboren varme frå eksisterande bygg og området må i framtida ha ei god ventilering.

Det vert i denne saka foreslått ei løyving for å dekkja kostnadane med riving/sanering av eksisterande rom.»

Kommentar:

Overskridelse i prosjektet skyldes større skader i konstruksjon en først antatt, her måtte vi inn og sikre bæreevne i overdekninger over dører og vinduer med diverse stålkonstruksjoner, samt rensing for masser i grunnen.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport



Arkivnr: 2014/10533-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	52/14	18.06.2014

## Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Fylldig status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 7/14 i møte 17.2.14:

1. Kontrollutvalet bestiller utviding av forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til justert prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

#### Av den justerte prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

"Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om samhandlinga mellom skuleeigar og dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen er føremålstenleg, og i kva grad den nye organiseringa sikrar einskapleg styring og felles praksis ovanfor skulane frå skuleeigar si side.

Med bakgrunn i dette føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. Fungerer fylkeskommunen sitt kvalitetssystem tilfredsstillande og etter føremålet?
  - a. I kva grad bidrar kvalitetssystemet til at fylkesadministrasjonen har kontroll med om krava i opplæringslova blir etterlevd i skulane?
  - b. I kva grad bidrar kvalitetssystemet til at fylkeskommunen kan følgje opp skulane innanfor det pedagogiske utviklingsarbeidet?
  - c. I kva grad bidrar kvalitetssystemet til skulane sitt arbeid med å planleggje og vurdere det pedagogiske utviklingsarbeidet?
  - d. Fungerer kvalitetssystemet tilfredsstillande når det gjeld opplæringsavdelinga si oppfølging av planlegging og resultat ved skulane?
2. I kva grad fungerer den nye organiseringa med regionleiarar når det gjeld å sikrar einskapleg styring og felles praksis ovanfor skulane?

- a. *Opplever skuleleiarane å få tilfredsstillande råd og støtte på følgjande områder:*
  - i. ....økonomiske og administrative oppgåver?
  - ii. ....faglege og pedagogiske spørsmål?
  - iii. ....personal og HMT?
- b. *Bidrar organiseringa til ei tettare samhandling mellom skule og skuleeigar?*
- c. *Har fylkeskommunen eit tilfredsstillande system for å sikre riktig og nødvendig kompetanse i skulane, og for nødvendig kompetanseutvikling for personalet?*
3. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for utarbeiding og handsaming av årleg tilstandsrapport (jf. oppl. § 13-10)?*
4. *I kva grad blir gjennomføringstala for vidaregåande skular nytta i oppfølgingsdialogen mellom skuleeigar og skulane?*
  - a. *Kva er hovudårsakene til manglande gjennomføring ved dei vidaregåande skulane i Hordaland?*
  - b. *Korleis sikrar fylkeskommunen at tiltak som bidrar til auka gjennomføring blir sett i verk ved den enkelte skule?*
  - c. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg informasjon om sluttårsaker slik at relevante tiltak kan setjast i verk ved skulane?»*

#### Drøfting:

Denne forvaltningsrevisjonen skulle vore ferdig til handsaming i kontrollutvalet i dette møtet, men er vorte forseinka grunna sjukdom. Rapporten ville uansett ikkje kunne leggjast fram for handsaming i fylkestinget før i oktober. Sekretariatet har difor avtala at Deloitte i dette møtet skal gje ei fyldig orientering om resultatet av denne forvaltningsrevisjonen og så vert den lagt fram for endeleg handsaming i neste møte.

#### Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Det bør i tillegg fastsetjast ein frist for når endeleg rapport skal leverast sekretariatet.

#### **Forslag til vedtak**

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 4.8.2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Arkivnr: 2014/10535-8

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	53/14	18.06.2014

## Forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 8/14 i møte 17.2.14:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av august 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

#### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

«Føremålet med dette prosjektet er å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har etablert eit overordna system for internkontroll, med eit særskilt fokus retta mot helse, miljø og tryggleik (HMT).

#### Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Hordaland fylkeskommune etablert eit **overordna system for internkontroll (kvalitetssystem)**?
  - a) I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i Hordaland fylkeskommune?
  - b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane?
2. I kva grad har fylkeskommunen arbeidd for å utvikle eit godt **kontrollmiljø**?
  - a) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
  - b) Har fylkeskommunen etablert føremålstenlege etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?
  - c) I kva grad har fylkeskommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
  - d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?
3. I kva grad har fylkeskommunen etablert tydelege **mål** for tenestene?
4. I kva grad er det på overordna nivå i fylkeskommunen etablert ei **rapportering** som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med fylkeskommunen si verksemd?
5. Korleis blir **risikovurderingar** nytta i internkontrollen i fylkeskommunen?

6. I kva grad har fylkeskommunen etablert **kontrollaktivitetar** som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer fylkeskommunen sine krav og retningslinjer?
- I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
  - I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
  - I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
  - I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?
  - I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?
  - Har fylkeskommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?
7. Er det etablert rutinar for **oppfølging** av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor fylkeskommunen sine einingar?
8. Har fylkeskommunen system og rutiner som sikrer etterlevelse av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med **helse, miljø og tryggleik (HMT)**? Herunder:
- Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMS arbeidet skal ivaretaast av einingane i fylkeskommunen?
  - Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einkilde einingane?
  - Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er organisert?
  - Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
  - Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
  - Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemdene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
  - Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på HMT regelverket?
  - Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føresettt?
  - I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
  - I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?»

**Prosjektplanen inneheld også denne avgrensinga:**

«Ansvar og oppgåver spesifikt knytt til personaladministrasjon, oppfølging av sjukmeldte og reduksjon av sjukefråvær vil ikkje vere ein del av forvaltningsrevisjonen ettersom dette har vore tema for andre forvaltningsrevisjonsrapportar.»

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som td. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Arkivnr: 2014/10536-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	54/14	18.06.2014

## Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 9/14 i møte 17.2.14:**

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

#### **Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:**

*Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om fylkeskommunen har eit tilfredsstillande og fungerande prosjektstyringssystem, og om det er etablert gode rutinar for å lære av erfaringar frå gjennomførte prosjekt. Fokuset vil vere på byggeprosjekt som fylkeskommunen har gjennomført.*

#### **Med bakgrunn i dette føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:**

1. **Har fylkeskommunen eit tilfredsstillande prosjektstyringssystem? Under dette:**
  - a. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for initiering, prioritering og planlegging av investeringsprosjekt?*
  - b. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for gjennomføring av prosjekt, og blir desse følgt?*
  - c. *Er det etablert tenleg rutinar for kvalitetssikring av prosjektplanlegging og gjennomføring?*
  - d. *Er det etablert tilstrekkelege rutinar for risikoanalysar av prosjekt?*
  - e. *Er det etablerte tilstrekkelege rutinar for rapportering (t.d. for framdriftsplan, budsjett, avvik, endringar) og vert rapporteringsrutinar etterlevd?*
  - f. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg avvikshandteringssystem knytt til prosjektstyringa?*

2. **Blir prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold? Under dette:**

- a. *Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for prosjektorganisering (når det gjeld ansvar, roller og mynde) og blir dei følgde?*
- b. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre tilfredsstillande prosjektstyring?*
- c. *Blir det gitt tilstrekkeleg opplæring i prosjektstyring til dei som har ansvar for å gjennomføre prosjekt for fylkeskommunen?*

3. **Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for avslutning av prosjekt?**

- *Er det etablert tilfredsstillande rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/kunnskapsdeling frå gjennomførte prosjekt?*
- *Har fylkeskommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av endelig prosjektregnskap?*

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om siste status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar utover dette, som td. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet aksepterer endra leveringstidspunkt og tar informasjonen elles til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2014/14567-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	55/14	18.06.2014

## Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 41/14 i møte 06.05.14:**

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

#### **Av godkjend prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»

#### **Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:**

##### **A) Problemstillingar knytt til den fylkeskommunale eigarskapsforvaltninga:**

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*
  - a. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*

- b. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?*
- c. *Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?*

**B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:**

2. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Fastlandssamband Halsnøy?*
  - a. *Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?*
3. *Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?*
  - a. *I kva grad har styret i Fastlandssamband Halsnøy rutinar for å følgje opp avtalen med Via Futura AS om kjøp av administrasjonstenester?*
  - b. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp avtalen med Bro- og tunnelselskapet som driftsoperatør for sambandet?*
4. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompengavtalen og avtale om drift av innkrevningssystem med Statens vegvesen?*
5. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:*
  - a. *Aksjelova*
  - b. *Offentlege innkjøp*
  - c. *Offentleggjering*
6. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?*
  - a. *Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?*
  - b. *I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?*
  - c. *Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?*

Sekretariatet sende 13.5.14 invitasjon til Stord og Kvinnherad kommune til å delta i dette prosjektet. Det er motteke svar får begge kommunane om at dei ikkje ønskjer å delta.

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som td. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Arkivnr: 2014/14570-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	56/14	18.06.2014

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Samandrag

#### Bakgrunn for saka:

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 42/14 i møte 06.05.14:**

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Hardangerbrua AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 30.9.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

#### **Av godkjend prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

*Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hardangerbrua AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.*

#### **Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:**

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Hardangerbrua i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*
  - a. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*

- b. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?*
      - c. *Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkelig informert om drifta og utviklinga i selskapet?*
    2. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Hardangerbrua?*
      - a. *Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?*
    3. *Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?*
      - a. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp driftsavtalen med Vegamot AS*
    4. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompenggeavtalen og avtale om drift av innkrevingssystem med Statens vegvesen?*
    5. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:*
      - a. *Aksjelova*
      - b. *Offentlege innkjøp*
      - c. *Offentleggjering*
    6. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?*
      - a. *Har selskapet ein forsvarlig egenkapital jf. aksjelova § 3-4?*
      - b. *I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?*
      - c. *Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?*

Sekretariatet sende 13.5.14 invitasjon til dei andre 7 eigarkommunane til å delta i dette prosjektet. Det er i skrivande stund ikkje motteke svar frå nokon av dei.

#### Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

#### Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som td. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

#### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2014/17501-1  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	57/14	18.06.2014

## Sekretariat for kontrollutvalet, arbeidsbyrde og oppdrag

### Samandrag

#### Lovendring i 2004.

I 2004 kom det ei lovendring som la opp til at kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar skulle ha ein eigen administrasjon. Denne skulle vera uavhengig ift. kommunen / fylkeskommunen sin administrasjon, og uavhengig ift. revisjonen. Det vart då etablert nye ordningar i heile landet.

#### Nytt sekretariat i 2005

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune (HFK) vart etablert, og har vore operativt sidan 01.01.2005. Det starta med 2 årsverk, som i hovudsak skulle vera administrasjon for fylkeskommunen sitt kontrollutval. Dessutan fekk kommunane i Hordaland tilbod om å kjøpa sekretariatstenester. Tal på kommunar som kjøper tenester har auka på år for år. Det er no 17 kommunar som nyttar Hordaland fylkeskommune sitt sekretariatstilbod.

#### Ny organisasjon

I kjølvatnet av lovendring, ny forskrift om kontrollutval, nye oppgåver for kontrollutvala og nye sekretariat, meldte og spørsmålet seg om kor vidt det burde vera eit landsdekkande fagleg forum for kontrollutvala og sekretariata deira. Hordaland fylkeskommune stod sentralt i dette arbeidet. Kontrollutvalsleiaren vart leiar i interimsstyre for å etablere eit fagleg forum for kontrollutvala. Kontrollsjefen vart sekretær for interimsstyret, og hadde sjølv eit eige mandat om å etablere eit fagleg forum for sekretariata. Resultatet vart å skipa Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), hausten 2005, som fagleg forum for begge gruppene. Sekretariatet fekk og oppgåva med å vera forumet sitt sekretariat, og har no snart hatt denne funksjonen i 10 år.

#### Utvida sekretariat i HFK

Auka antal kommunar, der kommunane etterkvart trong fleire tenester, samt det å driva ein landsdekkande organisasjon, har og medført at bemanninga har auka gradvis frå 2 til 5 årsverk. Sal av sekretariatstenester er i 2014 budsjettert med kr. 2.382.000,- i inntekter.

#### Arbeidsbyrde

Aktuelt i dag er at arbeidsbyrde for dei tilsette samla sett er større enn det som er tilrådeleg ift. oppdragsportefølgje. Dette er gjort nærare greie for munnleg overfor kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, som er eit arbeidsgjevarorgan for sekretariatet. Det er triveleg å ha det travelt. Det er

derimot ikkje like hyggeleg å ha for mykje å gjera på – særleg ikkje når det vedvarer over tid. Me har då sett på to hovudvegar å gå:

- Auka bemanninga
- Vurdera om det er oppdrag me skal seia frå oss.

#### Stabile kommuneoppdrag

Blant dei 17 kommunane me er sekretariat for, er det ingen som i dag har ytra ønskje om å gå ut av ordninga.

#### FKT vurderer alternativ.

Ser me derimot på FKT, så har styret i eit par år gjeve uttrykk for at dei på sikt ønskjer å ha eit eige sekretariat. Dette går fram av styret si operasjonalisering av årsmøtet sin handlingsplan. Vidare var dette oppe på FKT sitt årsmøte i juni 2014.

#### HFK si vurdering av oppdraget for FKT

Skal HFK i denne situasjonen venta på at styret finn tida moden for sin del, og seier opp avtalen med 1 års varsel, gjerne på eit tidspunkt som passar dårleg for HFK? Eller skal HFK nytta sin mulighet for å seia opp avtalen på eit tidspunkt som passar HFK ift. noverande arbeidsbyrde? I samråd mellom kontrollutvalet og sekretariatet, er me komne til det siste. Oppdraget for FKT er og det som er mest uføresett ift. årsbyrde. Medan oppdraga i kommunane vert fakturert time for time etter medgått tid, mottar HFK eit årshonorar frå FKT. Med gjeldande avtale er det same sum, inkl. konsumprisregulering, frå eit år til neste. Dette sjølv om faktisk medgått tid evtnt. aukar med eit par hundre timar. HFK har vore fødselshjelpar for FKT og gjennom snart 10 år medverka sterkt i å bygga organisasjonen opp til det den er i dag. No er gjerne tida mogen for andre til å dra lasset vidare. Sekretariatet kan då og reindyrka arbeidet sitt med å vera sekretariat for fylkeskommunalt og kommunale kontrollutval, utan dagleg ansvar for å driva ein landsdekkande organisasjon i tillegg. Dessutan kunne sekretariatet ha nytta noko meir tid på oppdraget i eigen fylkeskommune, leing og på vidareutvikling av sekretariatet.

#### Andre vegval?

På tiltakslista står det ingenting om å løysa situasjonen med å gjera eit dårlegare arbeid. Me vil framleis framstå som eit av dei dyktigaste kontrollutvalssekretariata i landet.

#### Hendingar, mai og juni 2014

For både å vera samkøyrte med eige kontrollutval og å spela med åpne kort overfor FKT, er dette vurdert og varsla:

- Kontrollsjefen har drøfta situasjonen ved eit par høve med kontrollutvalsleiaren i HFK
- Kontrollutvalet i HFK, som arbeidsgjevarorgan, deltok 7. mai -14 i drøfting omkring val av løysing.
- Styret i FKT hadde 15. mai -14 oppe årsmøtesakene til handsaming. Då vart styret varsla om at HFK har til hensikt å seia opp avtale mellom HFK og FKT med verknad frå 1. juli -15. Styreleiar fekk eit forvarsel dagen før.
- Styret innstilte etter det slik overfor årsmøtet: «FKT har som målsetting å etablere eget sekretariat i 2015»
- Årsmøtet fekk tilsvarande orientering 3. juni -14.
- Årsmøtet gjorde då slikt vedtak: «FKT har som målsetting å få på plass en løsning på sekretariatsordningen i 2015.»
- Jmf. FKT sine vedtekter er det styret som «sørger selv for sitt sekretariat».
- Sak kjem opp i HFK sitt kontrollutval 18. juni -14, slik det vart avtalt med utvalet i førre utvalsmøte (arbeidsgjevarmøte).
- Oppseiing må sendast til FKT seinast 30. juni -14, for å ha verknad f.o.m. 1. juli -15.

#### Oppdrag for FKT utover 1. juli 2015?

Dagen etter årsmøtet spurde styreleiar i FKT om HFK td. kan halda fram som sekretariat for FKT til årsskiftet 2015/16, dersom FKT har vanskar med å etablere ei ny ordning innan neste sommar. Kontrollsjefen er skeptisk til det, ettersom ei årsak til oppseiinga ligg i arbeidsbyrde som alt i dag er gjeldande. Dei andre i sekretariatet er og samde i dett. Då er det problem å venta i 1 ½ år framfor 1 år på å få ei ordning som er meir leveleg. Eit anna moment er dette: Dersom me held på datoen 1. juli 2015, vil det og vera lettare å vurdera evtnt. førespurnader frå andre hordalandskommunar ift. sekretariatstenester, opp mot denne konkrete datoen.

Tilpassing ift. organisasjon og økonomi.

Ved oppseiing av kontrakten vil då og verta eit inntektsbortfall på vel kroner tre hundre tusen i 2015 og nye vel kroner tre hundre tusen i 2016. Dette er tenkt løyst slik:

- Oppdraga overfor eksisterande kommunar har jamleg auka i timetal pr. år, slik at ein del av avstanden alt er henta inn ift. det arbeidet som vert gjort i dag.
- Sekretariatet vil sjå på om ein er merksam nok på å fakturera for all medgått tid.
- Det vil bli vurdert om den timeprisen som vart sett i 2005, årleg justert for konsumprisregulering etterpå, er den rette også i 2015.
- Me har fått signal om at fleire kommunar i Hordaland vurderer å nytta HFK sitt sekretariat, utover dei 17 kommunane som brukar sekretariatet i dag. Når oppdraget for FKT er avslutta, er det rom for noko tilleggsarbeid for kommune / kommunar. Det må derimot vera på monaleg færre årstimar enn oppdraget for FKT, dersom samla arbeidsbyrde skal bli leveleg. Elles må bemanningssituasjonen på nytt vurderast.
- På kort sikt må ein og sjå på om det er andre måtar for å få arbeidsbyrde på eit akseptabelt nivå, i løpet av komande år. Aktuelle tiltak kan td. vera:
  - Håp om at nytt sak/arkivsystem etterkvart må verta meir stabilt, verta raskare i bruk og at oppstartsproblema snart må bli borte.
  - Intern vurdering av arbeidsfordeling på leiar og rådgjevarnivå.
  - Færre kontrollutvalsmøte pr. halvår
  - Evt. innleige av arbeidshjelp.

Fylkesordførar orientert.

Kontrollsjefen har hatt ei kort orientering til fylkesordføraren om at saka kjem opp i kontrollutvalet 18. juni 2014.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune (HFK) seier opp gjeldande avtale med Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) med verknad f.o.m. 1. juli 2015.
2. Det vert føresett at overføring av oppdraget til nytt sekretariat finn stad i juni 2015.
3. HFK sitt sekretariat vurderer tiltak ift. inntektssituasjonen for HFK på lang sikt.
4. HFK sitt sekretariat vurderer tiltak ift. arbeidsbyrde internt i eige sekretariat på kort sikt.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2014/10492-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	58/14	18.06.2014

### Planlegging av møtet i kontrollutvalet 25. - 26.8.2014 - Status

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 43/14 i møte 06.05.14:

1. *Kontrollutvalet godkjenner skisse, inkludert dei endringar som kjem fram i møtet, om tur til indre Hardanger i perioden 25. – 26.8.14.*
2. *Sekretariatet får fullmakt til å detaljplanlegga turen med utgangspunkt i vedteken skisse.*

#### Drøfting:

Sekretariatet har no gjort avtale med Ullensvang hotel om kost og overnatting. Vidare er dei fleste avtalene for besøka i Ullensvang herad og Odda kommune gjort. Sekretariatet vil i møte 18.6.14, på bakgrunn av dette, legge fram ei skisse til endeleg program for besøket. Endeleg program vert send ut saman med innkalling til møtet, ca. ei veke før møtedato.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet sluttar seg til det nye programmet og at sekretariatet får fullmakt til å gjera ferdig det endelege programmet for turen.

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner skisse til endeleg program for tur til indre Hardanger i perioden 25. – 26.8.14.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera ferdig det endelege programmet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 59/14 Meldingar





Kontrollutvalet i Stord kommune

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/14567-9  
Dykkar ref.:

## Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS . Invitasjon til deltaking

### Bakgrunn for saka:

I Hordaland fylkeskommune sin vedtekne plan for selskapskontroll er Fastlandssamband Halsnøy AS eit av dei prioriterte selskapa for selskapskontroll i perioden 2012 – 2016.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, Selskapskontroll, står det m.a. dette under merknader:

*"I kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalg kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne."*

Vidare står det m.a. dette på side 114 i kontrollutvalsboka:

*"Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet."*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i sak 41/14 i møte 6.5.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Saksframlegg og saksprotokoll frå dette møtet og forslag til prosjektplan frå Deloitte ligg ved.

### Drøfting:

I tråd med punkt 4 i vedtaket i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 vert kontrollutvalet i din kommune invitert til å delta i ein felles selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS. Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Stord kommune eig tilsaman 84,21% av aksjane medan private eigarar eig dei resterande 15,79 %. Sidan det er private eigarar i selskapet utanom kommunal eigarskap er det ikkje sjølvstøtt at kommunane har rett til fullt innsyn i selskapet. På bakgrunn av dette har fylkeskommune sytt for å få inn §10 i gjeldande vedtekter som lyd slik:

*«Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har høve til å føre kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser.»*

Av forslag til prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- **Eigarskapskontroll** – Punkt 1.3 – A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
- **Forvaltningsrevisjon** – Punkt 1.3 – B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Kostnadene med å delta i **eigarskapskontroll** for eigen kommunes eigarskapsforvaltning er i forslag til prosjektplan berekna til 50 timar for den einskilde kommune.

Aktuell kommune sin andel av kostnadene dersom ein ønskjer å delta i **forvaltningsrevisjon** i Fastlandssamband Halsnøy AS, kan bereknast etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i Fastlandsamband Halsnøy AS skal kostnadene delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Døme: Dersom 84,21 % av eigarane (alle kommunale eigarar) vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for Stord kommune som eig 5,26 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 84,21 % \* eigarkommune X 5,26 % = 6,25 % av kostnadene.

Forvaltningsrevisjonen er berekna til 150 timar og 6,25 % av dette vil utgjere ca. 9,5 timar.

I tillegg til desse kostnadene må den einskilde kommune betale dersom Deloitte deltek i møte i kontrollutvalet for t.d. å presenterer rapporten. Dersom kommunen vidare ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for kommunestyret vil dette komme i tillegg. Timeprisen som vert lagt til grunn i dette prosjektet er timeprisen som den einskilde kommune har i sin avtale med Deloitte.

Det kan elles opplyst om at det er ei målsetting å laga ein felles revisjonsrapport til alle eigarkommunane som vil delta når det gjeld **forvaltningsrevisjon** medan det vert laga rapport til kvar einskild kommune når det gjeld **eigarskapskontrollen**.

Konklusjon:

Ut frå dette ber vi om at kontrollutvalet i din kommune tek stilling til desse spørsmåla:

1. Ønskjer kommunen at Deloitte skal gjennomføre **eigarskapskontroll** av Fastlandssamband Halsnøy?
2. Ønskjer kommunen å delta i **forvaltningsrevisjon** som Deloitte skal gjennomføre av Fastlandssamband Halsnøy?

Vi ber om at svar vert send hit **seinast innan 31.5.2014**. Dersom vi ikkje har høyrte noko frå din kommune innan denne fristen reknar vi med at det ikkje er ønskjeleg å delta i prosjektet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Saksframlegg med saksprotokoll i sak 41/14 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 og Forslag til prosjektplan frå Deloitte dagsett mai 2014

Kopi: Deloitte AS



Kontrollutvalet i Kvinnherad kommune

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/14567-8  
Dykkar ref.:

## Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Invitasjon til deltaking

### Bakgrunn for saka:

I Hordaland fylkeskommune sin vedtekne plan for selskapskontroll er Fastlandssamband Halsnøy AS eit av dei prioriterte selskapa for selskapskontroll i perioden 2012 – 2016.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, Selskapskontroll, står det m.a. dette under merknader:

*"I kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalg kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne."*

Vidare står det m.a. dette på side 114 i kontrollutvalgsboka:

*"Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet."*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i sak 41/14 i møte 6.5.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Saksframlegg og saksprotokoll frå dette møtet og forslag til prosjektplan frå Deloitte ligg ved.

### Drøfting:

I tråd med punkt 4 i vedtaket i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 vert kontrollutvalet i din kommune invitert til å delta i ein felles selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS. Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Stord kommune eig tilsaman 84,21% av aksjane medan private

eigarar eig dei resterande 15,79 %. Sidan det er private eigarar i selskapet utanom kommunal eigarskap er det ikkje sjølvsagt at kommunane har rett til fullt innsyn i selskapet. På bakgrunn av dette har fylkeskommune sytt for å få inn §10 i gjeldande vedtekter som lyd slik:

«Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har høve til å føre kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser.»

Av forslag til prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- **Eigarskapskontroll** – Punkt 1.3 – A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
- **Forvaltningsrevisjon** – Punkt 1.3 – B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Kostnadene med å delta i **eigarskapskontroll** for eigen kommunes eigarskapsforvaltning er i forslag til prosjektplan berekna til 50 timar for den einskilde kommune.

Aktuell kommune sin andel av kostnadene dersom ein ønskjer å delta i **forvaltningsrevisjon** i Fastlandssamband Halsnøy AS, kan bereknast etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i Fastlandsamband Halsnøy AS skal kostnadene delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Døme: Dersom 84,21 % av eigarane (alle kommunale eigarar) vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for Kvinnherad kommune som eig 26,32 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 84,21 % \* eigarkommune X 26,32 % = 31,25 % av kostnadene.

Forvaltningsrevisjonen er berekna til 150 timar og 31,25 % av dette vil utgjere ca. 47 timar.

I tillegg til desse kostnadene må den einskilde kommune betale dersom Deloitte deltek i møte i kontrollutvalet for t.d. å presenterer rapporten. Dersom kommunen vidare ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for kommunestyret vil dette komme i tillegg. Timeprisen som vert lagt til grunn i dette prosjektet er timeprisen som den einskilde kommune har i sin avtale med Deloitte.

Det kan elles opplysast om at det er ei målsetting å laga ein felles revisjonsrapport til alle eigarkommunane som vil delta når det gjeld **forvaltningsrevisjon** medan det vert laga rapport til kvar einskild kommune når det gjeld **eigarskapskontrollen**.

#### Konklusjon:

Ut frå dette ber vi om at kontrollutvalet i din kommune tek stilling til desse spørsmåla:

1. Ønskjer kommunen at Deloitte skal gjennomføre **eigarskapskontroll** av Fastlandssamband Halsnøy?
2. Ønskjer kommunen å delta i **forvaltningsrevisjon** som Deloitte skal gjennomføre av Fastlandssamband Halsnøy?

Vi ber om at svar vert send hit **seinast innan 31.5.2014**. Dersom vi ikkje har høyrte noko frå din kommune innan denne fristen reknar vi med at det ikkje er ønskeleg å delta i prosjektet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Saksframlegg med saksprotokoll i sak 41/14 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 og Forslag til prosjektplan frå Deloitte dagsett mai 2014

Kopi: Deloitte AS

**Fra:** Elin Molven (Elin.Molven@hfk.no)

**Sendt:** 21.05.2014 12:46:36

**Til:** Roald Breistein

**Kopi:** 'stiolsen@deloitte.no'; 'johan.inge.særsten@sklbb.no'; 'Husabo, Gunnar (NO - Bergen)'; Stein Ove Songstad; Birte Bjørkelo; 'tmdahle@deloitte.no'; 'sisivertsen@deloitte.no'; 'kgasemyr@DELOITTE.no'; Hogne Haktorson; 'eholstlarsen@deloitte.no' (eholstlarsen@deloitte.no)

**Emne:** Vedtak i sak "eventuelt" i KUV møtet på Stord 19.5.2014 - Invitasjon til å delta i selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS.

**Vedlegg:** image001.png

I kontrollutvalet sitt møte den 19.5.2014 under sak eventuelt fatta utvalet såleis samrøystes vedtak:

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Stord kommune ynskjer at det skal gjennomførast ein selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy.
2. Kontrollutvalet i Stord kommune ynskjer ikkje å delta i forvaltningsrevisjonsprosjektet som Hordaland fylkeskommune skal gjennomføra av Fastlandssamband Halsnøy.

Med helsing

**Elin Molven**

Spesialrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

[elin.molven@hfk.no](mailto:elin.molven@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 37 80 81 | Mob: 404 88 662

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

## OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

<b>2014</b>	INNBET 2011	%	INNBET 2012	%	INNBET 2013	%	BUDSJETT 2014	%	INNBET 2014	%	
<b>JANUAR</b>	302 531 887	12,7	314 395 595	12,1	337 210 254	12,2	353 366 700	12,3	354 386 489	12,3	1 019 789
<b>FEBRUAR</b>	18 969 847	0,8	31 070 833	1,2	24 597 719	0,9	28 729 000	1,0	21 216 588	0,7	-7 512 412
<b>MARS</b>	387 246 777	16,3	418 441 666	16,1	453 207 423	16,3	468 282 700	16,3	474 068 736	16,5	5 786 036
<b>APRIL</b>	21 652 746	0,9	26 456 436	1,0	31 167 695	1,1	31 601 900	1,1	28 455 998	1,0	-3 145 902
	730 401 257	30,7	790 364 530	30,4	846 183 091	30,5	881 980 300	30,7	878 127 811	30,5	-3 852 489
<b>MAI</b>	464 487 409	19,5	491 337 943	19,0	526 702 424	19,0	545 851 000	19,0			
<b>JUNI</b>	14 014 233	0,6	16 552 712	0,6	12 652 385	0,5	17 237 400	0,6			
<b>JULI</b>	274 740 272	11,5	298 312 443	11,5	323 825 375	11,7	333 256 400	11,6			
<b>AUGUST</b>	22 409 230	0,9	28 970 283	1,1	29 757 971	1,1	28 729 000	1,0			
<b>SEPTEMBER</b>	405 527 680	17,0	435 350 956	16,8	473 207 732	17,1	488 393 000	17,0			
<b>OKTOBER</b>	8 475 701	0,4	17 511 050	0,7	25 510 389	0,9	20 110 300	0,7			
<b>NOVEMBER</b>	436 378 903	18,3	497 141 294	19,2	516 303 602	18,6	534 359 400	18,6			
<b>DESEMBER</b>	26 735 881	1,1	18 814 740	0,7	17 627 023	0,6	22 983 200	0,8			
	#####	100,0	2 594 355 951	100,0	2 771 769 992	100,0	2 872 900 000	100,0			



**Fra:** Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

**Sendt:** 13.05.2014 15:00:41

**Til:** Ole Hopperstad (ole.hopperstad@bergen.kommune.no); 'gunnari@folkedal.net'; Kjartan Haugsnes; Roald Breistein

**Kopi:** Gudny Spjeld (gudny.spjeld@bergen.kommune.no); Hogne Haktorson

**Emne:** Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll

**Vedlegg:** Invitasjon tiul selskapskontroll av Hardangerbrua AS.pdf;Prosjektplan selskapskontroll Hardangerbrua AS.pdf;Saksframlegg til kontrollutvalet i HFK 6.5.14 - Handangerbrua.pdf;image001.png

Vedlagt følger invitasjon til kontrollutvala i eigarkommunane Granvin, Bergen, Kvam, Voss, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord til å delta i selskapskontroll av Hardangerbrua AS.

Med helsing

**Roald Breistein**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*



Kontrollutvala i eigarkommunane Granvin,  
Bergen, Kvam, Voss, Ullensvang, Ulvik og  
Eidfjord

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/14570-7  
Dykkar ref.:

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Invitasjon til deltaking

### Bakgrunn for saka:

I Hordaland fylkeskommune sin vedtekne plan for selskapskontroll er Hardangerbrua AS eit av dei prioriterte selskapa for selskapskontroll i perioden 2012 – 2016.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, Selskapskontroll, står det m.a. dette under merknader:

*"I kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalg kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne."*

Vidare står det m.a. dette på side 114 i kontrollutvalsboka:

*"Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet."*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i sak 42/14 i møte 6.5.14:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Hardangerbrua AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 30.9.2014.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksframlegg og saksprotokoll frå dette møtet og forslag til prosjektplan frå Deloitte ligg ved.

### Drøfting:

I tråd med punkt 4 i vedtaket i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 vert kontrollutvalet i din kommune invitert til å delta i ein felles selskapskontroll av Hardangerbrua AS.

Av forslag til prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- **Eigarskapskontroll** – Punkt 1.3 – A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
- **Forvaltningsrevisjon** – Punkt 1.3 – B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Kostnadene med å delta i **eigarskapskontroll** for eigen kommunes eigarskapsforvaltning er i forslag til prosjektplan berekna til 50 timar for den einskilde kommune.

Aktuell kommune sin andel av kostnadene dersom ein ønskjer å delta i **forvaltningsrevisjon** i Hardangerbrua AS, kan bereknast etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i Hardangerbrua AS skal kostnadane delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Døme: Dersom 80 % av eigarane vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for ein kommune som eig 6,67 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 80 % \* eigarkommune X 6,67 % = 8,34 % av kostnadene.

Forvaltningsrevisjonen er berekna til 150 timar. 8,34 % av dette vil utgjere ca. 12,5 timar.

I tillegg til desse kostnadene må den einskilde kommune betale dersom Deloitte deltek i møte i kontrollutvalet for t.d. å presenterer rapporten. Dersom kommunen vidare ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for kommunestyret vil dette komme i tillegg. Timeprisen som vert lagt til grunn i dette prosjektet er timeprisen som den einskilde kommune har i sin avtale med Deloitte. Timeprisen for dei andre kommunane som ønskjer å delta i prosjektet vert opplyst på munnleg førespurnad til sekretariatet.

Det kan elles opplyst om at det er ei målsetting å laga ein felles revisjonsrapport til alle eigarkommunane som vil delta når det gjeld **forvaltningsrevisjon** medan det vert laga rapport til kvar einskild kommune når det gjeld **eigarskapskontrollen**.

#### Konklusjon:

Ut frå dette ber vi om at kontrollutvalet i din kommune tek stilling til desse spørsmåla:

1. Ønskjer kommunen at Deloitte skal gjennomføre **eigarskapskontroll** av Hardangerbrua AS?
2. Ønskjer kommunen å delta i **forvaltningsrevisjon** som Deloitte skal gjennomføre av Hardangerbrua AS?

Vi ber om at svar vert send hit **seinast innan 30.9.2014**. Dersom vi ikkje har høyrte noko frå din kommune innan denne fristen reknar vi med at det ikkje er ønskeleg å delta i prosjektet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Saksframlegg med saksprotokoll i sak 43/14 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 og Forslag til prosjektplan frå Deloitte dagsett mai 2014

Kopi: Deloitte AS

Selskapskontroll | Hordaland fylkeskommune

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Prosjektplan/engagement letter



# Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1 Innleiing .....	3
1.2 Om selskapet.....	3
1.3 Føremål og problemstillingar .....	4
1.4 Deltaking frå andre eigarkommunar .....	5
<b>2. Metode</b> .....	<b>6</b>
2.1 Innleiing .....	6
2.2 Dokumentanalyse .....	6
2.3 Intervju .....	6
2.4 Stikkprøver.....	6
2.5 Verifisering og høyring.....	6
2.6 Kvalitetssikring.....	7
<b>3. Kontrollkriterium</b> .....	<b>8</b>
3.1 Innleiing .....	8
3.2 Aksjeloven .....	8
3.3 Offentlege innkjøp .....	9
3.4 Offentlegheit .....	9
3.6 Selskapet sine vedtekter .....	15
3.7 Fylkeskommunale dokument og vedtak.....	15
3.7.1 Eigarskapsmelding .....	15
3.7.2 Andre fylkeskommunale vedtak.....	16
<b>4. Tid og ressursbruk</b> .....	<b>17</b>
4.1 Nøkkelpersonell.....	17
4.2 Ressursbruk.....	17
4.3 Gjennomføringsplan .....	17

# 1. Innleiing

## 1.1 Innleiing

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet utarbeidd ein prosjektplan for selskapskontroll av Hardangerbrua AS. I følgje kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Gjennom selskapskontrollar vil ein mellom anna undersøke om krava kommunen set til eigarskapsutøvinga og til selskapet blir etterlevd. Selskapskontroll er eit viktig verktøy for kontrollutvalet for å sikre demokratisk innsyn og kontroll i eigarskapsforvaltninga og selskapa kommunen har eigarskap i.

Selskapskontroll kan i hovudsak delast mellom to ulike typar kontrollar.

1. Eigarskapskontroll
2. Forvaltningsrevisjon i selskap

**Eigarskapskontroll** er den obligatoriske delen av selskapskontrollen og handlar i stor grad om korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine. Fokuset er retta mot kommunen som eigar, og korleis kommunen gir føringar og følgjer opp eigarskapa. Når det gjelder **forvaltningsrevisjon i selskap** så er dette ein frivillig del av selskapskontrollen som blir basert på konkrete risiko- og vesentlegsvurderingar av eigarskapa og selskapet det gjeld. Ein slik forvaltningsrevisjon handlar i hovudsak om å undersøke forhold knytt til selskapet sine plikter og oppgåver. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan mellom anna måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet kontrollerast.

Det kan også gjennomførast kontrollar som kombinerer element frå dei to nemnte formene. Selskapskontrollen som er foreslått her er ein slik kombinasjon av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet.

## 1.2 Om selskapet

Hardangerbrua AS blei stifta januar 1987, og etter 2006 har selskapet førestått delfinansiering av Hardangerbrua og administrert innkrevjing av bompengar. Hardangerbrua AS blei oppretta for å finansiere og realisere bru over Hardangerfjorden ved Vallavik og Bu. Innkrevjing av bompenger i bomstasjonen på Hardangerbrua starta 19. august 2013.<sup>1</sup>

Av selskapet sin nettstad går det fram at Vegamot AS har den daglege drifta av Hardangerbrua AS. Vegamot AS er eit selskap som skal drifte bompengeprojekt og andre formar for betalingsformidling ved hjelp av brikke/kort. Selskapet held til i Trondheim.<sup>2</sup>

Selskapet sitt vedtektsfesta føremål er «bygging av bru over Hardangerfjorden med tilførselsvegar på begge fjordsider. Selskapet skal også stå for finansiering av den delen staten ikkje tek.»<sup>3</sup>

---

<sup>1</sup> <http://www.hardangerbrua.no/>

<sup>2</sup> <http://www.hardangerbrua.no/>

Selskapet har eit styre på sju representantar med personlege vararepresentantar. Selskapet har ein arbeidande styreleiar.<sup>4</sup>

Hardangerbrua AS har følgjande eigarar:<sup>5</sup>

- Hordaland Fylkeskommune (53,33 %)
- Granvin Herad (6,67 %)
- Bergen Kommune (6,67 %)
- Kvam Herad (6,67 %)
- Voss Kommune (6,67 %)
- Ullensvang Herad (6,67 %)
- Ulvik Herad (6,67 %)
- Eidfjord Kommune (6,67 %)

### 1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hardangerbrua AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Følgjande overordna problemstillingar vil bli undersøkt:

1. Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Hardangerbrua i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
  - a. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?
  - b. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?
  - c. Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkelig informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Hardangerbrua?
  - a. Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?
3. Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?
  - a. I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp driftsavtalen med Vegamot AS
4. I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompenggeavtalen og avtale om drift av innkrevingsystem med Statens vegvesen?

---

<sup>3</sup> I eigarskapsmeldinga til Hordaland fylkeskommune frå 2013 er det foreslått at fylkeskommunen tar opp spørsmål om endring av vedtekter gjennom styret og generalforsamling, som følgje av at brua allereie er bygd.

<sup>4</sup> <http://www.hardangerbrua.no/>

<sup>5</sup> Informasjon henta frå: [www.proff.no](http://www.proff.no)



5. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:
  - a. Aksjelova
  - b. Offentlege innkjøp
  - c. Offentleggjering
  
6. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?
  - a. Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?
  - b. I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?
  - c. Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?

#### **1.4 Deltaking frå andre eigarkommunar**

Dersom kontrollutvalet i andre eigarkommunar ønskjer å delta i gjennomføringa av selskapskontrollen kan problemstillingane knytt til den (fylkes-) kommunale eigarskapsforvaltninga (A) bli undersøkt for kvar eigarkommune. Handsaminga av problemstillingane knytt til drifta i selskapet (B) vil vere den same for alle eigarkommunane.

## 2. Metode

### 2.1 Innleiing

Deloitte utfører selskapskontroll i samsvar med kapittel 6 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon og rettleiar for gjennomføring av selskapskontroll utarbeidd av NKRF<sup>6</sup>.

### 2.2 Dokumentanalyse

Innsamla dokumentasjon og kjeldemateriale i form av lover, kommunale vedtak, relevant selskapsinformasjon, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar og regelverk m.m. vil bli analysert. Innsamla kildemateriale vil bli vurdert i forhold til kontrollkriteria.

### 2.3 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlige kjelder vil Deloitte intervjuje personar frå selskapet og representantar frå Hordaland fylkeskommune.

Aktuelle intervjujupersonar er administrativt tilsette i Hordaland fylkeskommune med særskilt ansvar/ arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av selskapet og Hordaland fylkeskommune sin generalforsamlingsrepresentant i selskapet. Vidare vil revisjonen gjennomføre intervju med styreleiar og dagleg leiar i selskapet. Vi tek sikte på å gjennomføre 3-4 intervju. Endeleg utval av personar som skal intervjuast eller svare på spørsmål vil bli gjort etter innleiande dokumentanalyse.

### 2.4 Stikkprøver

Dersom undersøkinga viser at selskapet er underlagt lov om offentlige anskaffelser kan revisjonen dersom kontrollutvalet ønskjer det gjennomføre stikkprøver for å vurdere i kva grad innkjøp blir konkurranseeksponert og dokumentert i samsvar med regelverket. Vi foreslår å gjennomføre 3 stikkprøver. Dette vil eventuelt medføre 15 timar ekstra. Dette er nærmare omtalt under punkt 4.2 ressursbruk.

### 2.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervjuet vil bli sendt til dei intervjuet for verifisering. Det er berre informasjon frå verifiserte intervju som vil bli nytta i rapporten.

Rapporten vil bli sendt til selskapet og kommunen for verifisering og høyringsuttale. Eventuelle faktafeil i rapporten vil bli retta opp og høyringsuttaler vil bli lagt ved den endelege rapporten. Høyringsutkast av

---

<sup>6</sup> Selskapskontroll - fra a –å. (Praktisk veileder), Utarbeidd av NKRF 2010.

rapporten vil også bli sendt til kommunen sin generalforsamlingsrepresentant for høyringsuttale. Endeleg rapport vil bli sendt til kontrollutvalet.

## **2.6 Kvalitetssikring**

Kvalitetssikring av selskapskontrollar er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM), og Deloitte har valt å leggje forvaltningsrevisjonsstandarden RSK 001 til grunn også ved gjennomføring av selskapskontrollar. Dette gjer at prosessen for kvalitetssikring av selskapskontroller er lik prosessen med kvalitetssikring av forvaltningsrevisjonar.

# 3. Kontrollkriterium

## 3.1 Innleiing

Kontrollkriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kontrollkriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i kontrollen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

## 3.2 Aksjeloven

Av § 2-2 går minstekrav til vedtekter i eit selskap fram:

1. «selskapets foretaksnavn;
2. den kommune i riket hvor selskapet skal ha sitt forretningskontor;
3. selskapets virksomhet;
4. aksjekapitalens størrelse, jf § 3-1;
5. aksjenes pålydende (nominelle beløp), jf § 3-1;
6. antallet eller laveste og høyeste antall styremedlemmer, jf § 6-1;
7. om selskapet skal ha flere daglige ledere eller om styret eller bedriftsforsamlingen skal kunne bestemme at selskapet skal ha flere daglige ledere, samt i så fall om flere daglige ledere skal fungere som kollektivt organ;
8. hvilke saker som skal behandles på den ordinære generalforsamlingen, jf § 5-5;
9. om selskapets aksjer skal registreres i et verdipapirregister».

I følge aksjelova § 5-1 første ledd representerer aksjeeigarane det øvste mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga.

Kvar aksje gjev ei stemme dersom ikkje anna følgjer av lov eller vedtekter (jf. § 5-3). Innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår skal selskapet ha gjennomført ordinær generalforsamling (§ 5-5, første ledd). På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast (§ 5-5, andre ledd):

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbytte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal seinast ei veke før generalforsamling sendast til kvar aksjeeigar med kjent adresse (jf. § 5-5, tredje ledd).

Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, og medlemmene blir valt av generalforsamlinga (jf § 6-3). Styret skal syte for forsvarleg organisering av verksemda (jf. § 6-12) og styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet og selskapet sine andre verksemdar (jf. § 6-13).

Styremedlemmer tenestegjer i to år. I vedtektene kan tenestetida settast kortare eller lenger, men ikkje meir enn fire år (jf § 6-6).

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret (jf. § 6-2). Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd og følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir (jf. § 6-14). Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanlig art eller av stor betydning (jf. § 6-14). Daglig leder skal sørge for at selskapet sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter og at

formuesforvaltninga er ordna på ein betryggande måte (jf. § 6-14). Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad gi styret orientering om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, og styret kan til ein kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ein orientering om bestemte saker (jf. § 6-15). Det skal bli ført protokoll over styrebehandling (jf. § 6-29).

For selskap der tilsette er representert i styret, skal styret fastsette ein styreinstruks som gir nærmare regler om styret sitt arbeid og saksbehandling. Instruksen skal mellom anna innehalde reglar for kva saker som skal handsamast av styret og dagleg leiars arbeidsoppgåver og plikter overfor styret. Instruksen skal også innehalde reglar for innkalling og møtehandsaming (jf. § 6-23).

### 3.3 Offentlege innkjøp

Når det offentlege skal føreta anskaffingar skal *Lov om offentlige anskaffelser (LOA)*<sup>7</sup> med tilhørande *forskrift om offentlige anskaffelser (FOA)*<sup>8</sup> følgjast. I lov om offentlege anskaffingar § 1 går det fram at:

«Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptre med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Av lov om offentlege anskaffingar § 5 går det mellom anna fram at ein anskaffing så langt det er mogleg skal vere basert på konkurranse og oppdragsgjevar skal sikre at omsynet til føreseielegheit, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet blir ivaretatt gjennom anskaffingsprosessen.

Regelverket om offentlege anskaffingar kan vere relevante revisjonskriterium. Dette vil revisjonen gjere ei nærare vurdering av ved gjennomføring av selskapskontrollen.

### 3.4 Offentlegheit

Føremålet med Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova)<sup>9</sup> er å leggje til rette for at offentlege verksemdar er opne og gjennomsiktige. Det er i hovudsak to prinsipp som følgjer av lova:

- Rett til innsyn
- Plikt til å føre journal

Av § 3 i offentliglova går det fram at «saksdokument, journaler og liknende som virksomheten har registrert er åpne for innsyn dersom ikke annet følger av lov eller forskrift med hjemmel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknende register til organet hos vedkommande organ.» Offentlege verksemdar som er omfatta av lova har plikt til å føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter jf. § 10.

I offentliglova § 2 fremgår loven sitt verkeområde:

«Lova gjeld for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane,
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,

---

<sup>7</sup> Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Lov om offentlige anskaffelser. LOV-1999-07-16 nr. 69

<sup>8</sup> Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Forskrift om offentlige anskaffelser. FOR-2006-04-07 nr. 402

<sup>9</sup> Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Offentliglova. LOV-2006-05-19 nr. 16

- c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.»

Offentleglova kan vere relevant som revisjonskriterium. Dette vil revisjonen gjere ei nærare vurdering av ved gjennomføring av selskapskontrollen.

### 3.5 Kommunesektorens organisasjon (KS) sine retningslinjer for eigarstyring

Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt eigarforum har utarbeidd eit sett med tilrådingar<sup>10</sup> for korleis kommunale/fylkeskommunale eigarskap bør forvaltast og kva system og rutinar kommunar og fylkeskommunar bør etablere. Av tilrådingane går det innleiingsvis fram følgjande om aktivt eigarskap i kommunar/ fylkeskommunar:

«Et aktivt eierskap er grunnleggende for en best mulig lokalpolitisk forvaltning av de samlede verdier og har direkte konsekvenser for selskapene, deres disponeringer og deres markedsposisjon. Samtidig vil et aktivt eierskap gi viktige signaleffekter overfor omverden og styrke kommunens/fylkeskommunens omdømme.»<sup>11</sup>

I den sist oppdaterte versjonen (2013) omtalar KS 19 tema med tilhøyrande tilrådingar.

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde,
2. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar,
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter,
4. Vurdering og val av selskapsform,
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd,
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap,
7. Samansetting og funksjon av eigarorgan,
8. Gjennomføring av eigarmøte,
9. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor,
10. Valkomité for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap,
11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra,
12. Styresamansetting i konsernmodell,
13. Oppnemning av vararepresentantar,
14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra,
15. Kjønnrepresentasjon i styra,
16. Godtgjøring og registrering av styreverv,
17. Arbeidsgjevartilknytning i sjølvstendige rettssubjekt,
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer,
19. Administrasjonssjefen si rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak.

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen som ein del av folkevaldopplæringa bør **gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar** for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til

---

<sup>10</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013)

<sup>11</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013) s.2.

eigarstyring av utskilt verksemd. Det går fram at den fyrste opplæringa bør bli gjennomført i løpet av dei fyrste 6 månadene av valperioden og følgjast opp etter to år. I KS sine tilrådingar blir det vist til at politikarar ofte har liten eller manglande kompetanse knytt til eigarstyring av selskap. Det er derfor viktig at dei folkevalde får innsikt i ulike roller ein innehar som både folkevald og som t.d. styremedlem og representantskapsmedlem. Dei folkevalde må vere medvitne om roller, styringslinjer og ansvarsdeling. Vidare framhevar KS at for å styrke kompetansen og sikre informasjon til kommunestyrepolitikarane, bør det årleg etter gjennomføring av generalforsamling, bli gjeve informasjon om status for selskapa, drift og nøkkeltal.

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen bør **utarbeide eigarskapsmelding**. Av tilrådingane går det fram at ein eigarskapsmelding kan definerast som eit overordna politisk styringsinstrument for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre, ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ. Ei eigarskapsmelding bør som minimum innehalde tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen sine verksemdar som er lagt til selskap og samarbeid
2. Politisk (prinsipp for eigarstyring) og juridiske styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformane
3. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, herunder vedtektsrevisjon

Det går vidare fram at ei eigarskapsmelding vil sikre naudsynste styringssignal til selskapa og tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar. Ei eigarskapsmelding vil bidra til å gje oversikt over kommunen si samla verksemd, og gje dei folkevalde ei moglegheit til å setje seg inn i dei juridiske styringsmoglegheitene som ligg i dei ulike selskapsformane. Eigarskapsmeldinga kan også innehalde eit eige punkt om selskapa sitt samfunnsansvar, t.d. politiske målsettingar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv. Eigarskapsmeldinga bør også reflektere det rettslege ansvarsmessige forholdet mellom selskapsform og eigar. KS tilrår at eigarskapsmeldinga blir gjennomgått og eventuelt revidert kvart år i kommunestyre.<sup>12</sup>

Det går også fram av KS sine tilrådingar at kommunen bør **utarbeide og revidere selskapsstrategi og vedtekter**. KS peiker på at selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i vedtektene/selskapsavtalen, og at selskapet innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vidare bør føremålet i selskapsavtale/vedtekter bli vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Av KS sine tilrådingar går det vidare fram at ein grunnleggjande føresetnad for ei strategisk drift av selskapa er ein klar og presis eigarstrategi for selskapa der eigar sine forventningar til selskapet er formulerte. Dette vil også vere ein føresetnad for gjennomføring av selskapskontroll. Det er anbefalt at eigar klargjer sine forventningar til styret og selskapet gjennom selskapsstrategiane. Selskapsstrategiane bør som del av eigarmeldinga bli revidert jamleg. Det går vidare fram at det i selskapsstrategien bør klargjærast eigar sine forventningar til type avkastning, anten den er i finansiell forstand eller på anna måte. Det blir peika på at type avkastning vil avhenge av type selskap og selskapet sitt føremål. Det går vidare fram at det er eigar sitt ansvar å syte for at selskapet har ein forsvarleg selskapskapital og at styret har handleplikt dersom eigenkapitalen blir for låg. Styret skal i samsvar med aksjeloven foreslå utbytte innanfor dei avgrensingane som aksjeloven sett for åtgangen til å utdele utbytte. Det blir vidare peika på at det derfor er viktig at eigarane har forventningar om ein utbyttepolitikk som gjer at selskapet sitt føremål kan realiserast. Det blir vidare peikt på at selskapet ikkje bør akkumulere høgare eigenkapital enn det som er naudsynt på forretningsmessig grunnlag og for å oppnå eigarane sitt mål med selskapet.

---

<sup>12</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.7-8.

Vidare blir det vist til at føremål for selskap ofte blir definert forholdvis generelt, noko som kan medføre stor åtgang til endringar i verksemda. Det blir peika på at det vil vere opp til eigarorganet å veige behovet for selskapet sitt handlingsrom. KS peikar også på at langsiktigheit og samfunnsansvar bør leggjast til grunn for kommunale eigarskap.<sup>13</sup>

Når det gjeld **vurdering og val av selskapsform** går det fram av KS sine tilrådingar at det er eigar sitt ansvar å sikre at selskap har ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverk.<sup>14</sup>

Dersom kommunen har eigarskap i selskap som opererer i konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd, bør det som hovudregel etablerast eit **fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**, for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering. Organiseringa av konkurranseutsett verksemd bør så langt som mogleg ha åtskilt leiing og bemanning, i tillegg til å vere fysisk åtskilt frå monopolverksemda. KS peiker på at dette bør vere utgangspunktet, og at dersom ein ikkje oppfyller dette må det vere ei bevisstheit omkring kva som er årsaka til det.<sup>15</sup>

Av tilrådingane går det vidare fram at kommunestyre har **eit tilsyns- og kontrollansvar** for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir tryggja. Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyre sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det er viktig at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyre innafor kommunelova sine føresegner fastsett regler for selskapskontroll. Dette bør omfatte kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte.<sup>16</sup>

KS tilrår vidare at administrasjonssjefen skal syte for at dei folkevalde og innbyggjarane lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarinteresser i.<sup>17</sup>

KS sine tilrådingar omhandlar også samansetting og funksjon av eigarorgan. For aksjeselskap anbefalar KS at kommunestyre vel politisk leiing som eigarrepresentant i selskapet sitt eigarorgan. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret si samla avgjerse eller fleirtalsavgjerse. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamlingar. Det blir presisert at tilrådinga retter seg mot at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa og ikkje i selskapsstyra. Det blir vidare peika på at innanfor selskapsformene AS og IKS bør det, for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorgan som forankrast i eigarskapsmeldinga.<sup>18</sup>

KS tilrår også at det blir **gjennomført eigarmøte**. Generalforsamling er det formelle eigarmøtet, men det kan også bli kalla inn til eigarmøte utover generalforsamlingar. Tilrådinga om gjennomføring av eigarmøte er ei presisering av lova. KS tilrår at styret bør leggje til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan ta del i generalforsamling og at dette blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Revisor har rett til å vere til stades, og nokre gonger har revisor plikt til å møte når det er saker på dagsorden som gjer dette naudsynt. I tillegg til generalforsamling kan det bli gjennomført

---

<sup>13</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.8-9.

<sup>14</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.9.

<sup>15</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.9.

<sup>16</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.10.

<sup>17</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.10.

<sup>18</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.11-12.



andre eigarmøte, til dømes for å drøfte ei sak utan at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane sjølve å vurdere behovet for, og korleis slike eigarmøte skal bli gjennomført.<sup>19</sup>

KS sine tilrådingar omhandlar også eigar sine krav til **profesjonelle styre** i kommunal sektor. Av tilrådingane går det fram at det er eigar sitt ansvar å setje saman styret og gje styret dei naudsynte styringsrammene for å utøve si verksemd som eit profesjonelt organ. Det er eigar sitt ansvar å gje informasjon om rammene for og innhaldet i det å sitte i eit styre. Det går vidare fram at eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig. Det blir vidare vist til at å ta på seg eit styreverv er eit personlig verv. Det betyr at ein ikkje representerar verken politiske parti, kommunen eller andre interessenter, men skal ta i vare selskapet sine interesser på best mogeleg måte saman med resten av styret og ut i frå selskapet sitt føremål. Det blir peika på at dette følgjer naturleg av at profesjonelt eigarskap blir utøvd gjennom eigarorganet. Vidare blir det vist til at eigar bør foreta ein analyse av selskapet sitt føremål og eigar sine forventningar som grunnlag for å setje saman eit profesjonelt styre.

Vidare blir det vist til at eit styre skal ha generalist- og fagspesifikk kompetanse. Føremålet for dei kommunale selskapa er ulikt, frå t.d. finansielt, politisk eller meir samfunnsnyttig motivert eigarskap. Det inneber at kompetanse bør sjåast i lys av selskapet sitt føremål. Eit profesjonelt samansett styre har kompetanse som er naudsynt for å oppfylle eigar sine forventningar. KS viser til at dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, skal eigar sitt ansvar likevel presiserast og det skal bli gjeve tilbod om opplæring der det er naudsynt. KS har også kome med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmer bør ha:<sup>20</sup>

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet si drift,
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie,
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og foreta naudsynte grep når naudsynt,
- Kompetanse på offentleg forvaltning og de politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid,
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMT, leiing eller organisasjon,
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen,
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder.<sup>21</sup>

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap tilrår KS at det bør vedtektsfestast **bruk av valkomité**. Føremålet er å sikre samansetting av styre med komplementær kompetanse og i samsvar med eigar sitt føremål med selskapet. Representantskapet /generalforsamlinga sin leiar vel leiaren av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen bli samansett for å spegle eigardel. Fleirtalet av valkomiteen bør vere uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteen si innstilling bør grunngjevast. KS peikar vidare på at samansettinga av styret bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og representantar bør vil valt ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. KS viser også til at styret sin eigenevaluering bør bli tatt med i vurderinga ved val av styreprerantar.<sup>22</sup>

Vidare viser KS til at det er eigar sitt ansvar å sikre eit styre med naudsynt kompetans til å leie selskapet i samsvar med eigar sitt føremål. I dette ligg det også at eigar står fritt til å skifte ut

---

<sup>19</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.12.

<sup>20</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 13.

<sup>21</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 13.

<sup>22</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 14.

styremedlemmer innafor valperioden. Samstundes har styret eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre **jamlege kompetansevurderingar av eget styre** i forhold til eigarane sitt føremål med selskapet. For å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styret tilrår KS at det blir etablert følgjande rutinar som ein del av styret sine rammer. Styret skal:

- Fastsette instruksar for styret og den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling,
- Gjennomføre ein eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid,
- Bli gjeve jamleg moglegheit til ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling,
- Gjennomføre eigne styreseminar der fokus går på roller, ansvar og oppgåver,
- Fastsette ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring,
- Gje ein samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport. Dersom dette ikkje er gjort skal det forklarast.

KS peikar på at rutina er ei rettesnor og at rutinane naturleg nok vil avhenge av selskapet sin storleik og verksemd.<sup>23</sup>

Når det gjeld **styresamansetting i konsernmodell** tilrår KS at styret i morselskap ikkje bør sitje i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vere representert i dotterselskapa sine styre. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre bør det vere leiingsmessig og funksjonelt skilje mellom selskapa for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosessar. Dersom det i konsernet er eit dotterselskap som yter monopoltenester til sine eigarar eller innbyggjarane i eigarane sine kommunar bør eksterne kandidatar ha fleirtal i dotterstyret.<sup>24</sup>

Vidare tilrår KS at når det utpeikast **vara til styret** bør ordninga med numerisk vara bli nytta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. KS tilrår også at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre kompetanse og kontinuitet.<sup>25</sup>

Når det gjeld **habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra** viser KS til at det er opp til kvart einsskilte eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet tilrår KS å unngå situasjonar der styret sine medlemmer jamleg blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. KS tilrår at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar, og at kommunestyre opprettar ein valkomité som innstiller til det organ som skal velje styrerepresentantar. Endringar i forvaltningslova § 6 som trådte i kraft 1. november 2011 medfører at ingen kommunalt tilsette eller folkevalte skal handtere saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem, også der selskapa er fullt ut offentleg eigd.<sup>26</sup>

KS sine tilrådingar omhandlar også **kjønnsrepresentasjon i styre**. KS peiker på at reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskap gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredeler av aksjane i selskapet. For statsaksjeselskap med fem styremedlemmer er det krav om 40 % kjønnsrepresentasjon. KS føreslår at eigarorgan uavhengig av organisasjonsform søker å få til ein balansert kjønnsrepresentasjon i styre for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen/kommune/kommunen.<sup>27</sup>

KS sine tilrådingar omhandlar vidare **godtgjøring og registrering av styreverv**. KS tilrår at kommunen i samband med utarbeiding og eventuell revidering av eigarmelding gjennomfører ein prinsipiell

---

<sup>23</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

<sup>24</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

<sup>25</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

<sup>26</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 16.

<sup>27</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

diskusjon om honorar som grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Vidare tilrår KS at alle som tar på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på [www.styrevervregister.no](http://www.styrevervregister.no).<sup>28</sup>

Vidare peiker KS på at godtgjeringsa bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Vidare peiker KS på at styremedlemmar generelt ikkje bør påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.<sup>29</sup>

Vidare tilrår KS at selskapa ved utskilling av verksemd til sjølvstendige rettssubjekt søker medlemskap i ein **arbeidsgjevarorganisasjon**.<sup>30</sup>

KS tilrår vidare at eigar ser til at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer **etiske retningslinjer for selskapsdrifta**.<sup>31</sup>

Den siste av tilrådingane frå KS omhandlar **administrasjonssjefens rolle**. Det går fram at administrasjonssjefen eller andre i leiande administrative posisjoner samt medlemmer av kommunalråd ikkje kan sitte i styra i føretak.<sup>32</sup>

## 3.6 Selskapet sine vedtekter

Hardangerbrua sine vedtekter vil bli lagt til grunn som revisjonskriterium.

## 3.7 Fylkeskommunale dokument og vedtak

### 3.7.1 Eigarskapsmelding

Hordaland fylkeskommune reviderte si eigarskapsmelding i juni 2013. I eigarskapsmeldinga 2013 går fylkeskommunen systematisk gjennom KS sine 19 tilrådingar og vurderer fylkeskommunen sin praksis sett i forhold til retningslinjene.

I eigarskapsmeldinga er det ein tabell som viser oversyn over fylkeskommunen sin selskapsportefølje. Til saman har fylkeskommunen eigarskap i 42 selskap. For kvart av selskapa er føremålet med eigarskapet definert og selskapet er plassert under ein av seks sektorar (sjå liste nedanfor). I tillegg går mellom anna eigardel og prosentdel kvinner i selskapsstyret fram av oversikta.

Hordaland fylkeskommune har i eigarskapsmeldinga delt inn sine eigarskap i følgjande seks sektorar:

- samferdsel
- næring og nyskaping
- kultur
- energi
- eigedom
- arbeidsmarknadsverksemd

For kvar av sektorane er det også gjeve ei omtale om fylkeskommunen sin rolle som eigar av selskap innanfor sektoren. Vidare i eigarskapsmeldinga går fylkeskommunen sine selskaps-spesifikke eigarstrategiar for kvart selskap fram.

---

<sup>28</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

<sup>29</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

<sup>30</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 18.

<sup>31</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 18.

<sup>32</sup> Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 19.

Av eigarskapsmeldinga går det fram at bompengeselskapa er plassert under sektoren samferdsel. Det går vidare fram at Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i bompengeselskapa er av samfunnsmessig karakter. I eigarskapsmeldinga skiljer fylkeskommunen mellom «bompengeselskap som pådrivarselskap» og bompengeselskap med ansvar for finansiering og innkrevjing». Det går fram at førstnemnte er «ein form for interesseorganisasjon som mellom anna forsøker å påverke politiske beslutningstakarar lokalt, regionalt og nasjonalt», medan sistnemnte kategori er selskap som har hatt ansvar for finansiering og administrert innkrevjinga i tråd med vedtatt bompengeproposisjon og bompengearvtale med Statens vegvesen. Det blir vidare vist til at pådrivarselskapa er sterkt politiske av natur, medan innkrevjingselskapa har ein administrativ, ikkje-politisk funksjon.<sup>33</sup>

Det går vidare fram at fylkeskommunen har garantiansvar for bompengeselskapa sine lån, og at det derfor er ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.<sup>34</sup>

Hardangerbrua AS plassert i kategorien «Bompengeselskap med ansvar for finansiering og innkrevjing» i fylkeskommunen si eigarskapsmelding.<sup>35</sup> Av eigarskapsmeldinga går følgjande eigarstrategi for Hardangerbrua AS fram:

«Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk. Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.»<sup>36</sup>

### 3.7.2 Andre fylkeskommunale vedtak

Eventuelle andre fylkeskommunale føringar og vedtak som er relevante vil bli lagt til grunn som revisjonskriterium.

---

<sup>33</sup> *Eigarskapsmelding 2013*. Vedtatt i fylkestinget 11-12.06.2013, Hordaland fylkeskommune, s.16-17.

<sup>34</sup> *Eigarskapsmelding 2013*. Vedtatt i fylkestinget 11-12.06.2013, Hordaland fylkeskommune, s.17.

<sup>35</sup> *Eigarskapsmelding 2013*. Vedtatt i fylkestinget 11-12.06.2013, Hordaland fylkeskommune, s.16.

<sup>36</sup> *Eigarskapsmelding 2013*. Vedtatt i fylkestinget 11-12.06.2013, Hordaland fylkeskommune, s.25.

# 4. Tid og ressursbruk

## 4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av seniormanager Birte Bjørkelo, seniorkonsulent Stine Karoline Olsen og seniorkonsulent Iver Fiksdal. Deloitte har satt saman et team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande standard, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor revisjon og selskapskontroll.

## 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektets karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta 135 timar å gjennomføre prosjektet dersom vi ikkje inkluderer stikkprøver for innkjøp. Dersom vi skal gjennomføre stikkprøver for offentlege innkjøp vil prosjektet krevje 150 timar. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. 120 timar er berekna til undersøkinga av problemstillingar knytt til drifta i selskapet (del B). Dette vil utgjere 105 timar dersom vi ikkje skal gjennomføre stikkprøver for offentlege innkjøp.

Dersom kontrollutval i andre eigarkommunar ønskjer å delta i selskapskontrollen og få gjennomført problemstillingane knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga (del A) må det påreknast 40 timar knytt til eigarskapskontroll for kvar einsskilde kommune.

Timane som gjeld forvaltningsrevisjon av drifta i selskapet (120 timar) vil blir delt på talet på eigarkommunar som er med i prosjektet, gjerne i samsvar med eigardel i selskapet. Dette vil bli avtala nærare gjennom sekretariatet til Hordaland fylkeskommune om det blir aktuelt.

## 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere juni 2014 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av november 2014, eller etter avtale med kontrollutvalet. Dette krev at selskapet og kommunen innan avtalte fristar sender all etterspurt dokumentasjon, at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju, samt at selskapet innan avtalte fristar gir tilbakemelding på rapportutkast i samband med verifisering og høyring.

Bergen, 05. mai 2014

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Stein Ove Songstad', with a long horizontal stroke extending to the right.

---

Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS



Arkivnr: 2014/14570-3

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Forslag til prosjektplan

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 29/14 i møte 24.03.14:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra selskapskontroll av ..... og Hardangerbrua AS.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplanar vert å sende til sekretariatet seinast innan 9.4.14 med tanke på godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.*

I same møte vart også dette protokollert:

*«I dette møtet vil kontrollutvalet også ta stilling til om andre kommunale eigarar skal verta invitert til å delta i selskapskontrollen.»*

Med utgangspunkt i vedtaket over har Deloitte levert eit forslag til prosjektplan for "Selskapskontroll av Hardangerbrua AS". Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

*«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hardangerbrua AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»*

Følgjande overordna problemstillingar vil bli undersøkte:

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Hardangerbrua i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*



- a. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*
- b. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?*
- c. *Blir kommunen tilstrekkelig informert om drifta og utviklinga i selskapet?*
2. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Hardangerbrua?*
  - a. *Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?*
3. *Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?*
  - a. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp driftsavtalen med Vegamot AS*
4. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompenggeavtalen og avtale om drift av innkrevningssystem med Statens vegvesen?*
5. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:*
  - a. *Aksjelova*
  - b. *Offentlege innkjøp*
  - c. *Offentleggjering*
6. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?*
  - a. *Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?*
  - b. *I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?*
  - c. *Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?*

#### Drøfting:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet har gjeve. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med føringar gjeve frå kontrollutvalet.

I denne selskapskontrollen vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvar og verifisering og høyring som metode. Intervju vil verta gjort med utvalde personar i Hordaland fylkeskommune og i selskapet.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at det vert disponert ein ressurs på inntil maks timetal som ligg i forslag til prosjektplan. Sekretariatet antar at dersom kontrollutvalet ber om ein presentasjon av revisjonsrapporten i fylkestinget vil dette også inngå i timetalet.

I forrige møte i kontrollutvalet var det, som det går fram over, semje om at det skal vurderast om andre kommunale eigarar skal inviterast til å delta i denne selskapskontrollen. Det går fram av prosjektplanen at kommunane Granvin, Bergen, Kvam, Voss, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord har eigardelar i selskapet utanom Hordaland fylkeskommune. Sekretariatet er kjend med at fleire av desse kommunane ikkje skal ha sitt neste møte i kontrollutvalet før i slutten av september 2014. Dette betyr at svar frå alle kommunane på ein ev. invitasjon til å delta i selskapskontrollen, ikkje vil vera klar før dette tidspunktet. Sekretariatet tilrår likevel at kommunane vert invitert til å delta i selskapskontrollen, men at selskapskontrollen vert starta opp no uavhengig av kven som vil delta. Fordeling av kostnadene vert å komme attende til når ein ser kor mange deltakarar det vert.

#### Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet gav i førre møtet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med føringar gjeve frå kontrollutvalet.

Nå det gjeld tal timar vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet godkjenner inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen, inkludert opsjon ev. presentasjon i fylkestinget.

Vidare vert det tilrådd at invitasjon til å delta i prosjektet vert å sende til dei andre kommunane.

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Hardangerbrua AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 13.05.14. Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. ev. presentasjon i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 30.9.2014.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Prosjektplan selskapskontroll av Hardangerbrua AS



Til leder for kontrollutvalget

23. mai 2014

## INFORMASJONSBREV – EVALUERING AV KONTROLLUTVALG OG KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt Deloitte i oppdrag å gjennomføre en evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat. I den forbindelse vil vi gjennomføre en spørreundersøkelse til utvalgte (fylkes-)kommuner. Du mottar dette informasjonsbrevet fordi du er leder i kontrollutvalget i en av de 180 kommunene som er trukket ut til å delta.

Om kort tid vil du motta en link til et elektronisk spørreskjema per e-post som vi ber deg om å svare på. **Siden det bare er et begrenset utvalg kommuner som får anledning til å delta i undersøkelsen, er det avgjørende at alle tar seg tid til å besvare spørreskjemaet.** I dette brevet ønsker Deloitte å informere om undersøkelsen på forhånd.

### Om prosjektet

Deloitte AS utfører en evaluering på oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Hensikten med oppdraget er å styrke kunnskapsgrunnlaget om sentrale deler av den kommunale egenkontrollen. Dette skal kunne danne grunnlag for en eventuell vurdering av regelverk og for utvikling av nye tiltak.

Deloitte AS har trukket ut 180 kommuner og 10 fylkeskommuner, hvor (fylkes-)rådmann og leder i kontrollutvalget vil bli bedt om å svare på en spørreundersøkelse. Også daglig leder/representant for alle kontrollutvalgssekretariatene vil motta en egen undersøkelse. I tillegg vil det gjennomføres casestudier av utvalgte (fylkes-)kommuner.

### Om spørreundersøkelsen

Alle som er utvalgt til å delta i spørreundersøkelsen, vil om kort tid få tilsendt en e-post med en personlig link til undersøkelsen. I e-posten vil du også få nærmere informasjon om hvordan du skal svare på undersøkelsen.

Spørreundersøkelsen vil omhandle tema som:

- Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll
- Erfaringer med kontrollformene forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
- Forhold til kommunestyret
- Formidling og offentliggjøring av kontrollutvalgets arbeid
- Samarbeid med revisor og kontrollutvalgssekretariat
- Eventuell erfaring med høringer

I forkant av undersøkelsen kan det være lurt å undersøke:

- i) Hvilke aktører har kontrollutvalget benyttet til å utføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon i inneværende periode?
- ii) Hvor mange forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har kontrollutvalget gjennomført de siste årene (2011, 2012 og 2013)?
- iii) Hvem som er sekretariat for kontrollutvalget, herunder hvilken type virksomhet er det?
- iv) Hva som er typisk omfang (kroner og/eller timer) for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i din kommune?
- v) Hva var omfanget (kroner og/eller timer) av arbeidet med planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i inneværende periode?
- vi) Størrelse på kontrollutvalgets samlede budsjett i 2014
- vii) Størrelse på kontrollutvalgets budsjett til forvaltningsrevisjon/selskapskontroll i 2014.

Ved behov, kan du gjerne ta kontakt med sekretariatet for kontrollutvalget før du svarer på undersøkelsen for å avklare punktene over.

### Tidsbruk

Det vil ta omtrent 30-60 minutter å svare på spørreundersøkelsen. Dette vil variere noe, ettersom antall spørsmål du blir stilt er avhengig av hva du svarer på spørsmålene før.

Dersom du har spørsmål om undersøkelsen, kan du kontakte Øyvind M. Berge på e-post [oyberge@deloitte.no](mailto:oyberge@deloitte.no) eller telefon 957 58 554. Dersom du har spørsmål til prosjektet, kan du kontakte prosjektleder på e-post: [bjorkelo@deloitte.no](mailto:bjorkelo@deloitte.no)

Med vennlig hilsen



Birte Bjørkelo  
Prosjektleder



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Til utvalgte kommuner  
v/rådmenn, kontrollutvalgsledere og kontrollutvalgssekretariat

Deres ref

Vår ref

Dato

14/870-17

23.05.2014

**Oppfordring om deltakelse i evalueringen av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat.**

Regjeringen oppnevnte i juni 2013 kommunelovutvalget som skal foreta en helhetlig gjennomgang av kommuneloven for å styrke det kommunale selvstyre. Utvalget skal blant annet vurdere tiltak for å styrke den kommunale egenkontrollen.

Kommunelovutvalget skal ved vurderingen av eventuelle tiltak for å styrke den kommunale egenkontroll blant annet se på; om det bør fastsettes regler for høring i regi av kontrollutvalget, revisjonsmandatet, særlig om omfanget av etterlevelserevisjon bør styrkes, samt om det bør innføres sertifiserings- og tilsynsordninger for revisor, om kommunestyret skal ha plikt til å følge opp revisors merknader, om det bør innføres en regel om at kontrollutvalgets leder ikke kan være fra samme parti som ordføreren, reglene for valgbarhet til kontrollutvalget (ansatte i små stillingsbrøker, bostedskriteriet mv.) og om det er behov for nærmere krav til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt Deloitte i oppdrag å gjennomføre en evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat. Evalueringen av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat vil kunne gi et godt kunnskapsgrunnlag for lovutvalget, og vil kunne danne grunnlag for en eventuell vurdering av regelverk og for utvikling av nye tiltak.

Deloitte har trukket ut 180 kommuner og 10 fylkeskommuner til å delta i prosjektet gjennom en elektronisk spørreundersøkelse. Alle daglige ledere for norske kontrollutvalgssekretariater vil også motta en egen undersøkelse. I tillegg vil 6-8 kommuner og fylkeskommuner bli invitert til å delta i casestudier.

---

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
NO-0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler  
Gry Langsæther

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppfordrer kommunene som er valgt ut til å delta i undersøkelsen.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Gry Langsæther  
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

**Fra:** Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

**Sendt:** 13.05.2014 14:50:18

**Til:** ashildlien@hotmail.com

**Kopi:** Fylkesrådmann - Postmottak; Håkon Rasmussen; Thorbjørn Aarethun; Torill Vebenstad (fmhotve@fylkesmannen.no); Torill Vebenstad; Hogne Haktorson

**Emne:** Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6.5.14 - Vedtak

**Vedlegg:** image001.png

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i møte 6.5.14:

**«RS 20/14 Fv 569 Dalseid – Eidslandet – vernestatus og verneverdi**

*Kontrollutvalet viser til vedtak i møte 24.3.14 om denne saka som vart send Eidsland grendalag 31.3.14.*

*På bakgrunn av det som kjem fram i fylkesordførar sitt brev, dagsett 21.3.14 – 2014/146-2 til Åshild Eikefet Lien, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

**Vedtak**


*På bakgrunn av det som kjem fram i fylkesordførar sitt brev, dagsett 21.3.14 – 2014/146-2 til Åshild Eikefet Lien, seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.»*

Med helsing

**Roald Breistein**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

[roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*



**Notat**

 Dato: 29.04.2014  
 Arkivsak: 2014/1527-7  
 Saksbehandlar: brihegg

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

**Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai**

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Oppl.- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Merknad	Endra
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>							
Regional kulturplan	08.-09.04.			23.-24.04.			
Tilskot til fartøyvern 2014	13.05.						21.03.
Tilskot til tiltak for barn og unge våren 2014	13.05.						21.03.
Tilskot til ålmenne kulturføremål våren 2014	13.05.						21.03.
Stønad til innvandrarorganisasjonar	13.05.						
Tilskot til kulturverntiltak	08.-09.04.						
Investeringstilskot til idrettsanlegg med regional verdi	03.06.						
Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge	13.05.						
Kunstnarstipend 2014	03.06.						
Spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet	03.06.						
<b>Opplæringsavdelinga</b>							
Sak vedk. evt. forskriftsendring knytt til lærarens kompetansekrav		08.04.		23.-24.04.			
Fondsavsetning i vidaregåande skular		08.04.		23.-24.04.			
IT-handlingsplan		03.06.		19.06.			
Oppretting av karrieresenter		03.06.		19.06.			
<b>Organisasjonsavdelinga</b>							
Sak retningsliner selskapskontroll/habilitet							09.02.
Revidert beredskapsplan				20.05.	11.-12.06.		
Reviderte rutinar for varsling				19.06.		Adm.utv. 05.06.	

<b>Regionalavdelinga</b>							
Kommunedelplan – fylkesveg Løfallstrand – Kvinnherad kommune	21.01.					Utsett i KURE	
Kommunedelplan – fergeleie – FV- Varaldsøy – Kvinnherad kommune	21.01.					Utsett i KURE	
Årsmelding regionale forskingsfond				20.05.	11.-12.06.		
Budsjettfordeling midlar til folkehelsearbeid		18.03.					
Oppstart av planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft		03.06.			19.06.		
Retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlar 2014-2020				20.05.			
Miljøprogram 2014							
Fråsegn Konesjonssøknad Isdal pumpe og kraftverk, Eidfjord kommune							
Sveio vindkraft, Ryvarden vindkraft. Høyring av melding 2 søknader om vindkraft							
Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Høyringsutkast							
Regional vassforvaltningsplan Hordaland, tiltaksprogram. Utsending på høyring							
Regional vannforvaltningsplan Vestviken. Utsending på høyring							
Regional vassforvaltningsplan Sogn & Fjordane. Utsending på høyring							
Regional vannforvaltningsplan Rogaland. Utsending på høyring							
<b>Økonomiavdelinga</b>							
Rekneskap 2013				20.05.	11.-12.06.		
Tertialrapport 1. tertial				20.05.	11.-12.06.		
Finansrapport 1. tertial				20.05.	11.-12.06.		
Forprosjekt Nye Voss vidaregåande skule		13.05.		20.05.	11.-12.06.		
<b>Samferdselsavdelinga</b>							
Evaluering trygt heim ordninga			19.03.	27.03.			
Søknad om ny taxisentral i Bergen			09.04.	24.04.			
Regional plan for ny godshamn i Bergensomr.			14.05.	20.05.			
Søknad om belønningmidlar			04.06.	19.06.			
KVU Arna-Voss			04.06.	19.06.			
Regionalt bompengeselskap			09.04.	24.04.	11.-12.06		
Nordhordlandspakken			14.05.	20.05.	11.-12.06		
Stord vestsida – revidert bompengesøknad			14.05.	20.05.	11.-12.06		
Moglegheitsstudie for trolleybuss			14.05.	20.05.			
Prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefylgjekrav.			14.05.	20.05.	11.-12.06		
Kontaktutval for Askøypakken – mandat m.v.			19.03.	27.03.			



## Notat

Dato: 30.04.2014  
Arkivsak: 2014/14636-3  
Saksbehandlar: geisto5

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Nettilgang i fylkeshuset og Wigandgården

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 27.03.2014 er teke inn følgjande:

**"Aud Karin Oen** kommenterte nettilgangen i fylkeshuset og Wigandgården: ein må logge seg på kvar gong, og vert stadig "kasta ut" av nettet. Ho spurde om det er mogleg å gjere noko med dette."

Fylkeskommunen har ikkje hatt ei oppdatert løysing for å gje stabil nett-tilgang for IT-utstyr som ikkje er standard. IT-seksjonen starta derfor hausten 2013 eit arbeid med å etablere ei oppdatert nettløysing for slikt IT-utstyr i heile fylkeskommunen. Frå onsdag 2. april 2014 har det vore mogleg for tilsette å kople privat utstyr som nettbrett, smarttelefonar og liknande til dette nye trådlause nettverket i fylkeskommunen. Vi vil no også gje tilgang for folkevalde til dette nye nettet.

For å kome i gang gjer folkevalde følgjande:

1. Ta kontakt med IT-service på telefon 55239494 eller ved personlig fremmøte. Der vil det bli gjeve informasjon om brukarnamn og passord.
2. Kople utstyret til nettverket «HFK-ansatte»
3. Når utstyret ber om det: Oppgje brukarnamnet og passordet frå IT-service.

Utstyret vil automatisk kople seg til nettverket når det er innanfor nettverket sitt dekningsområde. Det er dekning i HFK sentralt, på skulane, på Bybanen utbygging og på dei fleste tannklinikane.



**Notat**

Dato: 08.05.2014  
Arkivsak: 2014/1355-6  
Saksbehandlar: biraase

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Meldingssak om medarbeidarundersøkinga****Bakgrunn:**

Hordaland fylkeskommune har for fyrste gong gjennomført ei medarbeidarundersøking blant alle tilsette i fylkeskommunen. Ekstern leverandør av undersøkinga er Rambøll Management Consulting.

Formålet med undersøkinga er å kartlegge sentrale forhold knytt til opplevinga av arbeidsplassen, trivsel, jobbinnhald og leiarskap samt peike på område for utvikling og forbetring.

Undersøkinga vart gjennomført i perioden 11.-28. mars i år. Totalt deltok 3765 tilsette i undersøkinga. Dette utgjer ein svarprosent på 83. Med såpass høg deltaking kan resultatata frå undersøkinga reknast som representative for organisasjonen.

**Hovudfunn:**

Undersøkinga viser at dei tilsette er relativt godt tilfredse med å arbeide i Hordaland fylkeskommune. 84 prosent er nøgde med jobben i fylkeskommunen. 77 prosent er stolte over å jobbe i fylkeskommunen og 78 prosent vil tilrå andre å søke jobb i Hordaland fylkeskommune.

Kjønn og alder verkar i liten grad inn på jobbtilfredsheita. Det er liten variasjon i jobbtilfredsheit på tvers av avdelingane, men mellom ulike einingar er det relativt stor variasjon. Skilnaden mellom einingar med høg og låg tilfredsheit er knytt til opplevinga av leiing og moglegheit for utvikling.

Vidare er det skilnader i jobbtilfredsheit mellom pedagogisk tilsette og andre tilsette i Hordaland fylkeskommune. Lærarane er noko mindre nøgde med jobben enn andre, spesielt finn ein dette i korleis dei svarer om det fysiske arbeidsmiljøet, balansen mellom arbeidsliv og privatliv, overordna leiing og i kva grad næraste leiar set mål for avdelinga og følgjer desse opp.

Samanlikna med andre offentlige verksemder kjem Hordaland fylkeskommune relativt likt ut når det gjeld generell jobbtilfredsheit, og på plussida av gjennomsnittet samanlikna med andre verksemder Rambøll har som kundar.

Dei enkeltspørsmåla som får høgast skår i undersøkinga handlar mellom anna om psykososialt arbeidsmiljø: Dei tilsette seier seg samde i at dei har eit godt arbeidsmiljø kor dei anerkjenner arbeidet hjå kvarandre samt hjelper og støtter kvarandre. Spørsmål knytt til utvikling er og blant dei som får høgast skår i undersøkinga. Dei tilsette opplever at dei har varierte og spanande arbeidsoppgåver, kunnskapen og evnene deira vert godt nytta i arbeidet og dei tek sjølve ansvar for eiga utvikling.

Spørsmåla som handlar om leiing får relativt sett lågare skår i undersøkinga enn dei andre fem hovudtema. Dette gjeld både spørsmål om overordna leiing på den arbeidsplassen ein høyrer til og næraste leiar. Utfordringane ser ut til å vere knytt til om leiar set klare mål og følgjer desse opp, om leiar fordeler arbeidet på ein god måte og om leiar aktivt støtter dei tilsette si utvikling.

I ei vidare analyse finn Rambøll at dei tilsette si oppleving av den øvste leiinga i eiga eining i svært liten grad er viktig for korleis dei trivast på jobben, og at næraste leiar er mykje viktigare for om ein er nøgd.

Spørsmål knytt til samarbeid på tvers og opplevd arbeidspress skårar også lågt i undersøkinga. Ei stor gruppe tilsette gir uttrykk for at arbeidet tidvis går ut over helsa deira.

### **Vidare oppfølging av resultata:**

Alle leiarar av einingar der minimum fem personar har deltatt i undersøkinga, har fått tilsendt eigne svarrapportar. Leiarane skal presentere og diskutere resultata med medarbeidarane, og saman skal dei peike ut nokre få tiltak dei skal arbeide vidare med; tentativt eitt område for bevaring og vidareutvikling samt to for forbetring.

Resultata vil og bli gjennomgått og drøfta i Hovudarbeidsmiljøutvalet og i dei lokale arbeidsmiljøutvala.

Fylkesrådmannen vil følgje opp fylkesdirektørane på kva for tiltak og aktivitetar som vert satt i gong innanfor dei ulike områda samt sjølv initiere einskilde tiltak på overordna nivå. Det er allereie satt i gong eit omfattande opplegg for leiaropplæring og –utvikling. Det vert også arbeidd med tydelegare målstyring knytt opp mot budsjettarbeidet. Når det gjeld utfordringane knytt til opplevd arbeidspress generelt og fysisk arbeidsmiljø i skulane spesielt, vil det bli gjennomført nærare analysar og utgreiingar av kva som ligg i dette før eventuelle tiltak vert satt i gong.

Medarbeidarundersøkinga er eit verktøy for dialog og utvikling av organisasjonen. Det vil bli gjennomført ei ny slik undersøking våren 2016, der eitt av måla vil vere å dokumentere framgang på dei prioriterte satsingsområda.





**Notat**

Dato: 30.04.2014  
Arkivsak: 2014/356-5  
Saksbehandlar: brihegg

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr mai 2014**

Frå oversikten gitt 27.03.14

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål	Oversendt	Svar innan	Svart på
05.12.13	201302901 2014/10099	Kvalitetssikring av kostnadene med bybane til Åsane (Mona Hellesnes, V)	Fylkesrådmannen	23.- 24.04.14	19.02.14
30.01.14	2014/11370	Fråsegn frå opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet til kultur- og ressursutvalet i opplæringspolitiske og samferdselspolitiske saker (Stein Inge Ryssdal, H)	Fylkesordføraren	20.05.14	Sak 20.05.14

Spørsmål/oversendingsforslag mars 2014

27.03.14	2014/11255	Orientering om Clean Shipping og miljødifferensierte hamneavgifter (Silje Hjemdal, Frp)	Fylkesordføraren	19.06.14	
	2014/11269	Kontaktutval for ferjefri E39 – sak med vurdering av eventuell oppretting (Mona Røsvik Strømme, H)	Fylkesrådmannen	19.06.14	
	2014/13764	Finansiering av mobbeombod – sak vedr. søknad om statlege midlar (Pål Kårbø, KrF)	Fylkesrådmannen	20.05.14	20.05.14
	2014/1230	Livssynsnøytrale arrangement i regi av Trygg Trafikk for pårørende og etterlatte etter trafikkulykker (Nils-Olav Nøss, A)	Fylkesordføraren	20.05.14	20.05.14
	2014/14634	Lån/leige av fylkeskommunale bygg – gjennomgang av reglement (Marte Malones, A)	Fylkesrådmannen	20.05.14	20.05.14
	2014/14636	Nettilgang i fylkeshuset og Wigandgården – betre stabilitet (Aud Karin Oen, SV)	Fylkesrådmannen	20.05.14	20.05.14
	2014/14637	Planlagde møte i fylkeskommunale organ – oversyn over møtestad (Aud Karin Oen, SV)	Fylkesordføraren	20.05.14	20.05.14



Spørsmål/oversendingsforslag april 2014

24.04.14	2014/13738	Kor mange som ikkje får læreplass sjølv med bestått i alle fag og god orden og åtferd (Marte Malones, A)	Fylkesrådmannen	19.06.14	
----------	------------	--	-----------------	----------	--

**Fra:** Per Ivar Sugar (Per.Ivar.Sugar@kommuneforlaget.no)  
**Sendt:** 09.05.2014 14:51:00  
**Til:** Mildrid Bertelsen  
**Kopi:**

**Emne:** Nytt Styrevervregister

**Vedlegg:**

**Til Mildrid Bertelsen, HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Hei!

Du mottar denne e-posten fordi du er registrert som kontaktperson for Styrevervregisteret.

Som tidligere meldt fra KS, vil KS lansere en ny utgave av Styrevervregisteret i begynnelsen av neste uke. Her kommer litt informasjon om hva som er gjort:

Følgende informasjon er sendt ut:

- E-post til ordførere og rådmenn
- E-post til kontaktpersonene
- E-post til berørte personer

Personer uten e-postadresse i registeret er ikke varslet av oss

Den største endringen for deg som kontaktperson er at ordningen med at du sender ut varsel to ganger årlig, bortfaller. Denne oppgaven vil bli utført sentralt en gang i året. Vi tar sikte på å gjøre dette i begynnelsen av desember hvert år. Din viktigste oppgave vil være å holde personopplysningene oppdatert. Det er spesielt viktig at den personlige e-postadressen er gyldig.

Du har fortsatt mulighet til å sende ut e-post med personlig tilgangslenke, men det er bare behov for å gjøre dette når nye personer legges inn.

For vervinnehaverne er det større endringer:

- Roller og verv i Brønnøysundregistrene er innhentet og lagt inn i registeret
- Alle opplysningene vil bli publisert for alle, ordningen med krav om samtykke bortfaller
- Samtlige folkevalgte, ledere, beslutningstakere og personer med innstillingsrett vil bli publisert
- Samtlige personer tilknyttet selskapene vil bli publisert
- Det vil være mulig å logge på med MiniID
- Mulighet for å bestille e-post med personlig tilgangslenke på nett

Du kan se hvem som er publisert for din kommune her:

<http://www.styrevervregisteret.no/Default.aspx?municipalityno=1200>

(NB: Ny liste i begynnelsen av neste uke)

Nye brukerveiledninger vil bli lagt ut i neste uke. De finner du her:

<http://support.kommuneforlaget.no/kfsupport/kommuneregisteret>

Vi håper endringene vil gjøre registeret mer tilgjengelig og mindre arbeidskrevende.

Hilsen

**Per Ivar Larsen Sugar**  
Systemansvarlig IKT  
**Kommuneforlaget AS**

Haakon VIIs gt. 9  
Postboks 1263 Vika  
0111 Oslo

tlf: 24 13 28 54

[www.kommuneforlaget.no](http://www.kommuneforlaget.no)



Arkivnr: 2014/16381-1

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	99/14	20.05.2014
Fylkestinget	41/14	11.06.2014
Kontrollutvalet	45/14	18.06.2014

## Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme

### Samandrag

Fylkestinget godkjende i oktober 2010 å garantere for inntil 4,2 mrd. kr som Bergen Bompengeselskap AS tek opp til finansiering av Bergensprogrammet. Stortinget godkjende i mai 2013 «Utviding og finansiering av Bergensprogrammet med tredje etappe av Bybanen m.m.»

Bergen Bompengeselskap AS vil hausten 2014 ha behov for å auke låneopptaka ut over tidlegare vedteken garantisum. Fylkesrådmannen rår til at garantisummen vert auka til 5,8 mrd. kr.

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldngaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

Johnny Ernst Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.05.2014**

Fylkestinget vedtok den 12.10.2010, sak 54/10, å garantere for inntil 4 200 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS skal ta opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Bergen Bompengeselskap AS har pr. i dag teke opp lån på 3 818 mill. kr i Kommunalbanken. Sidan banken krev at garantien skal dekke hovudstol pluss 10% til renter og andre kostnader, er den vedtekne garantiramma nytta fullt ut.

Stortinget godkjende den 28.05.2013 Prop. 143 S (2012-2013) «Utviding og finansiering av Bergensprogrammet med tredje etappe av Bybanen m.m.» I proposisjonen vert det lagt til grunn at det skal krevjast inn 5 800 mill. kr i bompengar i perioden 2012-2025. Det vert vidare lagt til grunn at lånegjelda vil nå ein topp i 2015/2016 på 5,8 – 5,9 mrd. kr.

Bergen Bompengeselskap reknar med at det vil bli rekvirert 1 mrd. kr i 2014 og 1,25 mrd. kr i 2015. Det vil bli behov for å ta opp meir lån i september 2014. Bompengeselskapet søker no om auka garantiramme.

Bompengeselskapet sine prognosar tilseier at samla låneopptak i 2015 vil kome opp i 5 mrd. kr.

Bergensprogrammet er ei bompengepakke med ei rekkje mindre prosjekt i tillegg til bybaneutbygginga. Risikoen må først og fremst styrast ved å tilpasse omfang og framdrift av dei ulike prosjekta til dei økonomiske rammene. Etter forvaltningsreforma er prosjekta i Bergensprogrammet fylkeskommunale prosjekt. Det er difor heilt naturleg at fylkeskommunen stiller garanti for å oppnå lågast mogleg lånekostnader.

I prop. 143 S (2012-2013) kan ein lese følgjande: «Samferdselsdepartementet oppmodar fylkeskommunen om å utvida garantien for å oppnå best mogleg lånevilkår.»

Fylkesrådmannen rår til å utvide garantibeløpet. Garantiramma bør dekke 10% ut over forventa låneopptak. Fylkesrådmannen gjer framlegg om å garantere for inntil 5,8 mrd. kr, i samsvar med det som er nemnt i stortingsproposisjonen.

Prop. 143 S (2012-2013) gjeld perioden fram til 2025. Forskrift om garantiar opnar for at garantiperioden kan strekkje seg inntil 2 år utover forfall for fordringa. Garantiperioden vert difor foreslått avgrensa til utgangen av 2027.



Arkivnr: 2014/15640-2  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

## Møteplan 2015 for fylkeskommunale organ

### Samandrag

Det vert med dette lagt fram forslag til møteplan for 2015 etter stort sett same modell som tidlegare. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tatt med her fastset, møteplanen sin sjølv. På den optrykte/elektroniske møteplanen vil ein også ta med dei møtedatoane.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2015 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 25.04.2014

Etter kommunelova § 32 er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. I delegasjonsreglementet - reglement for sakshandsaming pkt. 5 har fylkestinget delegert til fylkesutvalet å handsama møteplan for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Andre organ som kontrollutvalet, klagenemnda, yrkesopplæringsnemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, valnemnda og fagskulestyret fastset sjølv møtetidspunkt.

Det har vore praksis at utkast til møteplan har blitt lagt fram for kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet som melding. Møte i andre utval og råd enn dei som er nemnde i reglementet pkt. 5 vert tekne med i optrykt/elektronisk oversikt så sant organa har vedteke møteplanar.

Fylkesutvalet vedtok i desember 2013 møteplan for 1. halvår 2015. Etter planen skulle møteplan for 2. halvår leggjast fram i april 2014.

I fylkesutvalet 30.01.14 kom det forslag om at opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet skal gi uttale til kultur- og ressursutvalet i opplæringspolitiske og samferdselspolitiske saker. Det vert lagt fram sak om endring i delegasjonsreglementet i samsvar med forslaget til junitinget med innstilling i fylkesutvalet i mai. Dersom forslaget vert vedteke, vil det ha konsekvensar for møteplanen, også den som er vedteken for 1. halvår 2015.

Det er tidlegare gjort vedtak i fylkesutvalet om at kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet skal ha møte i same veka (fylkesutvalet 26.09.12). Vidare har det vore praksis over fleire år at kultur- og ressursutvalet og opplærings- og helseutvalet som hovudregel har møte tysdag og samferdselsutvalet har møte onsdag. Det vert i vedlagde forslag til møteplan for 2015 lagt opp til at kultur- og ressursutvalet får torsdag som møtedag slik at innstillingane frå dei andre utvala kan verta lagde fram.

I utkastet til møteplan er det ikkje gjort endringar med omsyn til møtedag for opplærings- og helseutvalet (tysdag), samferdselsutvalet (onsdag) og fylkesutvalet (torsdag) med nokre unntak: Fylkesutvalet sitt møte i mai er lagt til tysdag i staden for torsdag av omsyn til festspelarrangement. Samferdselsutvalet sitt møte i mai er lagt til tysdag og kultur- og ressursutvalet sitt møte til onsdag då torsdag er Kristi himmelfartsdag. Desse endringane vert foreslått av omsyn til vidare saksgang til fylkesutvalet og fylkestinget. Alternativt må møta i utvala leggjast ei veke tidlegare.

Det er eit krav i kommunelova § 45 at innstillinga til årsbudsjettet med alle forslag til vedtak skal leggjast ut til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før den skal behandlast i fylkestinget. Dette er det teke omsyn til i tidsavstanden mellom fylkesutvalet i november og fylkestinget i desember.

Når møteplanen skal leggjast, er saksgangen utval – fylkesutval – fylkesting eit viktig utgangspunkt med tanke på at innstilling frå relevante organ skal vera klar før det skal gjerast vedtak.

### Val 2015

Det er fylkestingsval i 2015. Det er i møteplanen lagt til grunn at 14. september er valdag (andre måndag i september slik det brukar å vera). Det er foreslått eit møte for fylkesvalstyret i slutten av mai for godkjenning av vallister til fylkestingsvalet. Det kan vera behov for fleire møte i fylkesvalstyret i løpet av våren. I august er det foreslått eit møte for val av arbeidsgrupper m.v. Det er lagt opp til at fylkesvalstyret har møte for godkjenning av valoppgjeret 23. september. Konstituerande fylkestinget er lagt til 14. oktober med ekstra fylkesting for val til styre, råd og utval den 27. oktober.

Det er elles teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane i veke 9

Påske 30. mars – 6. april

Kristi himmelfartsdag 14. mai

Pinse 24. – 25. mai

Festspela 20. mai – 3. juni (truleg slik, ikkje annonsert så langt)

Fylkestingsval 14. september

Hautferie truleg veke 41

Vedtak i FU-sak 228/12 om at kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet skal ha møte i same veka.



**MØTEPLAN 2015 - UTKAST**

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			10.-11.			9.-10.				13.-14. 27.		8.-9.
Fylkesutvalet	29.	18.-19.	26.	22.-23.	19.	18.		27.	23.-24.	29.	18.-19.	3.
Kultur- og ressursutvalet	22.	11.-12.	19.	16.	13.	4.		20.	10.	1.	12.	
Opplærings- og helseutvalet	20.	10.	17.	14.-15.	12.	2.		18.	8. 29.		10.	
Samferdselsutvalet	21.	11.	18.	14.-15.	12.	3.		19.	9. 30.		11.	
Administrasjonsutvalet			25.			17.					12.	
Fylkesvalstyret					28.			27.	23.			
Klagenemnda												
Kontrollutvalet												





**Notat**

Dato: 26.05.2014  
Arkivsak: 2014/16958-1  
Saksbehandlar: harbjel

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Innkjøpsfunksjonen i Hordaland fylkeskommune - statusmelding -**

Innkjøp i Hordaland fylkeskommune – statusmelding til fylkestinget 11. - 12. juni 2014

Vedlegg: Statusmelding

# Innkjøp i Hordaland fylkeskommune

## Statusmelding til fylkestinget 11. – 12. juni 2014

### Innhald

- 1.0 Formål med statusmeldinga
- 2.0 Bakgrunn
  - 2.1 Sak til fylkestinget 15. mars 2011
  - 2.2 Statusmelding til fylkestinget 18. oktober 2011
- 3.0 Gjennomføring av forbetningsprogrammet 2012 – 2014
  - 3.1 Forvaltningsrevisjonen 2011 – tilrådingar
  - 3.2 Forbetningsprogrammet. 2012 – juni 2014. Status og tiltak.
- 4.0 Oppsummering

### 1.0 Formål med statusmeldinga

Formålet med denne statusmeldinga er å informere fylkestinget om tiltak og aktivitetar som er sett i verk på innkjøpsområdet, og om forbetningsprogrammet som er gjennomført i løpet av perioden 2012 – våren 2014. Programmet kom i stand etter ein større forvaltningsrevisjon på innkjøpsområdet i 2010/2011.

### 2.0 Bakgrunn

I løpet av hausten 2010 vart det gjennomført ein større forvaltningsrevisjon innafor innkjøpsområdet i fylkeskommunen. Det var revisjonsselskapet Deloitte som la fram rapporten ved årsskiftet 2010/2011. Rapporten omfatta ulike områder der det vart avdekkja avvik, og drøfta også forslag til løysingar på desse områda.

I rapporten blei det mellom anna peika på utfordringar knytt til: Mål og leiingsansvar, organisering, kompetanse og samarbeid, Innkjøpsseksjonen sin rolle, bruk av retningslinjer og regelverk, bruk av IKT-verkty, krav til sporbarheit og dokumentasjon, samt til måling og rapportering.

Rapporten munna ut i en rekke konkrete tilrådingar, sjå desse i pkt 3 – «Tabell 3.1. Tilrådingar frå forvaltningsrevisjonen», side 2.

### 2.1 Sak til fylkestinget 15. mars 2011. Forvaltningsrevisjon- rapport. Forbetningsprogram

Fylkesrådmannen gjennomførte i same periode ein intern gapanalyse, og la også denne analysen til grunn, i samband med uttalen til forvaltningsrapporten. Fylkesrådmannen tilrådde i uttalen igangsetting av eit forbetningsprogram («Nytt fokus på innkjøp») for å lukke avvika og betre kunne styre utviklinga på innkjøpsområdet. Innkjøpssjefen fikk ansvaret for å gjennomføre programmet. Fylkesrådmannen tilrådde også at programmet vart gjennomført med tiltak og aktivitetar knytta til desse hovudområda:

1	Leiinga
2	Organisering av innkjøpsfunksjonen
3	Arbeidsprosesser og dokumentasjon
4	Bruk av IKT-verkty
5	Leverandørar og avtalar
6	Måling og rapportering

Fylkestinget handsama den 15. mars 2011 - sak 3/11 – forvaltningsrapporten om innkjøpsfunksjonen i fylkeskommunen. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

1.	<i>Fylkestinget tar rapporten til orientering</i>
2.	<i>Fylkestinget er kjend med at fylkesrådmannen i mars 2011 skal setje i verk eit program, kalla "Nytt fokus på innkjøp".</i>
3.	<i>Fylkesrådmannen vert beden om å kome attende til fylkestinget i oktober med status på korleis forslag til tiltak i kapittel 6 i rapporten er følgt opp.</i>
4.	<i>Statusmeldinga skal også visa korleis fylkeskommunen sikrar at innkjøp av tenester (m.a. vi- kar/konsulent/reinhald og lignende) skjer i tråd med Arbeidsmiljølova og ILO-konvensjonen.</i>

## 2.2 Statusmelding til fylkestinget 18. oktober 2011.

Fylkestinget vart oppdatert med melding 18. oktober 2011, der ein følgde opp punkta 3 og 4 i vedtaket:

- Statusmelding
- Korleis er Arbeidsmiljølova og ILO-konvensjonen ivaretatt i fylkeskommunen sitt innkjøpsarbeid

## 3. 0 Gjennomføring av forbetningsprogrammet. 2012 – 2014. Status og tiltak

Ein rekke tiltak som no inngår i programmet, var starta opp ved Innkjøpsseksjonen på eit tidlegare tidspunkt. Desse vart ført vidare, samstundes som det vart anset ein programleiar ved årsskiftet 2011/2012. Programarbeidet har vore gjennomført i samsvar med denne sentrale målsetjinga i «Retningsliner for innkjøp» i HFK:

*«Organiseringa av innkjøpsfunksjonen skal baserast på sentral styring, koordinering og tverrfagleg samarbeid, tilrettelagt for lokal gjennomføring».*

Svært mange av dei planlagde tiltaka og tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen og fylkesrådmannen er no gjennomførte eller i ferd med å verte gjennomførte. Sjå tabell 3.2. «Status tiltak pr juni 2014». Side 3

### 3.1 Forvaltningsrevisjonen. Tiltak pr 03.02.2011

Tabell 3.1. (Med refereransar til tiltak i forbetningsprogrammet – sjå påfølgjande tabell 3.2)		
	Tiltak	Ref. tiltak - tabell 3.2, pkt:
1	Synleggjere tydeligare at innkjøpsarbeidet er forankra i toppleiinga	1.1 - 1.2 - 1.4 - 1.6 - 6.2
2	Tydeliggjere styrings- og rapporteringsliner på innkjøpsområdet	1.6 - 1.7 - 2.1 - 2.2
3	Klaregjere krav og forventningar til Innkjøpsseksjonen	2.1 - 2.5
4	Vurdere og fastsette krav til rapportering på innkjøpsområdet	1.2 - 4.1 - 4.2 - 4.4 - 6.1 - 6.2
5	Vurdere prioriteringar og bemanning ved Innkjøpsseksjonen med utgangspunkt i dei oppgåvene seksjonen er tildelt	2.1 - 2.5 - 2.9
6	Vurdere rutinar og samhandling mellom IS, Eigedom og Skyss (Kommentar Ref også Bybanen utbygging som også inngår i HFK-organisasjonen)	2.5 - 2.6
7	Gjennomgå og vurdere om informasjonsrutinane på innkjøpsområdet sikrar at all relevant informasjon vert kommunisert til dei som treng det	1.5 - 2.6 - 2.7 - 4.6
8	Vidareutvikle rutinedokument for innkjøpsarbeidet for å gjere dokumenta meir brukarvenlege. Det bør vurderast å slå saman innkjøpsrutinar og innkjøpshandbok. Å gjere rutinar tilgjengeleg i html-versjon, og å utvikle enkelsjekklistar mot ulike innkjøpssituasjonar	3.1 - 4.7 - 5.2
9	Gjennomføre ei systematisk kartlegging av kva hindringar og motivasjons-faktorar som påverkar bruken av FINS	4.2
10	Implementere systematiske og pålitelige målingar av regeletterleving, bruk av rammeavtalar og oppnåing av mål	1.2 - 1.7 6.1 - 6.2
11	Sørgje for å få klarlagt kven som har ansvaret for å utføre målingar knytt til innkjøpsaktiviteten i fylkeskommunen	2.1 - 4.8 - 6.1
12	Sørgje for å få på plass eit fungerande Kontraksstyringsverktøy	4.4 - 4.5
13	Sikre tilstrekkelig intern kontroll på innkjøpsområdet. Mellom anna ved at:	3.3
	a. Internkontrollen bør baserast på systematisk risikovurderingar	1.2 - 2.4 - 3.3
	b. Dei mål som gjeld for innkjøpsområdet bør klargjerast og operasjonaliserast	1.2 - 1.8 - 5.1
	c. Rapportering og kontrollaktivitetar på innkjøpsområdet bør vidareutviklast	4.1 - 4.2 - 4.4 - 6.1 - 6.2

13	d.	Ansvarsforhold bør presiserast	1.6 - 2.1 – 2.2
	e.	Eventuelle konsekvensar av brot på regelverk og interne retningslinjer bør klargjerast	3.2
	f.	Sikring av kompetanse hos personell med innkjøpsansvar	1.5 - 2.2 – 2.3 - 2.4 - 2.6 – 2.8
	g.	Utvikling av felles standardar og måler i innkjøpsarbeidet	3.1 - 4.4 - 4.6 - 4.7
	h.	Et avviksmeldesystem for innkjøpsområdet bør implementerast	4.1 - 4.2 - 4.7 – 4.8 – 6.2
14		Gjennomføre en systematisk kartlegging av kompetanse, samt opplærings- og støttebehov blant tilsette som har ansvar for innkjøpsarbeid i organisasjonen	2.3 - 2.9

### 3.2 Forbetringsprogrammet – Status tiltak pr juni 2014

**Tabell 3. (Referansar til forvaltningsrevisjonen sine tilrådingar – sjå tabell 3.1 over)**

	Områder		Tiltak - status	Ref tilrådingar tabell 3.1 – pkt:	Vidare tiltak
1	Leiinga	1.1	Innkjøpsprogrammet og utfordringar satt på agendaen og handsama fleire gangar i fylkesrådmannens Topp-leiargruppe 2012 - 2014	1	Vert følgd opp
		1.2	Overordna mål og strategiar med nøkkeltall. 2012/2013: Styrande dokument handsama i Topp-leiargruppa.	1 – 4 – 10 – 13a – 13b	Tiltak og aktivitetar vert innretta i forhold til desse
		1.3	Innkjøpsprogrammet, utfordringar satt på agendaen og behandla i lokale leiar-grupper. 2013	2 – 4 - 10	Vert følgd opp
		1.4	Interne retningslinjer og Lov om offentlege anskaffingar.	1 - 10	Gjennomgang i Topp-leiargruppa hausten 2014
		1.5	Styrke innkjøpskompetansen. Tema på HFK-leiarskulen våren 2014	7 - 13f	Nytt kurs hausten 2014
		1.6	Styrande dokument som skildrar ansvar og oppgåver for leiarar og innkjøpsansvarlege. Handsama i Topp-leiargruppa. 2012/2013	1 – 3 - 13d	Vert følgd opp
		1.7	Måle- og rapporteringsverktøy for oppfølging av nøkkeltal vert introdusert og implementert juni 2014	2 - 10	Kurs for Innkjøpsansvarlege august 2014
		1.8	Mål for innkjøp 2014. Adressert i ulike fora. Inngår i samarbeidsavtalen mellom Innkjøpsseksjonen og einingane (2.5)	13b	Vert følgd opp
2	Organisering	2.1	Styrande dokument som skildrar ansvar, roller og oppgåver for leiarar, innkjøpsansvarlege og Innkjøpsseksjonen. Ref 1.6 Innkjøpsseksjonen har faglig instruksjonsmynde.	2 – 3 – 5 – 11 – 13d	Vert følgd opp
		2.2	Innkjøpsansvarlege utpekt i avdelingane og øvrige større innkjøpseiningar 2012/2013. Funksjonsskildring utarbeidd.	2 – 13d – 13f	Dei innkjøpsansvarlege utarbeider eigen plan for eininga sitt innkjøpsområde. 2014
		2.3	Kompetansekartlegging gjennomført blant innkjøpsansvarlege 2013	14	Vert følgd opp og ev utvida etter behov
		2.4	Opplæringsplan. Interne kurs i aktuelle emnar for innkjøpsansvarlege. Eksterne kurstilbod. 2013 og 2014	13a – 13f	Vert følgd opp og utvikla vidare
		2.5	Samarbeidsavtale mellom Innkjøpsseksjonen og innkjøps-einingane. Avklarar roller, gjensidige	3 – 5 - 6	Evaluering 31.12.2014

			forventningar og leveransar. Juni 2014		
		2.6	Etablering av «Innkjøpsringen»; forum for Innkjøpsansvarlege. Møteplass, erfaringsoverføring, opplæring, osv. Juni 2014	6 – 7 - 13f	Aktivitetsplan vil bli utforma på første møtet i juni 2014
		2.7	Deltaking i informasjonsmøte for nytilsette. 2013/2014	7	Fortsetter
		2.8	I dei vidaregåande skulane er det etablert Innkjøpskoordinatorar fom ca 2007. Desse inngår i «Innkjøpsforum» der det jevnleg haldast møter og opplæring	13f	Denne ordninga vil bli evaluert hausten 2014
		2.9	Innkjøpsseksjonen sin bemanning med omsyn til kompetanse og kapasitet vurderas kontinuerlig i ljøs av den pågåande utviklinga, med aukande oppdragsmengde og krav til leveransar	5 - 14	Følgjes opp med kompetansekartlegging og opplæringsplan
<b>3</b>	<b>Arbeidsprosessar og dokumentasjon</b>	3.1	Ein rekkje Styrings- og gjennomførings-dokumenter inkl. malar og sjekklister, er utvikla og finnes i Kvalitetssystemet til fylkeskommunen.. I tillegg finnes prosess-støtte, dokumentasjon og malar i dei IKT-baserte verktøya	8 – 13g	Under utvikling. Tilpassingar i dei ulike einingane
		3.2	Konsekvensar ved brot på retningslinjer	13e	Sak vil bli utreda hausten 2014
		3.3	Regime for internkontroll. Fleire av dei gjennomførte tiltaka vil bidra til betre kontroll.	13 – 13a	Vurdering om dette samla sett er tilstrekkeleg. Sak hausten 2014
<b>4</b>	<b>Bruk av IKT-verktyg</b>	4.1	«Fins-hjelp» - eit brukarstøtteverktøy for avviksmelding, brukarstøtte og anmodning om bistand.	4 - 5 - 13c – 13h	Utviklast kontinuerleg vidare mot brukarvenlegskap og funksjonalitet
		4.2	«Fins» - verktøy for e-handel; bestilling og mottak. Avviksregistrering. Kobla opp mot e-faktura. Viktig for sporbarheit og dokumentasjon.	4 – 9 – 13c – 13h	Under kontinuerleg utvikling
		4.3	EHF – (Elektronisk Handels Format). Et pilotprosjekt er under planlegging saman med Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT) – samt utvalte leverandørar. Skal bidra til meir effektive prosessar innan e-handel.		Forventa oppstart sommaren/hausten 2014
		4.4	«KSV» – Verktøy for konkurransegjennomføring og kontraktsstyring. Konsernløsning utviklet og implementert vår 2012 – vår 2014. Svært viktig for sporbarheit og dokumentasjon.	4 – 12 - 13c – 13g – 13h	Vidare tilpassing i enkelte einingar hausten 2014. Intergrasjon mot sakarkiv-systemet e-phorte hausten 2014
		4.5	«KSV» - Internettløsning. Ekstern kommunikasjon og datautveksling med Doffin og leverandørar i samband med utlysing og gjennomføring av konkurransar	12	Utviklast vidare etter behov
		4.6	HFK si intranettportal – og «Innkjøpsporten»; Intranettportal for Innkjøpsseksjonen med informasjon, lenker, osv.	7 – 13g	Utviklast vidare
		4.7	Kvalitetssystemet i fylkeskommunen. Her ligg styrande dokumenter og gjennomføringsdokumenter inkl prosedyrar og malar for innkjøp. Kan nyttast til avviksmeldingar	8 – 13g – 13h	Vert følgt opp
		4.8	Måle- og rapporteringsverktøy. Utvikla og tilpasse i løpet av 2013 – våren 2014. Verktøy for analyse	4 – 11 – 13c – 13h	Utviklast vidare, fleire nøkkeltal hausten 2014

			og resultat-oppfølgning. Nøkkeltalsrapport til leiinga og innkjøpsansvarlege. Juni 2014		
<b>5</b>	<b>Leverandører og avtaler</b>	5.1	Overordna innkjøpsanalyse («Spend-analyse») gjennomført. Rapport med forslag til kategorisering av innkjøpa 2013. Gjev grunnlag for meir differensierte innkjøpstrategier og tiltak	4 – 13b	Vert lagt til grunn for vidare utvikling
		5.2	Gjennomføring av konkurranser på ei rekke, også nye områder. Samstundes er kontraktsmalar og sjekklister utvikla. 2012 - 2014	8	Under utvikling
		5.3	Oppstart - utvikling av ein felles innkjøpsplan for fylkeskommunen, på sentrale områder. Vil gi samordningsgevinster 2014		Mål om operasjonisering fom 2015
		5.4	Pågåande samarbeid om leverandøravtalar med kommunar i fylket.		Følgjes opp og utviklast vidare
<b>6</b>	<b>Måling og rapportering</b>	6.1	Måle- og rapporteringsverktøyet vil gi nye muligheter for analyse og resultatoppfølging. Måltall/nøkkeltal og rapportformater ferdigstilt i 1. versjon juni 2014. Rutinar for oppfølging utarbeidast. Innkjøpsseksjonen følgjer opp dette.	4 – 11 - 12	Implementerast i Leiinga og blant Innkjøpsansvarlege hausten 2014
		6.2	Eigenkontroll 2012 og 2013. Leiarar frå dei ulike einingane gjer tilbakemelding på spørsmål knytt til ulike stabsområder/-funksjonar med omsyn til kompetanse og rutinar. Innkjøp inngår her.	1 – 4 – 10 – 13c - 13h	Tiltak for å lukke avvik er konkretisert, og inngår i det vidare programmet

#### 4.0 Oppsummering

Formålet med denne meldinga er å gje fylkestinget ei oppdatert status om tiltaka; framdrift og resultat på viktige deler av innkjøpsområdet i fylkeskommunen. Gjennom forbetningsprogrammet «Nytt fokus på innkjøp» har vi tatt omsyn til dei ulike tilrådingane i rapporten frå forvaltningsrevisjonen i 2011. Vi har også gjennomført ei rekke andre naudsynte og relevante tiltak, i tråd med fylkesrådmannens uttale i fylkestings-saken 15. mars 2011, som omhandla rapporten.

I forbetningsprogrammet har tiltaka har vært organisert og gjennomførte knytt til desse hovudområda:

1	Leiinga
2	Organisering av innkjøpsfunksjonen
3	Arbeidsprosesser og dokumentasjon
4	Bruk av IKT-verkty
5	Leverandørar og avtalar
6	Måling og rapportering

Status i programmet og dei einskilde tiltaka går fram av tabell 3.2 over.

Fylkesrådmannen si vurdering er at fylkeskommunen i perioden har teke eit betydeleg løft på innkjøpsområdet. Vi har lagt et godt grunnlag for ein meir profesjonell innkjøpsfunksjon, og ligger nasjonalt langt framme på einskilde områder. Utfordringane blir no å vidareføre og fullføre dei ulike tiltaka som skal gje ein varig effekt. Desse skal samstundes også gi eit potensial for å oppnå fleire samordnings- og effektivitetsvinstar i tida framover.





## Notat

Dato: 30.04.2014  
Arkivsak: 2014/15863-2  
Saksbehandlar: sirhans

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i høve til Business Region Bergen**

I samband med fylkestinget si behandling av sak 12/14 «Eigarskapsmelding 2014 – forenkla melding» den 11.03.2014 sette Aud Karin Oen på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag:

«Fylkestinget ber om å få ei sak attende til fylkestinget for på brei basis drøfta Hordaland fylkeskommune sitt engasjement, formålsparagraf, resultat og mål i høve til BRB».

Hordaland fylkeskommune sin avtale med BRB om samarbeid og leveransar av tenester, datert 17.12.2009, har ei minimum løpetid på 5 år og er moden for revidering. Mellom anna er den årlege støtta frå fylkeskommunen justert ned frå 5 mill til 4.18 mill i 2014. Vidare har Bergen kommune også tatt ned den årlege støtta og Askøy kommune har gjort eit vedtak om at kommunen vil avslutte sitt engasjement i BRB. Dette og andre høve i forholdet mellom eigarane og BRB gjer at det er trong for ein gjennomgang på brei basis slik Oen ber om.

Med atterhald om avklaringar med dei andre eigarane og særleg Bergen kommune tek rådmannen sikte på ei sak til fylkestinget i oktober 2014.





## Notat

Dato: 27.05.2014  
Arkivsak: 2014/860-3  
Saksbehandlar: karvike

---

<b>Til:</b>	Kontrollutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Handlingsplan Forvaltningsrevisjon Økonomistyring.

#### Vedtak

Fylkestinget gjorde i møte 11. mars 2014, sak PS 15/2014, slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet.
3. Utarbeida nærare/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet.
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
  - a. konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.
  - b. Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skrifleggjera/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompentansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen.
7. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

## Handlingsplan for oppfølging av vedtak

Fylkesrådmannen orienterer nedanfor om kva tiltak som er sette i verk/skal setjast i verk i handlingsplanen for å følgja opp vedtak over frå fylkestinget.

### 1. Krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet

Fylkesrådmannen har sett ned ei intern arbeidsgruppe med representantar frå ulike avdelingar. Representant frå Økonomiavdelinga leier arbeidet. Mandatet for arbeidsgruppa er å utarbeida krav til dokumentasjon i samsvar med vedtaket i fylkestinget.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dokumentasjonskrava er utarbeidde i løpet av 2014.

### 2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i kvalitetssystemet

Fylkesrådmannen vil syta for at dette vert gjennomført. Ny/revidert dokumentasjon vert lagt inn i kvalitetssystemet kontinuerleg etter kvart som denne er klar, og seinast i løpet av 2015.

I tillegg vert aktuell økonomidokumentasjon flytta frå HFK sine intranettsider til kvalitetssystemet i løpet av 2014.

### 3. Retningsliner for bruk av risikovurderingar

For det som gjeld risikovurderingar legg fylkesrådmannen opp til at det frå budsjettet for 2015 skal utarbeidast ei risikovurdering for fylkeskommunen samla i budsjettdokumentet.

Dei einskilde avdelingane skal gje innspel til den samla risikovurderinga i budsjettet for 2015. Dette arbeidet vert koordinert av økonomiavdelinga i budsjettprosessen for 2015.

### 4. Mal/rapportformat på tertialrapportane

Fylkesrådmannen har i samband med budsjettarbeidet for 2015 sett i gang ein prosess med utarbeiding av avdelingsvise mål og målsetjingar.

Fylkesrådmannen legg opp til å innarbeida målsetjingane i budsjettet for 2015 med rapportering om måloppnåing gjennom året i samband med tertialrapportane til fylkestinget. Fylkesdirektørane har skal oversenda utkast til mål for dei einskilde avdelingane som skal drøftast i fylkesrådmannen si toppleiargruppe før ferien. Dette med sikte på innarbeiding i budsjettdokumentet som vert lagt fram om lag 1. oktober.

Rapporteringa på desse måla og målsetjingane i dei periodiske økonomirapportane vil kunne fortelja noko om den økonomiske stoda, og om produksjonen har vore slik som planlagt i budsjettet.

Til sist er det å nemna at økonomiavdelinga arbeider med å samordna økonomirapporteringa frå avdelingane noko. Dette for at rapporteringa skal skje etter om lag same malen. Målet er at dette skal vera klart til rapporteringa i 2015.

### 5. Dokumentasjon av prinsipp for budsjettregulering

Fylkesrådmannen viser til punkt 1 i handlingsplanen der det vert oppretta ei arbeidsgruppe med medlemmer frå ulike avdelingar. Denne gruppa vil også arbeida med dokumentasjon av prinsippa

for budsjettregulering. Også i høve til eventuelle endringar i praksisen for budsjettendringar. Det er eit mål å sikre ein sams praksis for dette i alle avdelingane. Dokumentasjonskrava vert også på dette området utarbeida i løpet av 2014, slik at eventuelle endringar kan verta gjeldane for budsjettåret 2015.

Dei overordna prinsippa for budsjettendring i fylkeskommunen kjem til å verta vurdert gjennom dette arbeidet.

#### 6. Tiltak for å auka økonomikompentansen

Økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga held årleg kurs for leiarar og økonomimedarbeidarar i fylkeskommunen. Kursa gjeld rekneskapsføring generelt, og føring av lønskostnader spesielt.

Fylkesrådmannen har sett i gang prosjektet «Førebudd på framtida» der kartlegging av kompetanse er ein faktor som skal gjennomgåast. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til arbeidet i dette prosjektet.

#### 7. Tidsetjing av handlingsplan

Fylkesrådmannen viser til punkta i handlingsplanen over. Økonomiavdelinga vil ha eit hovudansvar for at tiltaka i planen vert gjennomført innan tidsfristane på dei einskilde punkta.

### **Oppsummering/konklusjon**

Fylkesrådmannen vil setje i verk handlingsplanen, og gjennomføra tiltaka etter tidfestinga på dei ulike punkta. Føremålet er ei forbetra økonomistyringa på punkta der forvaltningsrevisjonen har peika på at det er rom for forbetringar. Tiltaka i planen vil verta sette i gang fortløpande.



Arkivnr: 2014/10500-4  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	60/14	18.06.2014

### Gjennomgang av møteprotokollar

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/utvalg/AllUtvalg>

Kontrollutvalet har tidlegare vorte samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Randi Stang Volden
Fylkesutvalet	Torill Vebenstad
Kultur- og ressursutvalet	Elisabeth Næverlid Sævik
Opplærings- og helseutvalet	Lars Erik Dalland
Samferdselsutvalet	Magne Ivar Fauskanger

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 11.06.2014
- Fylkesutvalet 20.05.2014
- Kultur- og ressursutvalet 13.05. og 03.06.2014
- Opplærings- og helseutvalet 13.05. og 03.06.2014
- Samferdselsutvalet 13.05. og 04.06.2014

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





PS 61/14 Eventuelt